

Ingunn Varanes

## **Bruk av reguleringsplan for forvaltning av landbruksareal – føremål og bruk**

Ei brukarundersøking og case study områderegulering Sævarhagen – Hystad – Nedre Økland, Stord  
kommune, Hordaland

Høgskolen i Søraust-Noreg  
Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag.  
Institutt for matematikk og naturfag  
Postboks 235  
3603-Kongsberg

<http://www.usn.no>

© 2016 Ingunn Varanes

Denne avhandlinga utgjer 60 studiepoeng

## **Samandrag**

I Noreg er det, særleg i urbane strøk, press på arealressursane, og dyrka og dyrkbar mark står ofte i fare for å verte nedbygd. Dyrka areal er eit knappheitsgode, og berre 3 prosent av landarealet i Noreg er dyrka. Om lag 0,3 % (35 000 daa) av dyrka og 2,1 % (260 000 daa) av dyrkbar jord har vorte omdisponert til andre føremål i løpet av dei siste 40 åra.

Det er eit nasjonalt mål å redusere tapet av dyrka jord.

Omdisponering av areal skjer gjennom arealforvaltning. Kommunane har ansvar for arealforvaltninga gjennom bl.a. plan- og bygningslova (PBL). Landbruksareal i ein arealplan får planføremål innan arealformålskategorien landbruk-, natur og friluftsområde (LNF) – som er eit av hovudføremåla som kan nyttast både i kommune- og reguleringsplan (PBL §§ 11-7 og 12-5). Ved revisjon av plandelen av plan- og bygningslova, som vart vedtatt i 2008, var LNF kategorien eit av fokusområda og nye planvertøy innanfor kategorien vart introdusert. Målet var å tilpasse regelverket til utviklinga i landbruket der moderne gardsdrift gjerne omfattar heilt andre tiltak enn det som var tilfelle ved sist revisjon av plan- og bygningslova. Den største endringa i høve til LNF i reguleringsplan er at det vart opna for bruk av nye underføremål.

Denne oppgåva tar for seg lovgjevar sin intensjon med endringane i LNF kategorien, og korleis dei nye verktøya i lova vert nytta. Dette er undersøkt ved litteraturstudium og ved feltundersøkingar av planar i utvalde kommunar, og spørjing av fylkesmenn, andre statlege etatar, fylkeskommunar og landbruksorganisasjonar. Vidare er det gjennomført eit case study med utarbeiding av eit konkret planforslag med problemstillingar innan forvaltning av landbruksareal.

Fokus i oppgåva er bruk av LNF arealføremål i reguleringsplan, og i hovudsak landbruksdelen av det samansette LNF arealformålet. Den revidera planlov (sett i kraft i 2009) opnar for å dele inn landbruksarealet i fleire underføremål (for eksempel jordbruk, skogbruk, naturvern, jordvern, friluftsområder, sæterområder osv.) enn det tidlegare var rom for, for å kunne skilje mellom ulike landbrukstiltak og markere særskilde verdiar. Forarbeida til lova seier derimot lite om korleis dei nye føremåla skal nyttast. Det er heller ikkje utarbeidd vegleiar for temaet så langt. Kor stor er då bruken av dette ny og for landbruket viktige planverktøyet – etter sju år?

På nasjonalt nivå vart alle Fylkesmenn og fylkeskommunar i Noreg spurt om kjennskap til bruk av LNF føremål i reguleringsplanar. Totalt kom det 14 svar, frå 14 av 19 fylker (dvs.

37 % av dei spurte instansane svarte, men 74 % av fylka). Dei aller fleste hadde liten eller ingen kjennskap til bruk av underføremål av LNF, ev. var underføremål relevante for landbruk nytta utan at dei kunne opplyse praktisk skilnad på å bruke slike underformål framfor arealformålet LNF. Det vart stilt oppfølgjingsspørsmål i høve til dei funna som var kome fram i arbeidet med oppgåva til relevante statlege etatar, inkludert to av fylkesmannsembeta, samt til bondeorganisasjonane. Av dei statlege etatane svara 50 % (3 av 6) medan av bondeorganisasjonane svara berre Bondelaget (1 av 5, 20% svar). Det fleste meinte det var bruk for å kunne regulere landbruksareal, og at mangel på kunnskap var ein av dei viktigaste årsakene til at moglegheitene for å regulere til ulike landbruksføremål i så lita grad vert nytta. Vegleiari for Plan og bygningsloven og Landbruk pluss er under revidering. Den oppdaterte vegleiaren kan kome til å gje svar på mange av spørsmåla knytt til bruk av landbruksføremål i reguleringsplan.

Samtlege reguleringsplanar etter ny plan og bygningslov vart undersøkt i åtte kommunar i Rogaland, i alt 305 planar. Sjølv om LNF er med i 96 av 305 planar, var det ingen av dei der planen hadde eksplisitt føremål å legge til rette for eller utvikle landbruksdrifta. LNF-føremåla vert derimot ofte nytta på sideareal til veg, friluftsområder i hyttefelt eller for mellombelse anleggs- og deponiområder. I stor del av planane som omfatta landbruksareal var landbruksføremåla ikkje eingang omtala i reguleringsføresegne.

For å syne praktisk bruk av underføremåla vart det utarbeidd ein reguleringsplan – ei områderegulering (PBL 12-2-, 12-5) som omfattar eit større landbruksareal i Stord kommune. I planen vart det vha. underføremål (PBL 12-5, pkt. 5) skild mellom ulike typar landbruksareal ved å gje dei mest produktive areala underføremål jordvern, «vanleg landbruksareal» vart regulert til landbruksformål og areal med fleire interesser vart regulert til arealkategorien LNF. Planen inneheld i tillegg omsynssoner for grøntstruktur og naturmangfold (PBL § 12-6) og underføremåla område for spreidd busetnad i LNF, naturområde og område for kulturminner (PBL § 12-5, pkt.5).

Det er generelt lite tilgjengeleg informasjon om korleis dei nye underføremåla, slik som t.d. jordbruk, naturvern, jordvern og særlige landskapsomsyn (PBL § 12-5, pkt. 5), er tenkt nytta. LNF kategorien er mykje brukt i reguleringsplanar, men i liten grad for å forvalte landbruksareal. For at virkemidla skal kome til sin rett er det naudsnt med vegleiing og synleggjering av kva mogelegheitar som finnes.

# **Abstract**

In Norway, especially in urban areas, the cultivated fields are in danger of being reallocated to building ground. There is a limited amount of cultivated fields, and only three percentage of the land area is cultivated. About 0,3 % (35 000 acres) of cultivated land and 2,1 % (260 000 acres) of cultivable land has been reallocated during the last 40 years. It is a national goal to reduce the loss of cultivated land.

Reallocation of areas are decided through land management. Through legislations like the Planning and building act the municipality is responsible for managing the land area. In plans for land use, agricultural areas will get a land-use objective in the category agriculture, nature and recreation (LNF) – who is one of the main objectives that can be used both in a zoning plan and in the municipal master plan. When the Planning and Building act was revised in 2008 the LNF-objectives was one of the main focus areas. The goal was to adjust the regulations to the agricultural development where modern farming includes completely different tasks than it did when the act last was revised. The biggest change regarding to the LNF-objectives is the use of new objectives.

This assignment reviews the legislator's intention of the changes made in the LNF-objectives, and how the new tools of the act is being used. This is investigated in a literature study, an investigation of zoning plans in some chosen municipality, questioning of the county and the county governors and the making of a suggestion for zoned plan with issues in management of agricultural areas.

The focus in this assignment is the use of LNF-objectives in zoning plan, and mainly the agricultural part of LNF. The new legislation gives the opportunity to divide the agricultural areas in several different objectives (for instance agriculture, forestry, conservation, wildland, mountain farming etc.), to differ between different agricultural projects and mark special values. The preparations to the act does not say much about how to imply the new objectives, and there is not published any guide for this direct issue. So how much is this new agricultural planning tool used after seven years of existing?

All the county and county governors was asked about their knowledge of the use of the LNF-objectives in zoning plans. The questioning received a total of 14 responses, from 14 of the 19 counties (37 % of the asked agencies replied, but 74 % of the counties). Most of them had little or no knowledge to such use of the LNF objectives, or they only knew about the objective "agriculture" (landbruk) used without any practical difference of

using this instead of the main objective LNF. Questions to follow up the findings so far were sent to relevant government agencies and to agricultural organisation. Of the government agencies 50 % replied (3 of 6), meanwhile only the farmers' association of the agricultural organisations replied (1 og 5, 20 % response). Most of those who answered thought that it was useful to be able to make zoning plans for agricultural areas, and that lack of knowledge was one of the most important reasons why it is so seldom done. The existing guidance to the Planning and building act and agriculture plus is due to be revised. The updated guide can be able to answer a lot of the questions to the use of agriculture objectives in zoning plans.

In eight different municipalities, all the zoning plans in pursuant of the new planning act was investigated – totally 305 plans. Even if LNF was used in 96 of 305 plans, none of them had agriculture as an explicit purpose. On the other hand, the LNF objectives was used on side areas to roads, outdoors areas in cabin fields or for temporary constructions- and landfill areas.

To illustrate the practical use of the objectives it was compiled an area zoning plan that included a large agricultural area in the municipality of Stord. In the zoning plan it was differentiated between different agricultural areas by giving the most productive area the objective "jordvern" (soil conservation), "normal agricultural land" was given the objective "landbruk" (agriculture) and areas with several interests got the main objective LNF. The plan also had zones of special consideration for green structure and natural diversity, areas for scattered development, nature areas and areas for cultural monuments.

In general there is little available information of how the new objectives is supposed to be used. The LNF objectives are used in many plan, but seldom with the intention of managing agricultural areas. For the instruments to be used as intended it is necessary with guidelines and visualisation of what possibilities that exists.

# Innhold

|           |  |           |
|-----------|--|-----------|
| <b>1.</b> | <b>Innleiing .....</b>   | <b>9</b>  |
| <b>2.</b> | <b>Problemstilling .....</b>   | <b>14</b> |
| <b>3.</b> | <b>Metodar.....</b>  | <b>16</b> |
| 3.1.      | Landbruk i reguleringsplan – ny plan- og bygningslov.....                                | 16        |
| 3.2.      | Bruk av landbruksføremål i reguleringsplan.....  | 16        |
| 3.3.      | Reguleringsplan Sævarhagen – Haga – Nedre Økland.....                                    | 22        |
| 3.3.1.    | Planprosessen .....  | 24        |
| 3.3.1.1.  | Planprogram.....   | 24        |
| 3.3.1.2.  | Vurdering av innspel og alternativ .....   | 25        |
| 3.3.1.3.  | Reguleringsplan .....  | 25        |
| 3.3.2.    | Innhenting av informasjon .....  | 26        |
| 3.3.3.    | Kart .....   | 26        |
| <b>4.</b> | <b>Resultat.....</b>   | <b>28</b> |
| 4.1.      | Landbruk i reguleringsplan – ny plan- og bygningslov.....                                | 28        |
| 4.2.      | Brukarundersøking: landbruksføremål i reguleringsplan .....                              | 32        |
| 4.2.1.    | Spørsmål til Fylkesmenn, fylkeskommunar og Kommunal- og moderniseringsdepartementet..... | 32        |
| 4.2.2.    | Spørsmål til bondeorganisasjonane og utvalde statlege instansar .....                    | 34        |
| 4.3.      | Resultat frå utvalde kommunar i Rogaland .....   | 37        |
| 4.4.      | Reguleringsplan Sævarhagen – Haga – Nedre Økland.....                                    | 39        |
| 4.4.1.    | Planprogram - Mål for utvikling av området .....   | 39        |
| 4.4.2.    | Arealinnspel.....  | 40        |
| 4.4.3.    | Planforslaget .....  | 42        |
| <b>5.</b> | <b>Diskusjon.....</b>  | <b>47</b> |
| <b>6.</b> | <b>Konklusjon .....</b>  | <b>52</b> |

## **Forord**

Delen av oppgåva som omfatta utarbeiding av områderegulering, er skrive på oppdrag frå, og i samarbeid med, Stord kommune. Resterande delar av oppgåva er utarbeidd sjølvstendig og utan oppdragsgjevar.

Eg ynskjer å takke min tidlegare arbeidsgjevar Plan Vest AS og noverande arbeidsgjevar Kon-Sul AS for tilrettelegging av arbeidstid og for bruk av firmaet sitt datautstyr og program i samband med masteroppgåva.

Hjelmeland, 21.11.2016

Ingunn Varanes

# 1 Innleiing

Heilt sidan tidenes morgen har menneska livnært seg av dei ressursane jorda byr på. Sjølv om menneske har gått frå å vere sankerar og jegerar, via ulike former for jordbruk, er ein fortsatt avhengig av jorda for produksjon av mat.

Til tross for at Noreg har mykje ubebygd areal, oppstår det mange stadar kamp om arealressursane. Norske bygder og byar er vaksse fram bl.a. rundt dei viktigaste landbruksareala. Ved utviding av busetnad, utbygging av sentrumsområde, bygging av ny og betre infrastruktur og tilrettelegging av næringsareal så er det dei nærmeste areala til den eksisterande busetnaden som er mest attraktive. Det er også dei minst kuperte areala som det er minst kostnad knytt til å utvikle, samtidig som ein her ofte unngår større konflikt med naturvern og rekreasjonsverdiar. I mange tilfelle er desse områda samanfallande med areal som er dyrka eller dyrkbar mark (Statens landbruksforvalting 2012).

Dyrka mark er omgrepene som vert brukt om areal som er fulldyrka eller overflatedyrka, og er registrert i arealressurskart (AR5) hjå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO, tidlegare institutt for Skog og landskap). Overflatedyrka jord er jordbruksareal som er rydda i overflata, slik at maskinell hausting er mogeleg. Fulldyrka areal skal i tillegg kunne pløyast og vere tilnærma steinfritt minst 20 cm ned.

Dyrkbart areal er også registrert hjå NIBIO, og kan finnast i deira kart. Dyrkbar jord skal kunne setjast i stand til fyldyrka jord og elles halde krava for jordkvalitet og klima for plantedyrking (Strand og Brekkhus 2008).

I Noreg er tre prosent av landarealet jordbruksareal, noko som tilsvarar om lag 1,9 daa per innbyggjar. I internasjonal målestokk er dette relativt lite jordbruksareal i høve til innbyggjartalet (Krefting m.fl. 2016). Jordbruksareal omfattar både dyrka mark og areal registrert som innmarksbeite. Om lag ein tredjedel av det dyrka arealet er eigna for produksjon av matkorn. Resten av det dyrka arealet er hovudsakleg eigna for produksjon av gras og fôrkorn (Statens landbruksforvaltning 2012). Om lag 35 000 daa (0,3 %) dyrka og 260 000 (2,1 %) dyrkbar jord har vorte omdisponert i Noreg dei siste 40 åra (St. prop. 127 S 2014-2015). I 2014 vart 18 572 daa landbruksareal omdisponert til andre føremål enn landbruk, av dette var 5 710 dyrka jord. (Statistisk sentralbyrå (SSB) 2014).

I St. meld nr. 21 (2004-2005) vart det satt mål om å halvere omdisponering av dyrka areal innan 2010, som vil sei årleg omdisponering under 6000 daa. I 2013 var første gang

omdisponeringa var under 6000 daa sidan registreringa starta i 1976. I nasjonal jordvernstrategi 2014 – 2015 sette Stortinget mål om at omdisponering av dyrka mark i Noreg ikkje skal overstige 4000 daa per år innan 2020. Regjeringa sine forslag til oppfølging av målet kan oppsummerast til:

- Oppfølging av nasjonale forventingar til regional og nasjonal planlegging og statlege planretningslinjer
- Formidle tydelege mål og tiltak for arealpolitikk og jordvern.
- Styrke vegleiing m.a. om heilskapleg planlegging
- Gjennomgå omfang av spreidd utbygging, auke kunnskapsgrunnlaget og kompetansen og evaluere plandelen i plan- og bygningslova samt konsekvensutgreiing av ikkje- prissatte tema.
- Vurdere kompensasjon av jordbruksområder, m.a. jordflytting.

I Noreg produserer me om lag 40 % av maten me et sjølve, medan resten vert importert eller er basert på importert fôr (Eldby og Smedshaug 2015). Sjølv med ei effektivisering av produksjonen per arealeining, er me avhengig av å nytte dei ressursane med har for å ha moglegheit for ein høg grad av sjølvberging. I ei verd med aukande folketal kan ein på sikt få ein situasjon der landa me importerer frå, heller vil ha den maten dei produserer til å fø eigen befolkning. Konflikter mellom land, klimaendringar, plantesjukdommar etc. er alle tilhøve som kan gjøre det vanskelegare å oppretthalde graden av import i framtida. Då er det viktig å ha eigne ressursar tilgjengelig (Arnoldussen m.fl. 2014).

Det er også stadig aukande fokus på mattryggleik m.a. med tanke på bruk av sprøytemidlar og på sjukdommar, men også i forhold til utviklinga av genmodisiferte matvarer. I den forstand vert den norske maten lansert som den trygge, på grunn av at Noreg har strengare reglar enn mange av dei landa me importerer matvarer frå (Ramborg og Fjellhammer 2016).

Eit anna gode som følgjer av matproduksjonen er det me kjenner som det norske kulturlandskapet. Dette landskapet spelar ei viktig rolle for Noreg som turistnasjon. Det er også eit faktum at landbruket er ein av dei viktigaste faktorane for å ha busetnad over heile landet. Verdien av kulturlandskapet og busetnad i bygdene er ikkje tema for

diskusjon i denne oppgåva, men dei nemnes som ofte brukte argument for å oppretthalde norsk landbruk (Norderhaug og Bævre 2005).

Sjølv om dei fleste kan sei seg einig i at landbruk og matproduksjon er viktig, er det ulike interesser for bruk av dei enkelte areala. For å sikre ei heilskapleg forvaltning av ressursane har me i Noreg eit system for arealplanlegging, som er heimla i og forvalta gjennom plan- og bygningslova. Det er kommunane som har ansvar for den lokale arealplanlegginga innanfor sine kommunegrenser, medan overordna mynde som t.d. fylkesmann og fylkeskommunar har uttale- og motsegrsrett.

Det er primært kommunane som har ansvaret for forvaltning av areala i kommunen, her under landbruksareala, gjennom m.a. landbrukslovgeving og plan- og bygningslova. Overordna arealdisponering vert gjort i kommunane sin arealdel til kommuneplanen (plan- og bygningslova § 11-5), medan den detaljerte utforminga av arealbruken vert gjort gjennom reguleringsplanar (plan- og bygningslova kapittel 12). Jordlova heimlar vern av dyrka og dyrkbar jord (§§ 9 og 12), men desse gjeld ikkje når arealet er regulert til busetnad og anlegg i reguleringsplan eller kommuneplan (Krefting m.fl., 2016).

Areal som i plan vert lagt som landbruksareal får føremål innan kategorien Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR). I kommunar utan tamreindrift vert reindrift ofte utelate og kategorien omtalast som LNF. Det kan virke som at denne kategorien ofte vert nytta på dei areala som er att når utbyggingsareal er plassert. Reguleringsplanar vert oftast utarbeidd for areal som skal bebyggast, og vanlegvis ikkje for landbruksareal. Det er ikkje krav om reguleringsplan for å etablere landbruksbygg når arealet ligg i landbruksområde i kommuneplan, ettersom det er rekna for å vere i tråd med føremålet. I dei tilfella LNF areal er med i reguleringsplan er dette ofte mellombels rigg- eller lagringsområde t.d. i forbindelse med vegbygging, friluftsområde knytt til hyttefelt eller landbruksareal som ligg mellom utbyggingsområde.

LNF er eit av dei seks hovudarealføremåla som kan nyttast i reguleringsplan (PBL § 12-5) (dei andre hovudarealføremåla er Busetnad og anlegg, Samferdselsareal og teknisk infrastruktur, Grønnstruktur, Forsvar og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone). Arealføremåla er vidare inndelt i underføremål som nærmare spesifiserer arealbruken. T.d. er bygningar og anlegg eit hovudføremål, som m.a. har underføremål bustadar. Bustadar kan vidare delast inn i m.a. konsentrert busetnad, spreidd busetnad og blokk. Slik er det også for landbruksføremåla.

Då ny plan- og bygningslova vart satt i kraft i 2009 vart det m.a. satt fokus på bruk av LNF-kategorien (NOU2001:7). Ein av endringane er den nye muligheita til å dele inn landbruksareala i underføremål, der bruken av området er spesifisert til jordbruk, skogbruk, reindrift, naturvern, jordvern, særlege landskapsomsyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne, friluftsområde, seterområder, eller landbruks-, natur- og friluftsområde der kommunen sin arealplan tillèt spreidd bustad-, fritidsbustad- og næringsverksemd. Kart- og planforskriften (FOR-2009-06-26-861) sitt vedlegg 1 listar også fleire inndelingar av underføremåla til LNF, denne inndelinga er synt i tabell 1. Føremåla til venstre i tabellen kan nyttast for kombinasjon av underføremåla lengre til høgre.

*Tabell 1 Inndeling av arealføremål for LNF i vedlegg 1 til kart- og planforskrifta.*

| Føremål   | Underføremål      | Vidare inndeling av underføremål |
|---|-------------------|----------------------------------|
| LNF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. | Landbruk          | Jordbruk                         |
|   |                   | Skogbruk                         |
|   |                   | Seterområde                      |
|   |                   | Gartneri                         |
|   |                   | Pelsdyranlegg                    |
|   | Naturføremål      | Naturføremål                     |
|   |                   | Friluftsføremål                  |
|   |                   | Reindriftsføremål                |
|   | Spreidde bustadar | Spreidde bustadar                |
|   |                   | Spreidd fritidsbusetnad          |
|   |                   | Spreidde næringsbygningar        |
| Naturvern   |                   |                                  |
| Jordvern  |                   |                                  |
| Særlege landskapsomsyn  |                   |                                  |
| Vern av kulturmiljø og kulturminner   |                   |                                  |
| LNF formål kombinert med andre angitte hovedformål  |                   |                                  |

Endringane i lova opnar muligkeit for eit sterkare fokus på landbruksområda i plansamanheng. Frå at LNF kategorien berre vert nytta for å fylle ut «restareala» som ikkje skal utbyggast, er det no gjeve større mogelegheit til å spesifisere korleis LNF areala skal nyttast. Særleg vil prioritering av areal mellom landbruk, friluftsliv og naturinteresser vere aktuelt – samt areal som skal nyttast til tilleggsnæring og anna enn tradisjonell

landbruksdrift. Føremålet med denne oppgåva er å undersøkje kor vidt desse nye verktøya er forstått og tatt i bruk, og om endringane av lova har fungert slik lovgjevar sin intensjon har vore. I NOU 2001:7 er følgjande problemstillingar lista opp i høve til landbruk: «»

- *Behov for å sondre mellom de forskjellige tiltak som går inn under landbruk bland annet reindrift, skogdrift, jordbruksområder i drift, impediment og kulturlandskapsområdet.*
- *Behov for å klargjøre hvilke nye tiltak og næringsvirksomhet som går inn under landbruk i LNF-kategorien.*
- *Behov for å markere særlig verdifulle jordvernområder.*
- *Behov for nye bestemmelser for å ta vare på landbrukshensyn i forhold til naturvern og friluftsliv.*

## 2. Problemstilling

I denne oppgåva er det sett nærmere på lovgjevar sin intensjon med endring av reguleringsføremål innan LNF i siste utgåve av plan- og bygningslova. Vidare er det undersøkt i kva grad dei nye underføremåla vert brukt og korleis landbruksareal vert omhandla i reguleringsplan, og om endringane har fungert i samsvar med intensjonane. Landbruksareal kan sjåast i mange ulike perspektiv, og særleg mange moglegheiter er det når ein ser på heile LNF kategorien. I denne oppgåva er det i hovudsak fokusert på landbruksareal der arealbruken er produksjon av matvarer anten direkte eller indirekte. Som del av oppgåva er det også utarbeidd ein case study, dvs. eit konkret reguleringsplanforslag med bruk av fleire av dei nye underføremåla. Planen er utarbeidd som områderegulering, jf. PBL § 12-2. For områdereguleringa gjeld følgjande oppdrag, som er vedtatt i kommuneplan for Stord kommune:

- Det skal utarbeidast utkast til planprogram og områdereguleringsplan for område definert i kommuneplanen til Stord kommune.

Hovudfokus/utfordringar:

- Det skal etablerast tursti som knyt saman Hystadmarka/Sævarhagen med bustadområda ved Øvre Økland. Kva trase gjev best mogelegheit for oppleveling og tilgjenge, og samtidig minst konflikter med landbruk, natur og kulturvern? Korleis best tilrettelegge for oppleveling av natur- og kulturmiljø i jordbrukslandskapet.
- Bevaring av jordbruksareal og minimering av arealkonflikter.



### **3. Metodar**

Fyrste del av oppgåva er eit litteraturstudium, som tek for seg bakgrunnen for enkelte av endringane som vart gjort då ny plan- og bygningslov tredde i kraft i 2009. Dette er undersøkt vidare ved å sjå på kor stor del av planar etter ny planlov desse nye verktya er brukt i utvalde kommunar.

Som ein del to er det gjort ei spørjeundersøking bland fylkesmenn, fylkeskommunar og andre etatar/organisasjonar om kva grad dei ser dei nye verktøya i planlova vert brukt og deira tankar kring dei aktuelle føremåla.

Siste del av oppgåva er ein case- study, der det er utarbeidd forslag til ein reguleringsplan der dei føremåla som er hovudtema for oppgåva er brukt. Planen er utarbeidd fram til 1. gangs handsaming.

Metode for dei ulike delane av oppgåva er nærmere beskrive nedanfor.

#### **3.1. Landbruk i reguleringsplan – ny plan- og bygningslov**

Eksisterande lovverk (plan- og bygningslova) og føremålet med endringane som vart gjort for LNF i siste revidering er undersøkt ved å gjennomgå lova, kommentarar til lova og lovforarbeidet. I tillegg er vegleiarar til plan- og bygningslova, og særleg dei knytt til forvaltning av landbruksareal, gjennomgått. Ein har også vore i kontakt med kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som er det departementet som han ansvar for plan- og bygningslova (Vedlegg 1).

Underføremål til LNF finn ein innan både landbruk, natur, friluftsliv og reindrift. Det er underføremåla knytt til landbruk som vert studert nærmare i denne oppgåva. Ettersom det ikkje nødvendigvis er klåre skiljer mellom kategoriane, og ein f.eks. kan ha verdifult naturmangfold på eit landbruksareal, så vil også føremål som ikkje er reinkludert i landbruksføremål verte nemna. Lova heimlar også omsynssoner for bl.a. landbruk, natur og friluftsliv, som eit reiskap i planlegginga. Desse vert ikkje nærmare omtala. Kategorien vert i det vidare omtala berre som LNF.

#### **3.2. Bruk av landbruksføremål i reguleringsplan**

Alle reguleringsplanar vert sendt Fylkesmann og fylkeskommune i det aktuelle fylket for uttale (jf. Plan- og bygningslova § 12-10). Fylkesmannen har også det overordna ansvaret

for landbruksforvaltning og kontakt med kommunane på det feltet. Ettersom Fylkesmannen er overordna mynde for reguleringsplanar, og alle planar er til deira ettersyn, er Fylkesmannen den instansen som ein kan vente har best oversyn over reguleringsarbeidet innanfor sitt fylke. Fylkeskommunen får også alle planar til ettersyn, og sjølv om deira mynde innanfor planarbeid i stor grad omhandlar kulturminne, vil også fylkeskommunen sitje meg eit godt oversynt over dei reguleringsplanane som vert utarbeidd innan det enkelte fylket.

Derfor vart det sendt spørsmål til alle fylkesmenn og fylkeskommunar i Noreg om bruken av landbruksføremål i reguleringsplan. Det er også sendt spørsmål til kommunal og moderniseringsdepartementet. Kopi av utsendt e-postar og innkomne svar finnes som vedlegg nr. 2

Spørsmåla vart stilt på e-post som vart sendt til instansen sitt postmottak. Førespurnadane er derfrå vidaresendt til sakshandsamar innanfor fagfeltet landbruk eller reguleringsplan. Respons tilbake har i hovudsak vorte gitt på e-post, men to av sakshandsamarane frå fylkesembetet svarte per telefon. Det vart purra to gangar på instansane i dei fylka der det ikkje var kome svar, men det vart ikkje purra på fylkeskommunen i dei fylka der fylkesmannen hadde svara eller omvendt.

Følgjande spørsmål er stilt:

- Kjenner de til bruk av underføremål av LNF i dykkar fylke eller har døme på målretta bruk av arealføremål i landbruksområder?
- Har de døme på bestemmelser eller vegleiar for korleis underføremåla av LNF skal nyttast.


Ut frå responsen etter e-posthenvendinga utpeika Rogaland fylke seg som aktuell for nærmere undersøking av reguleringsplanar. Av dei instansane som responderte innan rimeleg tid frå første henvendinga (innan 4 veker) var det berre Rogaland som viste til døme på bruk av underføremål av LNF. Rogaland er også kjend som eit av dei største landbruksfylka. Fylket har tredje mest landbruksareal av fylka i Noreg, og er det fylket med mest beiteareal. Ut frå dette, og eigen kjennskap til fylket, vart Rogaland vald ut for nærmere undersøking på kommunenivå.

På grunn av arbeidsomfanget vart det berre undersøkt eit fylke. Fylket er delt i regionar med eigne regionråd – Rogaland består av Dalane, Jæren, Ryfylke og Haugalandet. For å sikre ei geografisk spreiing vart det vald to kommunar i kvar region. Dette sikrar også at resultatet ikkje er dominert av t.d. eit lokalt planfirma sin arbeidsmåte. Valg av kommune

vart gjort vilkårleg, men med det som hensikt at det skulle vere ein av dei større og ein av dei mindre kommunane i kvar region. Ikkje alle kommunar har fullstendig register over reguleringsplanar tilgjengelig på internett. Det er ikkje forventa at kommunane ynskjer å bruke den nødvendige tida på å framstaffe slik informasjon frå lokalt arkiv, og derfor vart kommunane utan planregister tilgjengelig på nett utelukka. For at planregister skulle reknast som fullstendig og fungerande måtte det la seg gjer å laste ned føresegner til planane og plankartet anten kunna lastast ned eller synast i innsynsløysinga. Storleik på kommunane vart vurdert ut frå folketal, og ikkje areal. Dette fordi folketal er eit betre mål på både aktiviteten i kommunen og kva ressursar kommuneadministrasjonen har til forvaltning av planar. Kommunane med stort areal har gjerne mykje fjell og utmark innanfor sine grenser, men ikkje nødvendigvis mykje areal som er aktuelt verken for landbruk eller utbygging.

Kommunane som er undersøkt er:

Bjerkreim og Egersund i Dalane, Klepp og Sandnes på Jæren, Bokn og Karmøy i Haugalandregionen og Strand og Rennesøy i Ryfylke. Geografisk fordeling av kommunane er synt i figur 1.



Figur 1 Blå - Haugalandet, gul - Ryfylke, rosa - Jæren, grøn – Dalane

Kommunane Sauda, Tysvær, Hjelmeland, Finnøy, Randaberg og Haugesund vart vald bort grunna problem med å hente plandata i kommunen sin kartportal. Dette skuldast dels at kommunane ikkje har alle planopplysningar tilgjengeleg på nett (Haugesund og Tysvær), men også tekniske problem med planbase den dagen det vart undersøkt (Hjelmeland og Sauda).

Når Haugesund er utelukka er Karmøy den største kommunen på Haugalandet når det gjeld folketal. Utsira er den minste kommunen, men med sine 6,33 km<sup>2</sup> og 206 innbyggerar (ifølgje Utsira kommune si nettside) vert det gjort så lite planarbeid innanfor kommunegrensa at dei ikkje vart tatt med. Derimot vart nest minste kommunen – Bokn – undersøkt.

Strand er den mest folkerike kommunen i Ryfylke. Hjelmeland er den minste i folketal, og deretter Finnøy, men desse vart utelukka då det var problem å få tak i plandata. I staden for vart plandata henta inn frå Rennesøy. Då fekk ein både ein «fastlands» kommune og ein øykommune i utvalet frå Ryfylke.

Stavanger er klart den mest folkerike kommunen av Jæren kommunane. Denne vart likevel valt bort til fordel for Sandnes, på grunn av ei antaking av at det er meir landbruksareal i Sandnes og dermed er den kommunen meir relevant. Den kommunen med færrest innbyggjarar er Randaberg, men der var ikkje naudsynt informasjon tilgjengeleg. Derfor vart den nest minste kommunen, Gjesdal, undersøkt.

Dalane regionen består berre av fire kommunar. Den største i folketal er Egersund og den minste er Bjerkeim. Desse to kommunane vart undersøkt.

Ved gjennomgang av reguleringsplanane vart det registrert kor mange planar som var vedtatt i kommunen etter ny planlov (ev. oppheva planar vert ikkje inkludert) og kor mange av dei som inneheldt føremål innanfor LNF kategorien. Det var skild mellom ulike føremål og ulik bruk av føremåla, samt samsvar mellom kart og føresegner. Samanlikning mellom kart og føresegner vart ikkje utført på data for Strand kommune, fordi plankart ikkje er tilgjengeleg på pdf i deira database og innsynsløysinga ikkje syner skravurar og omsynssoner. Utan fullstendig plankart er denne vurderinga av planane vanskelig å få korrekt.

Etter at første runde med spørjeundersøking var utført og reguleringsplanar i dei valde kommunane var gjennomgått viste det seg å fortsatt vere trong for meir informasjon om bruken av LNF føremåla. Det vart sendt spørsmål til landbruksorganisasjonane (Småbrukarlaget, Bondelaget, Norsk landbruksamvirke, Norsk sau og geit, Norsk pelsdyravlslag og Norsk landbruksrådgivning) og spørsmål til Fylkesmannen i Rogaland og i Hordaland, Innovasjon Norge, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, landbruksdirektoratet og landbruksdepartementet.

Sjølv om ikkje landbruksorganisasjonane så ofte er i direkte kontakt med plan- og bygningslova så er det organisasjonane som kjenner bøndene og landbruket best, og som kan sei noko om kva behov landbruksnæringa har.

Til landbruksorganisasjonane vart det stilt følgjande spørsmål:

- *Kjenner du til føringar for bruk av landbruksføremål i reguleringsplan?*
- *Kjenner du til konkret bruk av slike føremål i reguleringsplan?*

- Korleis vil de anta/tolke at underføremåla naturvern, jordvern, særlige landskapshensyn, friluftsområder og seterområder skal nyttast?
- Er det etter dykkar syn bruk for regulering etter PBL for moderne landbrukstiltak, og kan de i så fall gje døme på slike tiltak?
- Kva meinar de bør gjerast for å klargjere forhaldet mellom landbruk og plan- og bygningslova?

Det vart vald å sende nye spørsmål til Fylkesmannen i Rogaland fordi undersøkinga av reguleringsplanar føregjekk i Rogaland. Fylkesmannen i Hordaland vart spurd ettersom reguleringsplanen som er del av oppgåva er laga for ein kommune i Hordaland og fylkesmannen har hatt denne til uttale. Landbruksdirektoratet og landbruksdepartementet fekk spørsmål for å få synspunkt frå landbrukssida, medan kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for plansaker.

Desse vart stilt følgjande spørsmål:

- Korleis vil de tolke/anta at kategoriane naturvern, jordvern, særlige landskapshensyn, friluftsområde og seterområde skal nyttast dersom de skulle definere det ut frå den kunnskap og rolle de har i dag?
- Vedlagd finn de utkast til reguleringsplan som underteikna har utarbeidd i samband med denne masteroppgåva, der fleire av underføremåla av LNF er nytta. Vil de anta at denne måten å nytte underføremåla er i tråd med intensjonen i plan- og bygningslova? Syner til føresegne § 6.1 - 6.5.
- Kva trur de er grunnlaget for at underføremåla av LNF er så lite brukt?
- For kva tiltak/tilhøve vil det vere aktuelt å nytte underføremål av LNF i reguleringsplan?
- Er det bruk for reguleringsplan for moderne landbrukstiltak, i så fall kva type tiltak?
- Kva kan/bør gjerast for å klargjere tilhøva mellom landbruk og plan- og bygningslova (ev. er det planar om noko på dette feltet)?

Kopi av utgåande e-postar og svar følgjer som vedlegg nr.3 og 4.


Det vart sendt påminning om spørsmåla etter om lag to veker, til dei som då ikkje hadde svara. Etter om lag ein månad vart det tatt kontakt og bedt om eit kort svar på kvifor dei ikkje hadde svara, med følgjande alternativ:

1. Har ikkje tid
2. Spørsmåla/emnet er ikkje relevant
3. Forstår ikkje spørsmåla
4. Andre årsaker

### **3.3. Reguleringsplan Sævarhagen – Haga – Nedre Økland**

Områderegulering etter plan- og bygningslova § 12-2 er ein reguleringsplan for eit større område, som inneheld mindre detaljar enn ein detaljreguleringsplan, men likevel avklarar fleire spørsmål enn ein kommunedelplan.

I kommuneplan for Stord kommune er bl.a. område Sævarhagen – Haga – Nedre Økland vist med sone som seier at arealet er bandlagd for regulering etter plan- og bygningslova. Dette medfører at området skal regulerast i samsvar med dei krav komuneplanen stiller, før det kan etablerast nye tiltak. Planområdet er vist i figur 2.



*Figur 2 Planområdet er vist med raud skravur i kommuneplan for Stord kommune (t.h.)  
Kjelde: Fonnakart.no*

Det aktuelle området er eit av dei største samanhengande landbruksareala som er att i Stord kommune. Ein førespurnad frå plansjef i kommunen om å vere med på planarbeidet, var utgangspunktet for denne oppgåva. I samband med utarbeiding av reguleringsplan kom spørsmålet om korleis ein kan differensiere mellom landbruksareal med ulike verdiar, og kva som er intensjonen med ulike underføremål av LNF som er nye etter sist revisjon av planlova.

Områderegulering for Sævarhagen – Haga – Nedre Økland er utarbeidd i samarbeid med og på oppdrag frå Stord kommune. Underteikna har vore prosjektleiar og utført arbeidet med planen. Det vart satt ned ei arbeidsgruppe med planleggar og plansjef som har deltatt i avgjerder og vurderingar undervegs, samt ei referansegruppe som har vore med på dei større avgjerdene, slik som val av kva innspel som skulle inn i planen og kva som skulle forkastast. Referansegruppa bestod av deltarane i arbeidsgruppa samt representantar for landbruk, miljø, friluftsliv og folkehelse i kommuneadministrasjonen. I denne oppgåva er reguleringsprosessen følgt fram til 1. gangs handsaming. I det vidare arbeidet med reguleringsplanen har det vore naudsint med omsyn som ikkje samsvarar med temaet i denne oppgåva, og kommune har ført denne prosessen vidare sjølv.

### **3.3.1. Planprosessen**

Utarbeiding av reguleringsplanar omfattar dei offentlege prosessane som er lista opp nedanfor. Planen som er utarbeidd som del av denne oppgåva vart utarbeidd fram til 6. punkt nedanfor. Dei ulike prosessane og kva metode som er brukt er omtalt nærmare vidare i dokumentet. I Stord kommune er handsaming av reguleringsplanar fram til stadfesting delegert til Forvaltningsstyret.

- Utarbeiding av planprogram, jf. pbl §4-1
- Melding om oppstart og høyring av planprogram, jf. pbl § 5-1
- Politisk handsaming av planprogram i Forvaltningsstyret, jf. pbl § 12-9
- Utarbeiding av plandokument, jf. pbl kap 12
- Vedtak om utlegging til offentleg høyring i Forvaltningsstyret
- Offentleg høyringsperiode, jf. pbl §§ 5-1 og 5-2
- Handsaming av plan i Forvaltningsstyret med tilråding til Kommunestyret som stadfestar endeleg vedtatt plan, jf. pbl 12-12

Dersom offentlege etatar har motsegn til planen må desse løysast, ev. i mekling mellom kommunen og den etaten som har motsegn, elles kan ikkje kommunen eigengodkjenne planen og den må godkjennast av kommunal- og regionaldepartementet, jf. pbl § 12-13.

#### *3.3.1.1. Planprogram*

Det følgjer av plan- og bygningslova § 4-1 at det skal utarbeidast planprogram for alle reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Planprogrammet skal gjere greie for planarbeidet med kva som er føremål for planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert utgreidd samt behovet for utgreiing. Planprogrammet dannar grunnlag for vidare arbeid med planen.

Ved utarbeiding av planprogram vart det tatt utgangspunkt i kjend informasjon frå kommuneplanen, kommunale temaplanar, og tilgjengelege databasar som naturbase, artskart og kulturminnebasen.

Planprogrammet vart i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 lagt til offentleg ettersyn i 6 veker. I løpet av høyringsperioden vart det avhalde ope informasjonsmøte for alle interesserte partar. Etter endt høyringsperiode vart planprogrammet med merknadar lagt fram for formannsskapet i Stord kommune, som stadfesta planprogrammet.

### **3.3.1.2. Vurdering av innspel og alternativ**

Ved utarbeiding av reguleringsplanen vart først innspel frå grunneigarane i planområdet samt merknadar frå offentlege mynde vurdert. Alle arealinnspel for utbygging og alternativ til stitraser var kartfesta, og det vart gjennomført ein "KU light". Med KU light meinast at utbyggingsforslaga vart vurdert ut frå arealstatus i AR5, funn i naturbase samt gjeldande planstatus i kommuneplan og eksisterande reguleringsplanar. Dette er langt frå ei fullstendig konsekvensutgreiing for emna, men er ei forenkla vurdering med ein metode som har element frå konsekvensutgreiing. Ut frå resultata av «KU light» tok arbeidsgruppa stilling til kva innspel ein ville arbeide vidare med og kva som vart forkasta. Tilsvarande "KU light" vart gjort for alternativa til sti. Alternativa vart henta dels frå innspel frå grunneigarar og dels frå ein turvegrapport som kommunen tidlegare har fått utarbeidd. Innspela vart vurdert ut frå AR5, naturbase, kjende/openbare friluftsopplevelingar og mogelege konfliktar med eksisterande bebyggelse. Kvart tema vart gjeve ei vekting frå +2 til -2 for kvar delstrekning og kvart alternativ, og alternativet med høgast poengsum vart tatt med vidare i planprosessen.

### **3.3.1.3. Reguleringsplan**

Arealføremål følgjer gjeldande sosi standard (Statens kartvert 2014), og plankart er konstruert i programmet Focus arealplan. Plankart vart utarbeidd med utgangspunkt i dei valde innspela for ny bebyggelse og for stitrase. Samanhengande område med fulldyrka mark vart lagt som jordvern, resterande landbruksareal som ordinært landbruksføremål. Eit område med kulturbete og stort potensiale for førekomst av kulturminne vart lagt som "vern kulturminner/kulturmiljø" etter innspel frå Fylkeskommunen. Vidare vart husklynger i jordbrukslandskapet synt som LNF område for spreidd utbygging, og eksisterande vegar regulert inn frå vegbase.

Naturtypeområde og artsområder frå naturbase vart lagt med omsynssone for naturmiljø, medan kulturminner fekk omsynssone for kulturminner. Eit område vart påført omsynssone for grøntstruktur, dette er eit område utan direkte landbruksverdi men som er viktig for å ivareta ein samanhengande grøntstruktur og hindre fragmentering av jordbrukslandskapet.

Vidare vart eksisterande planar, data frå kulturminnebasen og naturbase samt øvrige innspel frå offentlege mynde og grunneigarar og ynskje frå kommunen lagt til grunn for val av arealføremål og omsynssoner.

Reguleringsføresegnene gjennspeilar naudsynt juridisk forankring samt kommunen sine mål for areala.

### **3.3.2. Innhenting av informasjon**

Informasjon om området er henta frå offentlige databasar som er tilgjengelig på nett, slik som skog og landskap sine arealressurskart, kulturminnesøk, naturbase osv. Området er også gjennomgått ved å studere kart og flyfoto, og det har vore fleire synfaringar i området. Ved siste synfaring gjekk delar av prosjektgruppa opp den skisserte traseen for tursti og la inn gps punkt for denne.

Gjennom opne møter og høyringsprosessane har det kome både innspel og lokalinformasjon frå innbyggjarane i området. Det har vore kontakt med lokalgrupper av norsk ornitologisk foreining og botanisk foreining, men det har vore vanskeleg å få konkrete uttalar frå desse.

### **3.3.3. Kart**

I kartarbeidet er det dels nytta GisLine Arealplan frå Norkart og dels Focus Arealplan/AutoCad. Plankart og dei endelige illustrasjonane i planen er utarbeidd i Focus Arealplan og AutoCad.



## 4. Resultat

### 4.1. Landbruk i reguleringsplan – ny plan- og bygningslov

Fokus i denne oppgåva er endringane i plan- og bygningslova som gjeld bruken av LNF-føremålet i reguleringsplan. Den nye lova gjev mykje større moelegheit til å differensiere mellom ulik bruk av landbruksareal i reguleringsplan enn lovverket gjorde tidlegare.

Tidlegare kunne ein berre dele mellom «vanleg» LNF område og LNF områder der spreidd utbygging var tillate. Det var ikkje mogleg å prioritere om det var landbruk, natur eller friluftsliv som skulle ha høgst prioritet i eit område. I praksis var tilhøva mellom desse interessene styrt av ulike sektorlover (NOU 2003:14).

Plan og bygningslova av 1985, § 25:

«I reguleringsplanen avsettes i nødvendig utstrekning:

(...)

2. Landbruksområder: herunder områder for jord- og skogbruk, reindrift og gartnerier.»

Plan og bygningslova av 2009, § 12-5:

*For hele planområdet skal det angis arealformål. Arealformål kan deles inn i underformål og kombineres innbyrdes og med hensynssoner.*

*I nødvendig utstrekning angis områder for:*

(...)

*5. landbruks- natur- og friluftsformål samt reindrift, samlet eller hver for seg,*

*herunder områder for jordbruk, skogbruk, reindrift, naturvern, jordvern, særlige landskapshensyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne, friluftsområder, seterområder, og landbruks-, natur- og friluftsområder der kommuneplanens arealdel tillater spredt bolig-, fritidsbolig- og næringsvirksomhet.*

I reguleringsplan kan ein syne LNF areal samla, den enkelte underføremål av LNF kvar for seg eller i grupper. Vidare kan ein i plan nytte ei rekke underføremål for å gje eit meir presist bilet av arealbruken. Tabell 1 på side 12 syner alle føremål og underføremål gitt i kart- og planforskrifta.

## Bakgrunn for endringane

I stortingsmelding nr. 19 (1999 – 2000) vert det sagt at landbruket skal «produsere fellesgode som livskraftige bygder, et bredt spekter av miljø- og kulturgode, og en langsiktig matforsyning.» I NOU 2001:7 (s. 72-73) vert det antyda at plan- og bygningslova slik den var før 2009 ikkje gav tilstrekkeleg grunnlag for langsiktig eller varig sikring av verdifulle jordbruksareal mot nedbygging. Landbruket er i sterkt utvikling, og landbruk er ikkje lengre berre den «tradisjonelle» matproduksjonen. Kamp om areala, og herunder jordvern, er ei av hovudproblemstillingane som er nemnt knytt til revisjon av plan- og bygningslova i Odelstingsproposisjon (Ot.prp) nr. 32 (2007 – 2008).

Problemstillingar i forhold til landbruksdelen av LNF som vart drøfta i NOU 2001:7 og vidare i NOU 2003:14 er som følgjer «»:

- *Behov for å sondre mellom de forskjellige tiltak som går inn under landbruk blant annet reindrift, skogsdrift, jordbruksområder i drift, impediment og kulturlandskapsområder*
- *Behov for å klargjøre hvilke nye tiltak og næringsvirksomhet som går inn under landbruk i LNF-kategorien*
- *Differensiere reinbeiteområder, for eksempel i kalvingsland, flytteleier med videre.*
- *Behov for markere særlig verdifulle jordvernområder*
- *Behov for nye bestemmelser for å ta vare på landbrukshensyn i forhold til naturvern og friluftsliv.*

Vurderingar og endring i regulering av landbruksareal vart gjeve stor merksemd i både NOU 2001:7 og NOU 2003:14. Det er imidlertid bruk av LNF som arealformål i kommuneplanen som er mest omtala. Dette m.a. fordi det for landbrukstiltak vanlegvis ikkje vert krevd område- eller detaljplan som grunnlag for utbygging i LNF områder fordi det er i samsvar med føremålet i kommuneplanen.

I NOU 2003:14 er LNF- områda omtala slik:

*«Nr. 3 Areal for landbruks-, reindrifts-, natur- og friluftsområder (LRNF-områder) avviker fra kommuneplanens arealdel, og innebærer at en i områdeplan og detaljplan kan vise LRNF-områder samlet, hver for seg eller i grupper. Utvalget har valgt å gå langt i en underdeling av LRNF-områdene i lovteksten. Dette er for å vise at det innenfor dette området fins et stort register av arealbruk og bruksinteresser, som utgjør stordelen av landets areal. LRNF-områdene berører grensesnittet mellom mange sektorlover og plan- og bygningsloven, og det er viktig at loven er tilstrekkelig nyansert til å kunne fange opp de ulike behovene for*

*nyansert styring og tiltrettelegging for vern og utvikling. Områdeplanen vil være et viktig planredskap for ulike typer flerbruksplaner knyttet til bruk og vern, for eksempel i seterområder, områder med varierte former for landbruk, gardsturisme og landbruksavledd virksomhet, i randsoner til nasjonalparker og større landskapsvernområder, i bymarker og opparbeidete rekreasjonsområder, i og rundt reiselivsområder og så videre. For øvrig gjelder de samme kommentarene til arealformål i områdeplan og detaljplan som for tilsvarende formål i kommuneplanens arealdel, jf. kommentarer til § 9-7.»*

Vegleiarar «Reguleringsplan – Utarbeiding av reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven» (T-1490) går ikkje inn på dei ulike føremåla til reguleringsplan, det gjer heller ikkje temavegleiar: «Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven». På regjeringa si side for spørsmål til plan- og bygningsloven er bruk av spesifikke landbruksføremål heller ikkje omtala.

Vegleiaren Plan- og bygningsloven og landbruk pluss er eldre enn ny plan- og bygningslov, og derfor ikkje direkte relevant i forhold til arealføremåla.

Regulering av landbruksareal handlar ikkje berre om ivaretaking av landbruksareal, det handlar både om bruk og vern av både innmarks- og utmarksareal. Likevel er ivaretaking av areal eigna til landbruk ein stor del av problemstillinga ved regulering av landbruk, og dermed er også tiltak for jordvern sterkt knytt saman med korleis landbruk vert handtert etter plan- og bygningslova.

Asplan Viak har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet gjort ei utgreiing av tiltak for å styrke jordvernet (Gunnulfsen. m.fl. 2015). Der har dei m.a. sett på Statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging (SPR-BATP) i lys av om det er behov for å utarbeide ein særskild SPR for jordvern. Dei konkluderer med at dette ikkje er behov for, men skriv m.a. i vurderinga: «*Jordvern må anses som en nasjonal interesse på lik linje med alle øvrige arealinteresser som det er vedtatt RPR/SPR for frå tidligere. Likevel bli jordvern i mange plansaker i liten grad belyst. Ikke sjeldan mangler planforslagene helt grunnleggende opplysninger om de jordressursene som berøres.*» I same rapport vert det konkludert med at statleg arealplan (ein planprosess der staten kan overta som planmynde og styre planprosessen) ikkje er eigna til å ivareta

jordbruksareal på landsbasis, men at langsiktige utbyggingsgrenser gjennom Regional samordna areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel. Rapporten sin omtale av reguleringsplan som verkemiddel omtalar ikkje at jordvern er eit føremål som kan nyttast i reguleringsplan, men peikar berre på kor viktig det er å sikre høg nok utnyttingsgrad ved byggetiltak. Konsekvensutgreiing, som ofte er del av ein planprosess, er imidlertid sett på som eit viktig verkemiddel.

## **4.2. Brukarundersøking: landbruksføremål i reguleringsplan**

### **4.2.1. Spørsmål til Fylkesmenn, fylkeskommunar og Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Av 18 fylkeskommunar og Fylkesmenn som fekk tilsendt spørsmål i første runde er det gitt 14 tilbakemeldingar på spørsmål om bruk av underføremål av landbruk i reguleringsplan, samt at Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) har svart. I åtte av fylka (Østfold, Hedmark, Nord Trøndelag, Møre og Romsdal, Nordland, Telemark, Troms) er det fylkeskommunen som har svart, medan i dei seks andre er det kome svar frå Fylkesmannen (Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Aust Agder, Buskerud, Finnmark og Oslo/Akershus). Det har ikkje kome svar frå begge i nokon av fylka. Av dei som har svart har Finnmark og Oslo/Akershus svart per telefon, medan dei andre har svart per e-post. Det er vanskeleg å gje att ordrette svar på standardisert form for dei som har svart per telefon. Hovudtrekk i svara er gjeve nedanfor, medan dei skriftlege svara i si heilheit følgjer som vedlegg 1 og 2.

#### **Finnmark (Svar per telefon)**

For dei nordlegaste fylka, der det føregår reindrift, er det viktig å hugse at LNF korrekt kallast LNF-R – der R står for reindrift. Dette er også ein av underkategoriane under LNF. Fylkesmannen kjenner ikkje til bruk av underføremål i LNF i Finnmark.

#### **Troms**

Fylkeskommunen kjenner ikkje til bruk av underføremål i LNF i reguleringsplan.

#### **Nordland**

Det er ikkje vanleg at landbruksareal vert omfatta av reguleringsplan, men det vert i noko grad gjort på areal rundt større byar og langs vegstrekningar. Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til aktuelle planar der underføremål er nytta.

#### **Nord- Trøndelag**

Underføremål av LNF vert til ei viss grad nytta, men det finnes ikkje noko statistikk på i kva grad det er brukt. Friluftsføremål og vern av kulturminner er døme på underføremål som er i bruk.

## **Møre og Romsdal**

Landbruksareal er innimellan med i reguleringsplanar, men det er ikkje kjennskap til konkrete planar der underføremål av LNF vert brukt. LNF- områda er imidlertid sjeldan fokusområde då det vanlegvis ikkje er arealkonflikt på areal lagt ut til LNF.

## **Hordaland**

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til at kommunane har nytta underføremål av LNF i reguleringsplan.

## **Rogaland**

Fylkesmannen i Rogaland kjenner til fleire døme der det i reguleringsplan er regulert til spesifikke føremål innanfor landbruk, t.d. kollonihagar, men desse er etter gammal planlov.

## **Aust og Vest Agder**

Fylkesmannen i Agder kjenner berre til ein reguleringsplan der underføremål av LNF er brukt – då vart det brukt føremål landbruk.

## **Telemark**

Ingen døme på bruk av underføremål.

## **Buskerud**

Kommunane regulerer i liten grad landbruksarealet. Landbruksareal vert avsett til LNF i kommuneplan, og ikkje regulert med mindre det er utbyggingsplanar. I enkelte planar, t.d. hytteplanar, kan mellomliggende areal i enkelte tilfelle regulerast til landbruk.

## **Vestfold**

Ingen døme på bruk av underføremål.

## **Østfold**

Fylkeskommunen har få dømer på bruk av underføremål.

## **Oslo og Akershus (Svar per telefon)**

Det finnes fleire dømer på bruk av underføremål frå Oslo og Akershus, bl.a. i forbindelse med «inn på tunet», anlegg- og riggområde langs veg, naturforvaltningsområder osv. Nemner også «Ny jord» prosjektet for erstatting av areal som vert omdisponert til ny E18.

## **Hedemark**

Ingen dømer frå reguleringsplan, det er vanlegvis føresegner til arealdel av kommuneplanen som gjev føringar for underføremål av LNF.

## Kommunal og moderniseringsdepartementet

I reguleringsplanar er det vanleg at noko landbruksareal inngår, men oftest vert hovudføremålet brukt på desse områda. Det er ikkje kjend at reguleringsplan er brukt for reine landbruksområde med hensikt å styre landbruksdrifta.

## Oppsummering

Av dei 14 svara frå fylkesmenn og fylkeskommunar har elleve av dei få eller ingen døme på reguleringsplanar med underføremål av LNF. Det er berre Nord-Trøndelag, Rogaland og Oslo/Akershus som har konkrete dømer og kan vise til at underføremåla vert brukt i fylket.

### 4.2.2. Spørsmål til bondeorganisasjonane og utvalde statlege instansar

I andre spørsmålsrunde vart det stilt oppfølgingsspørsmål til nokre av dei statlege etatane, samt at enkelte av bondeorganisasjonane vart kontakta. Totalt 4 av 11 instansar (36 %) svara. Av bondeorganisasjonane kom det bare eit svar, altså svarprosent på 20 (1 av 5), medan det blant dei statlege etatane var 50 % (3 av 6).

Det lukkast ikkje å få svar kvifor dei ikkje svara på spørsmåla frå norsk landbruksrådgjeving og Norsk landbrukssamvirke. Av dei andre sju som ikkje svara på spørsmåla fortalte seks at dei ikkje hadde hatt tid, medan Norsk Pelsdyravlslag meinte spørsmåla ikkje var relevant for dei.

Nedanfor er samandrag av svara som kom. Spørsmål og svar i si heilheit følgjer som vedlegg nr. 3 og 4.

## Norges Bondelag

Seniorrådgjevar i Norges Bondelag, Toril Wikesland, tok kontakt per telefon. Ho kjende ikkje til føringar eller konkret bruk av landbruksføremål i reguleringsplan. Ho var likevel samd i at det er bruk for å regulere enkelte landbrukstiltak. På spørsmål korleis ein kan klargjere tilhøva mellom PBL og landbruk vart det nemnd to fokusområde; Å nytte det

regelverket og dei verktøya som finnes, og å likestille jordlova med t.d. naturmangfaldlova. Landbruket vert ikkje tatt omsyn til i plansaker på same måte som naturmangfald og kulturminne. Naturmangfaldet har fått eit løft etter vedtaket av naturmangfaldlova, og reguleringsplanar møter motsegn dersom dei ikkje er tilstrekkeleg utgreia. Slik er ikkje situasjonen for jordvernomsyn.

Eit av dei største problema i høve til jordvern og tap av dyrka mark er ifølgje Wikesland mangel på kunnskap hos lokalpolitikarane, som er dei som tek avgjerd om omdisponering av landbruksjord. Dei av politikarane som tek til orde for at jordvern skal gå framom andre omsyn i lokale sentrumsområde, møter ofte stor motbør.

### Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Til spørsmål om kvifor underføremåla av LNF er tatt så lite i bruk svara dei at dei kan vere to årsaker; Den eine at kommunen har for lite kunnskap, fordi det er lite omtala i rettleiing og fordi ein har lite erfaring med bruk av desse føremåla. Det andre er at kommunane ikkje ser behovet, som kan skuldast at behovet ikkje er tilstade men som også kan skuldast mangel på kunnskap.

KMD meinar det kan vere bruk for reguleringsplan for enkelte landbrukstiltak, men har ikkje konkrete døme på kva type tiltak det er aktuelt å regulere.

Rettleiar for plan- og bygningslova og landbruk pluss er under revisjon, samt at det skal utarbeidast ein rettleiar som spreidd utbygging i LNFR område. Dette vil bidra til å klargjere tilhøva mellom landbruk og plan- og bygningslova.

Til spørsmål om bruk av landbruksføremål i områdereguleringa som er lagt i samband med denne oppgåva, kan ein tolke svaret dit at inndeling mellom LNF, landbruk, jordvern etc. er grei dersom det er behov for å underinnde ut frå dei avklaringane planen skal gje. Det som vart stilt spørsmål ved er bruken av LNF-spreidd, der ein gjerne kunne nytta føremåla bustad eller fritidsbustad for å konkretisere bruken. Berre dei juridiske plandokumenta vart oversendt (føresegner og plankart), ettersom det er desse som legg føringar for bruk av planen, men det ville nok opne for ei betre vurdering av planen dersom også planomtalen vart sendt.

## **Landbruksdirektoratet**

Det er ingen fasit på desse spørsmåla, og det er lite konkret å hente i vegleiar til lova.

Underføremåla er antatt nytta i avgrensa omfang, og då på mindre felt.

Kategorien jordvern kan nyttast dersom det er ynskjeleg å syne ekstra behov for å ivareta jordbruksareala innanfor planen. Kategorien har den verknad at ein må ta ekstra omsyn ved dispensasjonssøknad eller handsaming av omdisponering etter jordlova.

Kommunen kan ange område som generell LNFR eller dei kan styre og spesifisere verneverdiar. Sånn sett er føremåla nytta i planen i tråd med føremåla for dette i lova.

Antakeleg er underføremåla lite nytta fordi hovudfokus i planane som regel er utbygging.

LNFR vert mest brukt som «utfylling» mellom byggeområda.

Dersom eit landbrukstiltak er veldig stort kan det hamne utanfor grensene av LNFR i kommuneplanen. Då vert det behov for spesifikke reguleringsplanar for landbruksføremål, t.d. ridesenter.

Forvaltning av LNFR områda er utfordrande sidan det ikkje i stor grad er diskutert i forarbeida til lova kva landbruksomgrepet inneheld og kva som er tillate og ikkje. Generelt skal tiltak i LNFR områda ha ei klar tilknyting til landbruksdrift etter den tradisjonelle forståinga.

## **Landbruksdepartementet**

LMD har avgrensa kjennskap til bruk av underføremål av LNF i praksis. Vi ser at forarbeida til gjeldande plan- og bygningslov heller ikkje gjev utdypande anvisning på bruk av underføremål til LNF.

At underføremåla vert lite bruk kan bl.a. skuldast at mange ulike interesser er knytt til desse areala og at fleirbruk i mange tilfelle fungerer godt og det derfor ikkje er hensiktsmessig med underinndeling. I nokre tilfelle kan det ha samanheng med mangel på kapasitet i kommunane.

Bruk av reguleringsplan for moderne landbrukstiltak kan vere aktuelt i situasjonar der det skal førast opp eit svært stort bygg, som vert meir å sjå som industri, eller situasjonar der tilleggsverksemد til eit gardsbruk har starta i det små, men etterkvart har utvikla seg til noko stort som kjem i konflikt med andre interesser.

Det vert for tida arbeida med å oppdatere vegleiar T-1443 «Plan og bygningsloven og Landbruk Pluss». Denne omtalar forhaldet mellom landbruk og pbl.

### 4.3. Resultat frå utvalde kommunar i Rogaland

I dei åtte utvalde kommunane vart samlede reguleringsplanar som er vedtatt med heimel i plan- og bygningslova av 2009 gjennomgått. Dette utgjorde totalt 305 reguleringsplanar (Tabell 1). 31,5 % av planane (96 planar) inneheldt eit etter fleire føremål i LNF kategorien.

*Tabell 2 Bruk av dei ulike LNF kategoriane. \* Kombinasjon av LNF saman med andre føremål*

|                                  | Strand | Sandnes | Renne-søy | Kar møy | Gjesdal | Egersund | Bokn | Bjerkreim | SUM |
|----------------------------------|--------|---------|-----------|---------|---------|----------|------|-----------|-----|
| <b>Undersøkte planar</b>         | 31     | 101     | 12        | 86      | 22      | 34       | 10   | 8         | 305 |
| <b>Planar med LNF</b>            | 8      | 15      | 5         | 32      | 10      | 15       | 3    | 7         | 96  |
| <b>LNF</b>                       | 2      | 4       |           | 8       | 5       | 4        |      | 1         | 24  |
| <b>Jordbruk</b>                  | 1      | 1       | 2         |         |         | 1        |      | 1         | 6   |
| <b>Landbruk</b>                  | 1      | 8       | 2         | 7       | 2       | 5        | 2    |           | 30  |
| <b>Friluftsliv</b>               | 5      | 3       | 2         | 20      | 3       | 7        | 1    | 4         | 41  |
| <b>Naturområde av LNF</b>        |        | 1       |           |         |         | 1        |      |           | 2   |
| <b>Særlege landskapsområd yn</b> |        |         |           | 2       |         |          |      |           | 2   |
| <b>Kulturmiljø</b>               |        |         |           |         |         | 2        |      |           | 2   |
| <b>Kombinert LNF *</b>           |        |         |           |         | 1       |          |      | 1         | 2   |

Ved gjennomgang av reguleringsplanane er det ikkje funne nokon der område er regulert til LNF eller landbruk/jordbruk direkte av omsyn til landbruksdrift. Der er imidlertid planar med detaljerte føringar for deponering og uttak av massar på landbruksareal. Dette omfattar planar der massar vert tilført for å betre landbruksarealet.

Naturformål, kulturmiljø eller friluftsformål (jf. kart- og planforskrifta) finnes i 40 % av planane. Det er satt meir fokus på bevaring av naturtypeområder og artsområder, m.a. etter at naturmangfaldlova (LOV 2009-06-19-100) vart vedtatt. Naturformål vert gjerne nytta på slike områder, eller på areal der planleggar av andre grunnar finn at naturkvalitetane bør ivaretakast. Kulturmiljø (kallast i kart- og planforskrifta for vern av kulturmiljø eller kulturminne) nyttast gjerne saman med bandleggingssone der det er kulturminne som er verna etter kulturminnelova (LOV 1978-06-09-50), eller på

verneverdige gardstun og andre kulturmiljø som gjerne er registrert i kommunen sin bygningsvernplan. Underføremål friluftsliv nyttast på utmarksområder der fersel er viktigare i plansamanheng enn t.d. beitebruk. Føremålet nyttast ofte til å markere utmarksareal i reguleringsplan for hytteområder.

LNF områder for mellombels fylling, deponi og anleggsområde finnes i 9 % av planane som inneholder LNF-føremål. Desse områda har føremål LNF eller landbruk, men er samtidig markert med bestemmelssone for mellombels anlegg- og riggområde. Dette er ikke medrekna anleggs- og deponiområde knytt til veg, men omfattar i hovudsak område for uttak av grus og stein eller områder for deponering av massar. Dei to typane område er like i plankartet, men kan skiljast ut frå føremålet med planen eller ut frå kva som er skrive i føreseggnene. Både ved deponering og fylling er det ofte planen at området skal tilbakeførast til landbruksareal når anleggsverksemda er slutt.


I 51 % av reguleringsplanane som inneholder hovud- eller underføremål av LNF er det regulerte LNF arealet sideareal til regulert veg eller andre restareal som av plantekniske omsyn er inkludert i plankartet. Vegar går ofte gjennom landbruksareal, og plangrensa går sjeldan heilt inntil vegkanten. Ein regulerar då naturlegvis arealet langs vegen til landbruksføremål eller LNF. Dersom området skal nyttast som riggpllass eller mellombels deponi under bygging av vegen vil området få bestemmelsessone for mellombels anleggs- og riggområde (PBL § 12-6).

I nokre av reguleringsplanane med areal regulert til landbruk er føremålet ikkje eingang omtala i føreseggnene. Andre planar har enkle føresegner som t.d. seier «Området skal nyttas til landbruk.». Av dei undersøkte planane (med unnatak av planar i Strand kommune) var det 52 planar med føremål LNF, landbruk eller jordbruk. Av desse mangla omtale av føremålet heilt i føreseggnene i 13 av planane (25 %). Vidare var føremålet omtala som eit anna føremål eller anna kategori, t.d. landbruk omtala som jordbruk eller som grøntstruktur, i 8 av planane (15 %). Om ein legg til grunn at føremålet skal vera omtala i planen sine føresegner med korrekt namngjeving, og ikkje gjev ytterlegare krav til innhaldet, har 60 % av dei undersøkte planane ei tilstrekkeleg omtale av landbruksføremåla i føreseggnene.

## 4.4. Reguleringsplan Sævarhagen – Haga – Nedre Økland

Planområdet er om lag 1546 daa, derav 922 daa på land, og strekk seg frå Rommetveit båthamn i sør til bustadområde på Rommetveit og Klingenbergkaien i nord. Planområdet er synt i figur 3. Rommetveit ligg om lag 5,5 km frå Leirvik, som er kommunesenteret i Stord kommune.

Området for reguleringsplanen har eit av dei største samanhengande landbruksområda i Stord kommune. I tillegg finnes her rikt med naturkvalitetar og kulturminne samt at delar av arealet er populært som friluftsområde.



Figur 3 Plangrense synt på kart for AR5 frå Skog og landskap

### 4.4.1. Planprogram - Mål for utvikling av området

I planprogrammet er mål for bruk av området definert, samt kva tema som skal konsekvensutgreiast og korleis. Planprogrammet i si heilheit finnes som vedlegg 5. Nedanfor følgjer det som vart vedtatt for bruk av området (Kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021)):

*«Hovudføremålet med reguleringa er å ivareta viktige landbruksområde. Delar av landbruksarealet består av artsrik beitemark som treng rett skjøtsel, og det er ei rekke kulturminne i området. I planprosessen skal ein sjå på korleis ein kan*

*oppretthalde og utvikle landbruksområdet samtidig som ein ivaretek natur- og kulturminneverdiane.*

*Ein viktig del av reguleringsprosessen er også å etablere ein trasè for tursti som skal binde kringliggende tur- og bustadområde saman. Stien skal ikkje bare vere eit bindeledd, men også i seg sjølv gje rom for opplevingar. Val av trase må takast ut frå omsyn til landbruksarealet, landskapstilpassing og samtidig muligheter for å oppleve naturmangfaldet og kulturminne.*

*Eksisterande bustadområde vil i hovudsak verte regulert med uendra bruk. Trase for tursti/ kyststi kan gå gjennom desse områda. Sjølv om planarbeidet først og fremst skal gje vern for dei verdiane som er i området i dag, skal ein også sjå på muligheter for fortetting av bustadområde. Fortetting av eksisterande bustadområde er eit generelt mål definert i kommuneplanen til Stord kommune. Potensiale for fortetting må vegast opp mot dei verdiane som finnes i planområdet. Det skal ikkje leggast opp til fortetting på bekostning av verdifullt naturmangfald, sterke landbruksinteresser eller mulighet for utøving av friluftsliv i området. Det skal samtidig vurderast korleis planen kan legge til rette for positiv utvikling for landbruket.»*

#### **4.4.2. Arealinnspel**


Det vart meldt oppstart av planarbeid i lokalavisa (Bladet Sunnhordland), på kommunen si nettside og med brev til berørte grunneigarar, interesseorganisasjonar og offentlege mynde samtidig med kunngjering av planprogrammet. I høyringsperioden for oppstart kom det inn fleire innspel til planen frå grunneigarane i planområdet. Innspela er attgjeve i vedlegg 6. Kvart innspel vart vurdert ut frå planstatus (kva føremål området hadde i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplan), klassifisering av arealet i AR5 (markslagskart frå Skog og landskap) og etter om området var registrert med verdiar i naturbase (database med bl.a. naturtypar og artsområder). Desse opplysningane vart nytta til å sile ut kva innspel som skulle med vidare i prosessen. For endeleg avgjerd og kommentar til dei ulike innspela vert det synt til kapittel 7.1. i vedlagd planomtale (vedlegg 8).

Dersom alle føreslårte innspel vart lagd inn i planen, ville dette gitt 25,3 daa nytt utbyggingsareal. Dette utgjer 2,7 % av landdelen av planområdet. Det hadde gitt 24 nye

bustadar samt nye naust. 5 daa landbruksareal ville gått tapt. Innspela er lista opp i tabellen nedanfor og synt med nummer i påfølgjande kart.

*Tabell 3 Arealinnspel til oppstartsmelding*

| Innspel nr | Områdebruk             | Gbnr          |
|------------|------------------------|---------------|
| 1          | Bustadområde           | 24/5          |
| 2          | Bustadområde           | 24/3          |
| 3          | Bustadområde           | 24/277        |
| 4          | Bustadområde           | 24/2          |
| 5          | Bustadområde           | 24/2          |
| 6          | Bustadområde           | 23/1          |
| 7          | Nautsområde            | 24/3          |
| 8          | Nautstområde           | 24/174        |
| 9          | Utviding av planområde | 24/1 og 24/65 |




*Figur 4 Plassering av innspel til reguleringsplanforslag, jfr. Tabell 2.*

Fullstendig oversyn med enkel KU for alle innspel og forslag som var oppe til vurdering følger som vedlegg 4.

#### **4.4.3. Planforslaget**

Planforslaget som følger denne oppgåva er den versjon av planen som vart lagt ut til offentleg ettersyn etter første gangs handsaming av kommunen. Plandokumenta følgjer som vedlegg 5-10. Dette omfattar vedtatt planprogram, planomtale, plankart og føresegner.

Prosessen etter utsending til offentleg ettersyn er ikkje del av arbeidet med denne masteroppgåva.



## **Byggeområde**

I løpet av planprosessen vart det avgjort at eksisterande bustadområde også skulle inngå i planen. Dette området består av ei rekke eldre reguleringsplanar, der fleire er delvis oppheva av nye reguleringsplanar eller endra av kommuneplanen. Føresegner og plankart vart oppdatert og innarbeidd i den nye reguleringsplanen som ved endeleg vedtak vil oppheve dei eldre planane. Denne prosessen vart utført av kommunen. Då den er av planteknisk art, og ikkje relevant for problemstillinga i denne oppgåva, vert det vist til vedlagd planomtale for nærmare beskriving av det som gjeld eksisterande bustadområde.

Planen legg til rette for 13 nye bustadar, der 6 av dei kan byggast utan krav om detaljregulering. Eksisterande tomter for fritidsbustadar er synt som LNF område for spreidd fritidsbusetnad og frådelte bustadtomter i landbruksområda er synt som LNF område for spreidd busetnad. Gjennom føreseggnene er bustadhus og tunet knytt til landbrukseigedommane også definert som LNF spreidd, og ev. tiltak skal handsamast etter dei same reglane.

1,7 daa innmarksbeite vert omdisponert til bustad, elles omdisponerast ikkje landbruksareal i planforslaget til anna enn kyststien.

## **Regulert landbruksareal**

Det var eit av måla med planprosessen å sikre viktige landbruksområde, dette var del av vedtaket i kommuneplanen. Landbruksområda i planen har eit mangfold av verdiar og dei ulike områda krev ulike omsyn. På bakgrunn av dette var det ynskje om å differensiere mellom landbruksareal av ulik kvalitet, for å styre arealbruken til det beste for det enkelte delområde i planen. Ettersom kart- og planforskrifta ikkje definerar innhaldet i dei ulike underføremåla, så ligg den praktiske skilnaden i føreseggnene for føremål og underføremål.

Større samanhengande område med landbruksareal er i planen regulert til jordvern. Føreseggnene seier at det ikkje kan gjerast tiltak på desse areala som gjer dei mindre eigna til matproduksjon. Det er tillate med t.d. jordforbetringstiltak. Føreseggnene hindrar med dette tiltak som t.d. bygging av nytt fjøs eller andre bygningar på dei mest produktive areala. Ein kan ikkje krevje at det skal føregå matproduksjon til ei kvar tid, men areala skal skjøttast slik at det enkelt kan setjast i gang produksjon. Som matproduksjon reknar ein

både direkte produksjon av mat til menneske (korn og grønsaker) og produksjon av fôr til husdyr.

Mindre flater med fulldyrka jord, områder som er overflatedyrka samt tilliggande innmarksbeite er regulert med føremål landbruk. Føresegne seier at areala skal nyttast til landbruksaktivitet, utan at dette er verken spesifisert eller avgrensa. Skilnaden på desse og jordvernområda er at t.d. attåtnæringar og landbrukstiltak som ikkje direkte gjeld matproduksjon er tillate innanfor føremålet landbruk. Dersom gardbrukaren ynskjer å drive med landbruksrelatert attåtnæring, eller ein finn at det er behov for nye bygningar og tiltak på garden, så kan det leggast til desse områda. Tiltak innanfor det utvida landbruksomgrepet (altså inkludert attåtnæring) er ikkje søknadspliktig som følgje av planen, men det kan likevel vere krav om søknad direkte ut frå plan- og bygningslova med forskrifter eller med heimel i særlover.

Områda i planen som har både landbruksverdi, men også store verdiar for naturmangfaldet (t.d. beitemarkssopp), kulturminne eller friluftsliv har fått hovudføremålet LNF. Ein nyttar det samla føremålet fordi området har fleire kvalitetar, og det vil gje feil uttrykk dersom ein skal framheve ein av bruksområda i planen framfor dei andre. Føresegne seier at området kan nyttast til landbruksverksemد, slik som områda med føremål landbruk, men at det etter søknad kan tilretteleggjars for ferdsle og framsyning av kulturminne. Det skal takast omsyn til kulturmark og beitemark, og er ikkje tillate med tiltak som reduserer verdien av naturtypeområde for beitemark. Både kulturmynde og fagkyndig for kulturlandskap skal involverast før godkjenning av eventuelle tiltak. Slik har ein forsøkt å ivareta alle omsyn. Det er viktig for naturtypen at området fortsatt vert beita. Ein ynskjer å la folk få oppleve kulturlandskapet og natur- og kulturkvalitetane arealet har, men ein vil ikkje la ferdsla vere slik at den øydelegg det som gjer området attraktivt. Derfor skal det takast omsyn til både kulturlandskapet og kulturminna ved tilrettelegging for ferdsle. Tilrettelegging kan vere ynskjeleg både ut frå eit folkehelseperspektiv for å få folk ut på tur, men også for å kanalisere ferdsla for å ivareta verdiane i området.

Planen har følgjande areal med landbruksformål:

*Tabell 4 Fordeling av landbruksareal i planen*

| Arealkategori             | Areal (daa) |
|---------------------------|-------------|
| LNF                       | 45,8        |
| Landbruk                  | 251,2       |
| Jordvern                  | 266,2       |
| LNF spreidd bustad        | 21,4        |
| LNF spreidd fritidsbustad | 1,8         |

Det er i konsekvensutgreiinga vurdert at reguleringa kan ha positive verknadar på landbruksproduksjonen, av di den gjev ei betre sikring av areal eigna til matproduksjon. Konsekvensen for den enkelte gardsverksemda kan imidlertid verte noko negativ, på grunn av kyststien som vil krysse dyrka mark og medføre auka ferdsle i området.

I eit område med så mange interessekonflikter vil alle tiltak ha både negative og positive konsekvensar for dei fleste brukarane. Ei avklaring av arealbruken med tydlege retningslinjer vil likevel gje meir forutsigbare tilhøve for alle brukarar av området.

## **5. Diskusjon**

### **Lovgjevar sin intensjon**

Det har vore overraskande vanskeleg å finne konkret korleis ein skal nytte den nye inndelinga av landbruksføremål i plan- og bygningslova. Det er 7 år etter at ny lov tredde i kraft ikkje kome noko vegleiar som seier korleis LNF føremål skal nyttast i reguleringsplan. Både landbruks- og matdepartementet og landbruksdirektoratet stadfestar i sine svar at vegleiar og forarbeid til lova har lite informasjon om korleis dei nye føremåla skal nyttast.

Det er berre i forarbeida til plan- og bygningslova at ein finn kva som er intensjonen med lovendringa. Der vert det peika på endringane som skjer i struktur og driftsmåtar i dagens landbruk, m.a. vert storleiken på gardsbruken større og det vert stadig vanlegare med attåtnæringer ut over «tradisjonelt» landbruk – slik som turisme og utleigeverksemd. Områdeplan vert dratt fram som eit verktøy for å planlegge for fleirbruk der tradisjonelt landbruk er ein av brukarane. Det verkar som at lovgjevar har hatt ein klår og tydeleg visjon for regulering av landbruksareal og bruk av underføremåla, men at dette ikkje er klart formidla vidare til dei som skal nytte regelverket i praksis. Dei siste ti åra har det vore ei rekke lovendringar som vedkjem offentleg forvaltning, bl.a. ny naturmangfaldlov, ny offentlegheitslov og endringar i fleire av landbrukslovene i tillegg til alle endringane for plan- og byggesak. Nye rutinar for regulering av landbruksareal har nok kome i skuggen av alle desse andre endringane.

### **Bruk av arealføremål og underformål**

Det kom til saman 14 svar ut frå 36 førespurnadar, dette gjev ein svarprosent på 36 %. Dersom ein derimot ser det fylkesvis så er det kome svar frå 14 av 18 fylker, noko som vil sei at 78 % av fylka er representert. Berre 6 av fylkesmenna har svart, noko som er beklageleg ettersom fylkesmannen er overordna planmynde og er den som skal vegleie kommunane i forhold til arealplan.

I frå Fylkesmenn og fylkeskommunar var det lite informasjon å få om areal- og underføremåla, og dei hadde jamt over lite kjennskap til bruk av føremåla. Dette syner dessverre ikkje eit godt bilet av kva reguleringsplanar som finnes. Det er bl.a. svart at ein ikkje kjenner til bruk av slike føremål frå det fylkesmannsembetet som har hatt planen som er case studie i denne oppgåva til uttale, dvs. Fylkesmannen i Hordaland.

Ved ei slik spørjing vil det verte litt tilfeldig kva svar ein får, ut frå kven som får i oppgåve å svare på førespurnaden. Ein kan ikkje vente at den enkelte sakshandsamar har kjennskap til dei planar ein ikkje sjølv har gjeve uttale til. Det er vanleg at sakshandsamarane hjå fylkesmenn og fylkeskommunar har ansvar for utvalde kommunar i fylket. Ut frå det burde ein gjerne ha kontakta fleire sakshandsamarar, då det kan vere skilnad frå kva som er vanleg reguleringspraksis i ulike kommunar.

Det er naturleg at det er lite fokus på landbruk i reguleringsplan i dei fylka som har lite landbruksproduksjon. Dette vert til ein viss grad stadfestat ut frå dei svara som er gjeve, der Rogaland og Nord-Trøndelag som er typiske «landbruksfylker» er av dei som har kome med konkrete dømer. At ein hjå offentlege mynde har lite fokus på landbruk, betyr likevel ikkje at slike areal ikkje er omfatta av reguleringsplanar. Det betyr berre at myndighetane ikkje har fokus på det.

Nokre av svara er gjeve ut frå den enkelte sakshandsamar si erfaring, medan det i andre fylke er tatt opp sak i felles forum før det er svart. Nokon har også samarbeidd med landbruksavdelinga for å finne svar. Det kan tenkast at ein hadde fått andre svar ved å rette spørsmåla direkte til landbruksavdelingane. E-postane er send til postmottak, med melding om å vidaresende til rette fagperson på landbruk/arealplan. Det har dermed vore opp til mottakar å vurdere om spørsmålet er mest relevant for landbruks- eller planavdelinga. Ut frå kven som har svart så har dei aller fleste konkludert med at dette er eit planfagleg spørsmål.

Resultata syner at underføremål av LNF er lite brukt. Dette vil nok stemme mange stadar, men også vere eit galt inntrykk mange stadar. Det resultata syner er at det er lite merksemld på kva føremål ein brukar, og at dei overordna planmyndene ikkje har eit medvite forhold til korleis landbruks- eller utmarksareal vert regulert. Antakeleg er dette eit resultat av at det ikkje har vore merksemld på regulering av landbruksareal frå nasjonalt hald. Ein kan ikkje vente at dei enkelte kommunane og dei ulike arealplanleggarane skal ha fokus på korrekt regulering av landbruksareal når dette vert gjeve så lite merksemld hjå fylkeskommune og statlege mynde.

Representant frå både KMD og frå Bondelaget antyda same konklusjon – at det er bruk for verktøy til å regulere landbruksareal, men at mangel på kunnskap gjer at mogelegheitene ikkje vert nytta. Fleire av svara peikar på vegleiaren «Plan- og bygningsloven og Landbruk Plus», som er i ferd med å bli oppdatert. Den oppdaterte

vegleiarene vil vere ein naturleg stad for å gje svar på korleis ein del av underføremåla av LNF skal nyttast.

### **Korleis føremåla brukast**

Undersøking av ulike kommunar i Rogaland syner at føremål i kategorien LNF førekjem i 31,5 % av alle planar vedtatt med heimel i ny planlov. Dette syner at kategorien i stor grad er brukt, og at LNF kategorien er viktig i plansamanheng. Det seier derimot lite om kva som faktisk regulerast når LNF er del av ein reguleringsplan.

Ved nærmere ettersyn ser ein at dei fleste tilfelle av LNF areal i reguleringsplan er der landbruk ligg som tilgrensande areal til veg. Ved veganlegg er det vanleg å regulere ei sone ut over sjølve vegarealet, samt at ein i kryss må ha med areal for frisikt. Ofte er delar av dette landbruksareal. I hytteområder og ved spreidd bustadbygging ligg det ofte utmarksareal mellom og rundt tomtene, som er vert regulert til friluftsføremål. Den siste «samlekategorien» av LNF areal som ikkje direkte handlar om landbruksdrift er mellombelse deponi, fyllingar og anleggsområder. Her vil arealet vanlegvis verte tilbakeført til landbruk, og derfor vert det regulert som landbruksareal saman med sone for deponi eller anlegg.

LNF kategorien vert altså fortsatt i hovudsak nytta til å fylle ut restareal i reguleringsplan, der det ikkje er anna føremål som passar.

### **Gode og dårlege dømer**

Ein skal ikkje leite lenge for å finne dårlege dømer på regulering av landbruksareal. I stor del av planane der landbruk er regulert er det knapt gjeve føresegner til landbruksarealet. Når gjennomgang av reguleringsplanar i enkelte kommunar syner at  $\frac{1}{4}$  av planane som inneheld landbruksføremål ikkje eingang nemner føremåla i planen sine føresegner, vitnar det om lite merksemd på landbruksdelen av reguleringsplanane.

Heldigvis finnes det også dømer i motsatt ende av skalaen. Statens vegvesen sitt «ny jord» prosjekt er eit godt døme på korleis ein kan bruke landbruk i reguleringssamanheng. Her regulerast areal som skal oppdyrkast som erstatting for det arealet som vert omdiagonert ved bygging av ny E18. Det er eit pilotprosjekt og nytt i Noreg å regulere større areal frå eit anna føremål til landbruk. Prosjektet er mest nyskapande i form at ein flyttar matjord

og dyrkar opp landbruksareal på nye stadar, men det er også nyskapande i reguleringssamanheng.

### **Case studie - Områderegulering, tilrettelegging for opplevingar og minimering av arealkonflikt**

Målet med områdereguleringa som har vore case studie i denne oppgåva har vore å etablere trase for kyststi og redusere arealkonfliktene i eit av dei største samanhengande landbruksområda i Stord kommune. Kor vidt ein når målet med å redusere arealkonflikter vil ein fyrst kunne sei ei tid etter at planen er vedtatt. Området har konflikter både med utbyggingspress og med interesseomsetnadane mellom landbruk, miljø og friluftsliv.

Det vil vere opp til den kommunale forvaltninga å avgjere korleis forholdet mellom landbruk og utbyggingspress vert ivaretatt. Med ein ny områderegulering der alle grunneigarane har fått sine innspel vurdert, har kommunen eit godt verkty til dette. Det er ikkje lengre grunnlag for å godkjenne «bit for bit» fragmentering av landbruksarealet gjennom dispensasjonssøknadar for enkelte hus- eller hyttetomter. Dersom både administrasjon og politikarar brukar områdereguleringa slik intensjonen er, vil ein unngå desse problemstillinga i dette området ei god tid framover.

For utbygging knytt til landbruksnæringa gjev også planen føringar for kva areal som kan nyttast til ulike føremål. Det viktigaste matjorda er regulert med føremål jordvern og føresegner som seier at her ikkje kan gjerast tiltak som forringar jorda sin verdi for matproduksjon. Dette kan på sikt opplevast konfliktfullt for den enkelte bonde, dersom det vanskeleggjer utbygging av driftbygningar eller tilrettelegging av tilleggsnæring.

Ved vurdering av trase for kyststi vart det fort klart at området har sterke motstridande interesser der det ikkje finnes noko ideell løysing. Ut frå omsyn til landbruket burde stien leggast så nære sjøen som mulig, for å unngå å redusere tilgjengelig areal og unngå konflikt med beitedyr. Imidlertid er sjøområdet her eit viktig fugleområde, og ornitologiske interesser bed om at stien vert lagt lengst mulig bort frå stranda for å unngå uroing av fuglelivet. I tillegg er ein av dei flottaste utsynspunkta også område for kulturminner. Ein kan ynskje seg tilrettelegging for ferdsel og framsyning av kulturminna, men kulturminnemynde verkar skeptisk til alle tiltak nær dei automatisk freda kulturminna i dette området. Det er også eldre hytte- og nausttomter i området som er

aktuelt for kyststi, som må takast omsyn til ved val av trase. Det er ikkje heldig å legge stien tvers gjennom etablerte hagar, sjølv om desse ligg i strandsona

Når valg av trase er tatt kan ein gjennomføre avbøtande tiltak for å betre konflikta. Tilpassa vegetasjon og oppsetjing av fugletårn kan redusere konflikt mellom turgåarar og fugleliv. Når stien er på plass vil ein unngå at turfolk trakkar «alle plassar» og på den måten vil ein spare bøndene for enkelte plager. Plassering av sjølvlukkande grinder og gjerdekklyverar vil også redusere problempotensialet.

Sjølv om tilrettelegging kan redusere konflikt så kan det også bidra til det motsatte. Godt tilrettelagde turområde har ofte fleire brukarar. Ein vil få meir trafikk, fleire som ikkje har kjennskap om korleis ein tar omsyn til ville eller tamme dyr og meir forstyrring i området. Føresett at ein uansett skal byggje kyststi er det føreslåtte alternativet det beste ut frå dei føresetnadane som var kjend ved utarbeiding av planen.

Plan- og bygningslova er nytta som eit reiskap i å planlegge og tilrettelegge for ulike interesser i eit jordbrukslandskap. Det står att å sjå korleis dette kan fungere i praksis, men ut frå eit reint planteknisk perspektiv har gjeldande plan- og bygningslova gode reiskapar til dette.

## 6. Konklusjon

Det er vanskeleg å dra noko konklusjon om endringane i plan- og bygningslova kan fungere etter intensjonen når dei nye føremåla i så liten grad vert nytta. Det er klart at endringa opnar for nye moglegheiter til å regulere landbruksareal, men er det behov for desse mogelegheitene? At det ikkje finnes oppdaterte veggearar kan vere del av forklaringa på kvifor det fortsatt er hovudføremålet LNF, eller kategoriane landbruk og friluftsliv, som stort sett er brukt. At det ikkje er krav om regulering for landbrukstiltak kan vere ei anna årsak. Det er berre unntaksvis at landbruksområde regulerast av omsyn til landbruket. Vanlegvis vert landbruk tatt med i plan når det ligg mellom eller er sideareal til utbyggingsområde eller samferdselsanlegg.

Fungerer lova slik det var hensikta, sett ut frå problemstillingane i NOU 2001:1 og 2003:14?

***Behov for å sondre mellom de forskjellige tiltak som går inn under landbruk blandt annet reindrift, skogsdrift, jordbruksområder i drift, impediment og kulturlandskapsområder.***

Plan- og bygningslova har relevante kategoriar for desse føremåla. Reindriftsområder kan skiljast ut både på regulerings- og kommuneplannivå, og andre områder kan spesifiserast i reguleringsplan. Case study til denne oppgåva syner døme på dette, men ut frå dei tilbakemeldingane som er gitt frå offentlege instansar så vert ikkje underkategoriane bruk. Kanskje er behovet for dette mindre enn lovgjevar såg for seg?

***Behov for å klargjøre hvilke nye tiltak og næringsvirksomhet som går inn under landbruks i LNF-kategorien.***

Dette er eit spørsmål som klårt bør besvarast i ein veggjar. Det går ikkje fram av lovteksten kva tiltak eller næringsverksemrd som høyrer inn under LNF omgrep, og heller ikkje kva tiltak som høyrer inn under dei ulike underføremåla.

***Behov for å markere særlig viktige jordvernområder***

14/1636-

04.11.2016

### **Spm vedr landbruksareal i reguleringsplan - LNF-områder -**

Vi viser til dine e-poster datert hhv 11.10.2016 og 24.10.2016.

Landbruks- og matdepartementet kommer relativt sjeldent i berøring med konkrete reguleringsplaner. Vi har derfor begrenset kjennskap til bruk av underformål til LNF i praksis. Vi ser at forarbeidene til gjeldende plan- og bygningslov (Ot.prp.nr.32 (2007-2008)) heller ikke gir utdypende anvisning på bruk av underformål til LNF.

Du spør om vi vil anta at konkret bruk av underformål i framlagt eksempel er i tråd med intensjonen i plan- og bygningsloven (tbl). Til dette vil vi vise til at det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er overordnet myndighet for tbl, og at spørsmål om riktig bruk samt tolkning av denne loven bør rettes dit.

Du spør om hva vi tror er årsaken til at underformålene i LNF er lite brukt. Dette kan ha flere forklaringer, blant annet at det er mange ulike interesser knyttet til disse arealene, at flerbruk i mange tilfeller fungerer godt, og at det derfor i mange tilfeller ikke er hensiktsmessig med underinndeling. I noen tilfeller vurderer kommunene at det er bedre å bruke hensynssoner. Manglende bruk av underinndeling kan i noen tilfeller ha sammenheng med mangel på kapasitet i kommunene.

Du spør om situasjoner vi tror det er bruk for reguleringsplan for moderne landbrukstiltak. Dette kan være aktuelt i situasjoner der det skal føres opp et svært stort bygg, som mer blir å anse som industri, eller i situasjoner der en tilleggs-virksomhet til et gårdsbruk har startet i det

små, men etter hvert har utviklet seg til noe stort som kommer i konflikt med andre arealinteresser.

Det arbeides for tiden med å oppdatere veileder T-1443 *"Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss"*. Denne veilederen omtaler forholdet mellom landbruk og pbl, jamfør ditt siste spørsmål.

Med hilsen

Geir Dalholt (e.f.)  
avdelingsdirektør

Brynhild Resell  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen*

# SV: Landbruk i reguleringsplan

Strømsæther, Jan Terje

Fri 11/11/2016 11:43 AM

To:i\_varanes@hotmail.com <i\_varanes@hotmail.com>;

Hei Ingunn,  
Jeg skal forsøke å svare på dine spørsmål.

Men det er i liten grad noen fasit her, og lite konkret å hente i veilederingen til loven.

Jeg kjenner ikke til i hvilken utstrekning underformål til LNFR blir benyttet i reguleringsplaner i dag. Jeg antar det er av begrenset omfang, og at det i så fall er mindre felt som får disse kategorien i utbyggingsplaner.

Jordvern-kategorien kan benyttes dersom det er ønskelig å vise et ekstra behov for å ivare at jordbruksarealer innenfor planen. Denne kategorien for ikke annen virkning enn at det bør tas særlig hensyn til jordvern ved dispensasjonssøknad fra planformålet, eller ved behandling av omdisponeringssak etter jordloven § 9.

Dersom kommunen ønsker å angi områder som generelle LNFR-områder i plan, så kan de gjøre det. Dersom kommunen ønsker å styrke og spesifisere verneverdier, så kan de gjøre det også. Sånn sett tenker jeg absolutt at formålene du bruker i planen er i tråd med formålene for dette i loven, dersom det er ment at LL skal være landbruksarealer, og at LJ er dyrka jord.

Jeg vet ikke hvorfor underformålene er lite brukt, men jeg antar at siden hovedfokus i planene som regel er utbygging, benyttes LNFR-formål generelt lite på reguleringsplannivå. LNFR-formålene brukes mest som «utfylling» mellom utbyggingsområdene. Disse arealene vil uansett ligge som LNFR-områder i kommuneplanens arealdel, og på den måten få en beskyttelse mot nedbygging, og en status som landbruks-, natur-, og friluftsområder. Men dersom kommunen har et bevisst ønske om å spesifisere formålet, bør de bruke underformål.

Dersom et landbrukstiltak er av en veldig stor størrelse, eller veldig stort omfang, kan det havne utenfor det generelle LNFR-formålet i kommuneplanens arealdel. Da kan det bli behov for spesifikke reguleringsplaner for landbruksformål. Eksempel kan være ridesenter.

Forvaltning LNFR-område er utfordrende siden det ikke i noen stor grad er diskutert i forarbeidene til loven hva som er innholdet i landbruksbegrepet og hva som skal være tillatt og ikke. Men generelt skal tiltak i LNFR-områdene ha en klar tilknytning til landbruksdrift slik det tradisjonelt forstås.

Det er kommentarutgaven til Plan- og bygningsloven av Tyrén, Plan- og bygningsloven med kommentarer av Innjord og Plan- og bygningsrett av Pettersen m.fl. som er mest relevante fagbøker om innholdet i LNFR-begrepet.

Med hilsen

Jan Terje Strømsæther  
Seniorrådgiver

# Planprogram

## Områderegulering for Sævarhagen – Haga – Nedre Økland




## **Innhold**

|      |   |    |
|------|---|----|
| 1    | Bakgrunn for planarbeidet .....             | 2  |
| 1.1  | Innleiing .....                             | 2  |
| 1.2  | Avgrensning av planområdet .....            | 3  |
| 1.3  | Føremål med planarbeidet.....               | 3  |
| 2    | Planområdet.....                            | 3  |
| 2.1  | Eigartilhøve.....                           | 3  |
| 2.2  | Planstatus .....                            | 3  |
| 2.3  | Vegetasjon og landskap.....                 | 4  |
| 3    | Overordna rammer og premisser.....          | 5  |
| 4    | Planprosess – organisering, medverknad..... | 6  |
| 4.1  | Framdrift.....                              | 6  |
| 4.2  | Medverknad .....                            | 6  |
| 4.3  | Organisering .....                          | 6  |
| 5    | Bruk av området.....                        | 7  |
| 6    | Utgreilingstema/konsekvensutgreiling .....  | 8  |
| 6.1  | Metode .....                                | 8  |
| 6.2  | Friluftsliv .....                           | 8  |
| 6.3  | Landbruk.....                               | 9  |
| 6.4  | Naturmiljø.....                             | 9  |
| 6.5  | Kulturminne og kulturmiljø .....            | 10 |
| 6.6  | Landskap.....                               | 10 |
| 6.7  | Strandsone.....                             | 10 |
| 6.8  | Bebygelse.....                              | 11 |
| 6.9  | Veg og trafikk.....                         | 11 |
| 6.10 | Barn og unge.....                           | 11 |
| 6.11 | Universell utforming.....                   | 11 |
| 6.12 | Ureining .....                              | 11 |
| 6.13 | Beredskap/ROS- analyse .....                | 12 |
|      | VEDLEGG 1:.....                             | 13 |

|   |   |
|---|---|
| Figur 1 Planområdet .....   | 2 |
| Figur 2 Kommuneplan for Stord 2010 - 2021. Område for regulering er synt med raud skravur. .... | 4 |
| Figur 3 Landbruksareal, bygningar og vegar i planområdet.....                                   | 9 |
| Figur 5 Område for naturbeitemark ved Hovaneset.....  | 9 |

# 1 Bakgrunn for planarbeidet

## 1.1 Innleiing



Figur 1 Planområdet

I kommuneplan for Stord 2010 – 2021 er områda Sævarhagen - Haga og Haga – Nedre Økland synt som områder som er bandlagd for regulering etter plan- og bygningslova. Det er no satt i gang arbeid med reguleringsplan som omfattar desse områda.

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 skal det utarbeidast konsekvensutgreiing for reguleringsplan som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Av § 2 d i Forskrift om konsekvensutredningar går det fram at områdereguleringar som inneberer utlegging av nye område til utbyggingsføremål skal handsamast etter forskriftera.

Fyrste del av arbeidet med konsekvensutgreiing er utarbeiding av forslag til planprogram. Planprogrammet skal beskrive kva tema og område planen skal omfatte, aktuelle problemstillingar, kva utgreiinger som er naudsynt å gjennomføre, medverknad og prosess.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Forslaget skal også gjerast tilgjengeleg gjennom minst ei avis som er ålment lese på staden og elektroniske medium. Frist for å gje uttale skal vere minst seks veker.

I Stord kommune har kommunestyret delegert til forvalningsstyret å vedta planprogram.

## 1.2 Avgrensing av planområdet

Planen omfattar område som i kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021 er synt med omsynssone med krav om felles planlegging for fleire eigedommar, jf. plan- og bygningsloven § 11-8 bokstav e. I tillegg er arealet mellom omsynssona og sjøen inkludert i planområdet.

§ 5.3 Bandlegging for regulering etter Pbl (H710\_5 – 7 og 115) (pbl § 11-8 bokstav e)

For områda Haga – Nedre Økland og Sævarhagen – Haga skal det utarbeidast områderegulering før det kan gjevast løyve til nye tiltak. Føremålet med områdereguleringa er å få regulert tursti/ kyststi mellom Sævarhagen og Kviteluren og å få sikra viktige landbruksområde gjennom regulering.

## 1.3 Føremål med planarbeidet

Målsetjinga med planarbeidet er å etablere ein overordna plan for området som skal sikre viktige landbruksområde og regulere tursti gjennom området. Turstien er ein del av arbeidet med å knyte bustadområde i Stord saman med turstinettet.

Området består i stod del av landbruksområde med natur- og friluftskvalitetar omkrinsa av bustadområde. Planarbeidet skal gjere greie for muligkeit for fortetting samtidig som ein ivaretak landbruks- og landskapsverdiane. I planen skal mogelege områder for utbygging synast, samtidig som sentrale landbruksareal vert gjeve strengare vern.

# 2 Planområdet

## 2.1 Eigartilhøve


Planområdet omfattar nokre nausteigedommar, ei rekke bustadeigedommar, samt drift av 8 landbruksføretak.

## 2.2 Planstatus

I kommuneplanen er delar av området bandlagd for regulering etter plan- og bygningslova og synt med omsynssone landbruk. Delar av område er eksisterande bustadområde i kommuneplanen.

Planområdet omfattar eksisterande reguleringsplanar:

- R-258-000, Nedre Økland
- R-213-001, Sævarhagen
- R-210-000, Sjonarvegen
- R-031-000, Øklandsmarka 2
- R-029-000, Øklandsmarka
- R-025-000, Økland
- R-017-000, Hagasjå 2
- R-007-000, Hagasjå 1
- delar av R-213-000, Helseportsenter Sævarhagen.



Figur 2 Kommuneplan for Stord 2010 - 2021. Område som er bandlagd for regulering er synt med raud skravur, svart stipla linje er grense for områdereguleringa.

Områdereguleringa må ta omsyn til og tilpassast kringliggande reguleringsplanar:

- 201105, Rommetveit
- R-240-000, Hagatre
- R-227-000, Prestegårdskogen golfbane
- R-207-000, Økland
- R-037-000, Sævarhaugsvikjo båthamn
- R-026-101, Aslaksvikjo – Sævarhagsvikjo del 1

### 2.3 Vegetasjon og landskap

Planområdet er om lag 1480 daa, derav om lag 1000 daa på land. Det er registrert fleire område med verdifulle naturtypar og artsførekommstar innafor planområdet. I sjø er det blautbotnområde og ålegrassamfunn, samt raste- og yngleområde for m.a. ande- og vadefuglar. På land er det registerer område for naturbeitemark. I tillegg er området eit av dei rikaste på eldre kulturminne i Stord kommune.

Den ubebygde delen av planområdet består i stor grad av fulldyrka mark med innslag av lauvskog og innmarksbeite. Området er avgrensa av sjø i aust, båthamn i sør og bustadområde mot nord og vest.

### **3 Overordna rammer og premisser**

I planarbeidet må det takast omsyn til overordna planar og rettingslinjer frå regionalt og statleg hald.

Overordna planar og rettingslinjer som bør takast omsyn til i planarbeidet:

- ✓ Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv
- ✓ Fylkesdelplan for kulturminne 1998- 2012
- ✓ Fylkesdelplan for Sunnhordland – 2005
- ✓ Kommuneplan for Stord
- ✓ Kommunedelplan kulturminne og kulturmiljø
- ✓ Arealstrategi april 2009 frå Fylkesmannen, Landbruksavdelinga
- ✓ ROS analyse for kommunane Fitjar og Stord
- ✓ Rettleiar: "Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland"
- ✓ Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland

## 4 Planprosess – organisering, medverknad

### 4.1 Framdrift

|   |                        |               |
|---|------------------------|---------------|
| Kunngjering planprogram og oppstart                           | Merknadsfrist: 6 veker | Oktober 2013  |
| Ope informasjonsmøte  |                        | November 2013 |
| Handsaming av planprogram med merknadar i forvaltningsstyret  |                        | Januar 2014   |
| Fyrste utkast til reguleringsplan med konsekvensutgreiing     |                        | Vår 2014      |
| Utleggning av plan til offentleg ettersyn                     | Høyring: 6 veker       |               |
| Ope informasjonsmøte  |                        |               |
| Slutthandsaming av plan i forvaltningsstyret og kommunestyret |                        |               |

### 4.2 Medverknad

Plan- og bygningslova § 5-1 og forskrift om konsekvensutgreiing seier at planprogrammet skal innehalda omtale av opplegg for offentleg informasjon og medverknad, særleg i høve til grupper som ein rekna med vert særleg berørt.

I løpet av høyringsperioden for planprogrammet vil grunneigarar og aktuelle interessegrupper verta invitert til møte. Det vil og verta invitert til møte i samband med høyring og offentleg ettersyn av forslag til områderegulering med konsekvensutgreiing.

Oppstart av plan og planprogram vert varsle i media og på kommunen si heimeside. Utkast til planprogram og forslag til områderegulering vert sendt på offentleg høyring med varsel i media og på kommunen si heimeside, samtidig vert særleg berørte grunneigarar innfor planområdet varsle direkte. Høyringane vert også sendt overordna mynde samt aktuelle interesseorganisasjonar.

I utgangspunktet vert det satt krav om detaljregulering for områder og tiltak som krev nærmere detaljering. Likevel kan det verte aktuelt med kontakt direkte med grunneigar og synfaringar for å gjere enkelte avklaringar i planen.

### 4.3 Organisering

Prosjektleiar for planarbeidet er Ingunn Varanes, som vil utarbeide utkast til reguleringsplan som del av masteroppgåve ved Høgskolen i Telemark. Prosjektansvarleg er Ove Kvalnes ved avdeling for regulering, byggesak og oppmåling (RBO) i Stord kommune. Styringsgruppe for planarbeidet er Forvaltningsstyret.

#### Prosjektgruppe

- Regulering, byggesak og oppmåling
- Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
- Idrett og friluftsliv
- Veg, trafikk og parkering
- Stord vatn og avlaup KF
- Kulturtenester
- Prosjektleiar
- Prosjektansvarleg

#### Arbeidsgruppe

- Prosjektleiar
- Prosjektansvarleg
- Sakshandsamar v/ RBO

## 5 Bruk av området

Hovudføremålet med reguleringa er å ivareta viktige landbruksområde. Delar av landbruksarealet består av artsrik beitemark som treng rett skjøtsel, og det er ei rekkje kulturminne i området. I planprosessen skal ein sjå på korleis ein kan oppretthalde og utvikle landbruksområdet samtidig som ein ivaretak natur- og kulturminneverdiane.

Ein viktig del av reguleringsprosessen er også å etablere ein trase for tursti som skal binde kringliggende tur- og bustadområde saman. Stien skal ikkje bare vere eit bindeledd, men også i seg sjølv gje rom for opplevelingar. Val av trase må takast ut frå omsyn til landbruksarealet, landskapstilpassing og samtidig muligheter for å oppleve naturmangfaldet og kulturminne.

Eksisterande bustadområde vil i hovudsak verte regulert med uendra bruk. Trase for tursti/ kyststi kan gå gjennom desse områda. Sjølv om planarbeidet først og fremst skal gje vern for dei verdiane som er i området i dag, skal ein også sjå på muligheter for fortetting av bustadområde. Fortetting av eksisterande bustadområde er eit generelt mål definert i kommuneplanen til Stord kommune.

Potensiale for fortetting må vegast opp mot dei verdiane som finnes i planområdet. Det skal ikkje leggast opp til fortetting på bekostning av verdifullt naturmangfald, sterke landbruksinteresser eller mulighet for utøving av friluftsliv i området. Det skal samtidig vurderast korleis planen kan legge til rette for positiv utvikling for landbruket.

## 6 Utgreiingstema/konsekvensutgreiing

### 6.1 Metode

Konsekvensutgreiinga vert gjennomført i samsvar med Forskrift om konsekvensutredning.

Utredninga vert utført i tre trinn:

1. Skildring av dagens situasjon med verdi for dei ulike areala
2. Konsekvensar av føreslåtte tiltak/endringar i arealbruk
3. Ev. avbøtande tiltak

Verdiar for areala vert sett basert på tidlegare registreringar og synfaring i området. Dersom det ikkje er registrert førekomstar vert verdien av arealet sett til liten. Lokalt viktige førekomstar gjev middels høg verdi, medan regionalt eller lokalt viktige verdiar gjev arealet særskilt høg verdi.

I konsekvensutgreiinga vert graden av endring vurdert opp mot verdien av arealet. For fastsetjing av konsekvens vert det nytta ein femdelt skala: Særskilt negativ – negativ – ingen – positiv – særskilt positiv med verdiar frå -2 til + 2. Verdiar vert sett for konsekvens med og utan ev. avbøtande tiltak.

Kjelder/rapportar:

- Kommuneplan for Stord
- ROS analyse for kommunane Fitjar og Stord

### 6.2 Friluftsliv

Ein stor del av planarbeidet er å etablere trase for tursti som skal binde saman bustad- og turområde.

#### *Utgreiing*

Naturlege utgangspunkt for tur frå bustadområde, samt eksisterande turstiar, gjev føringar for val av trasé. Ved vurdering av trase må det også takast omsyn til landbruk, naturmangfald, strandsone og tilgjenge. Parkeringsbehov må undersøkjast.

Kjelder/rapportar:

- Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv
- Prosjektrapport "Grøntstruktur, turvegar og gang- og sykkelvegar på Stord"
- Planprogram for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Stord kommune 2013 – 2021.

## 6.3 Landbruk


Planområdet består i hovudsak av landbruksareal som skal sikrast i planprosessen. Fordeling av arealklassar er registrert i arealressurskartet AR5.

### *Utgreiing*

Kva effektar auka ferdslle og ev. fortetting av bustadområde kan ha på landbruksarealet må vurderast.

Kjelder/rapportar:

- Arealstrategi april 2009 frå Fylkesmannen, Landbruksavdelinga



## 6.4 Naturmiljø

Naturmiljøet består av både naturtypar, biologisk mangfald og geologi. Konsekvensar av planframleggget skal utgreiast i høve til prinsippa i naturmangfaldlova.

Store delar av planområdet er artsrikt kulturlandskap. Delar av området ved Hovaneset er registrert med naturtype "Naturbeitemark" og har eit stort mangfald av artar. Det er m.a. registrert ei rekke raudlista sopp og karplanter.

Strand- og sjøområda utanfor er yngle- og rasteområde for fleire fugleartar, det er registrert fleire raudlista fugleartar innafor området.



Figur 4 Område for naturbeitemark ved Hovaneset

Det er ingen større vassdrag, men nokre mindre bekkefar i planområdet. Status for bekane er ikkje kjend.

Strandområda i og utafor planområdet er registrert med naturtype "Bløtbunnsområder i strandsonen" med potensiale for dvergålegras og naturtype "Ålegrassamfunn". Det er registrert lokalitetar for dvergålegras innafor området. I Sævarhagsvikjo er det også registrert svartelista alger.

### *Utgreiing*

Utbreiing og omfang av biologisk mangfald knytt til kulturlandskapet må utgreiast. Det same gjeld fuglane sin bruk av området, og ei vurdering av kor sårbare artane er for aktivitet.

Strandområda med ålegras er godt undersøkt m.a.

gjennom handlingsplan for dvergålegras. Likevel er det vitig å undersøke korleis endra aktivitet på land kan påverke førekommstane.

Delar av planområdet er godt undersøkt i høve til naturmangfald. Arbeidet med reguleringsplanen må klargjere kor vidt det er behov for ytterlegare biologiske undersøkingar av planområdet.

Kjelder/rapportar:

- Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. Steinsvåg og Overvoll, 2004.
- Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord. Moe og Fadnes, 2008.
- Naturbase
- Artsdatabanken
- Handlingsplan for dvergålegras, Fylkesmannen i Hordaland

## 6.5 Kulturminne og kulturmiljø

I planområdet er det fleire gravminne frå jern- og middelalder. Det er nokre sefrak- registrerte bygningar, samt bygg og kulturmiljø som er omtalt i kommunen sin kulturminneplan.

Det må etablerast oversyn over kulturminne og verneverdige bygningar. Kulturminna skal registrerast i plankartet med omsynssone. Det er eit mål å best mulig ivareta kulturminna og samtidig vurderast om desse kan gjerast tilgjengeleg som del av opplevinga av området.

Kjelder/rapportar:

- Riksantikvaren – Kulturminner og kulturmiljøer plan- og bygningsloven – Veileder
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998- 2012
- Kommunedelplan kulturminne og kulturmiljø
- Riksantikvaren: [www.ra.no](http://www.ra.no)

## 6.6 Landskap

Alle tiltak som vert føreslått i planen må utgreiast i høve til landskapsverknad på nært og langt hald.

### *Utgreiing*

Landskapsverknad er også ein del av vurderinga som må gjerast i høve til prinsippa i naturmangfaldlova. Det er ikkje lagt opp til tiltak som vil ha vesentleg verknad på landskapet, men alle tiltak som kan gje siluettverknad, påverke utsikt eller gjere andre endringar på måten landskapet framstår må vurderast.

Kjelder/rapportar:

- Miljøverndepartementet – T-1179 Estetikk i plan- og byggesaker – veileder
- Miljøverndepartementet – T-1267 Fortetting med kvalitet – veileder
- Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland
- Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap. Aurland naturverkstad rapport 7-2011.

## 6.7 Strandsone

Planframlegget vil i stor grad omfatte regulering av strandsona. Det vert ikkje lagt opp til nedbygging av ubebygd areal i strandsona, likevel må effektar på ålmenta si tilgjenge i strandsona utgreiast.

Kjelder/rapportar:

- St.meld.nr. 43 (1998-1999) Vern og bruk av kystsona
- St.meld.nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk
- St.meld.nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 Retningsliner for forvaltning av strandsona
- Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune: Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland
- Strandsonekartlegging i Stord kommune

## 6.8 Bebyggelse

I planarbeidet skal det undersøkast muligheter for fortetting av eksisterande bustad- og naustområde.

### *Utgreiing*

Talet på eksisterande bustadar. Potensiale for nye bustadar og potensiale for fortetting av eksisterande naustområde. Som del av vurderinga må løysingar knytt til vatn, avlaup, renovasjon og trafikktihøve vurderast.

## 6.9 Veg og trafikk

Planforslaget vil i utgangspunktet ikkje ha store konsekvensar for veg og trafikk ettersom det ikkje vert lagt opp til større utbyggingar.

### *Utgreiing*

Ev. utfordringar knytt til parkering for turgåande må utgreiast. Eksisterande infrastruktur må vurderast, særleg dersom det vert føreslått utbygging/fortetting av bustadområde. Vurderingane må gjere greie for framkomst både til fots, med sykkel og med bil.

## 6.10 Barn og unge

Det må gjerast greie for om det er områder med særleg interesse for barn og unge i planområdet.

### *Utgreiing*

Kommunen har ikkje registrert barnetråkk for dette området. Registrering av barn og unge sine interesser må skje i samarbeid med skular og barnehagar i nærleiken.

## 6.11 Universell utforming

Kor vidt tursti kan gjerast tilgjengeleg for alle er i stor grad avhengig av terrengtilhøva. Det bør utgreiast kor vidt dette lar seg gjere. For ev. bustadutbygging må universell utforming vurderast.

Kjelder/rapportar:

- Temaveileder: Universell utforming og planlegging etter Plan- og bygningslova
- Rundskriv T-5/99 B Tilgjengelighet for alle

## 6.12 Ureining

Ureining kan vere til luft, jord eller vatn. Støy er også rekna som ureining. Det er ikkje lagt opp til større aktivitetar som normalt gjev ureining.

### ***Utgreiing***

Avrenning frå eksisterande og framtidig landbruk. Trafikkstøy, ureining frå mulig fortetting av bustadområde.

### **6.13 Beredskap/ROS- analyse**

Alle tiltak må vurderast ut frå mulige konsekvensar for beredskapssituasjonen. I utgangspunktet vil ikkje planen opne for tiltak som gje vesentlege endringar for beredskapssituasjonen.


ROS- analysen skal gje ei vurdering av uønska hendingar som kan skje som følgje av tiltak planen opnar for eller ha konsekvens for slike tiltak.

Stord kommune 20.10.2013

rev. etter høyring 16.12.2013

## **VEDLEGG 1:**

Planområde Områderegulering Sævarhagen – Haga – Nedre Økland, gbnr 23/1 m.fl.




# Oversyn arealinnspel til oppstartsmelding

Områderegulering Sævarhagen – Haga – Nedre Økland

med vurderingar ut frå opplysningar i kommuneplan, AR5 og naturbase

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| Innspel nr 1: Bustadområde, gbnr 24/5 .....                  | 4  |
| Innspel nr 2: Bustadområde gbnr: 24/3 .....                  | 5  |
| Innspel nr 3: Bustadområde gbnr 24/277 .....                 | 6  |
| Innspel nr 4: Bustadområde gbnr 24/2 .....                   | 7  |
| Innspel 5 Bustadområde gbnr 24/2.....                        | 8  |
| Innspel nr 6: Bustadområde gbnr 23/1 .....                   | 9  |
| Innspel nr 7: Naustområde gbnr 24/3.....                     | 10 |
| Innspel nr 8: Naustområde gbnr: 24/174 (eksisterande) .....  | 11 |
| Innspel nr 9: Utviding av planområde gbnr 24/1 og 24/65..... | 12 |






## Innspel nr 1: Bustadområde, gbnr 24/5

Bustadomter: 9,4 daa

Planstatus: Omsynssone landbruk.

AR5: Jorddekt, lauvskog, særs høg bonitet

Naturbase: Ingen



**Vurdering:** Området ligg midt i landbruksområdet og er viktig for å behalde eit samanhengande grønt-/landbruksområde. *Vert ikkje tatt med vidare.*

## Innspel nr 2: Bustadområde gbnr: 24/3


3 tomter (frå sør): 1,8 daa. 1,1 daa. 0,8 daa.

Planstatus: A: Delvis i område for spreidd fritidsbebyggelse (leik mv), dels funksjonell strandsone.

Deler er som bustadområde i regplan 017. B og C: Omsynssone landbruk.

AR5: A: lauvskog, særskilt høg bonitet. B: Bebygd. C: Fulldyrka.

Naturbase: Ingen



**Vurdering:** Tomt C ligg på fulldyrka mark, og bør ikke godkjennast. Tomt A ligg dels på areal regulert for leik, samt er vanskeleg å bebygge ut frå form og terrenget. Tomt B vert tatt med vidare.



### Innspel nr 3: Bustadområde gbnr 24/277

Bustadtomt: 0,5 daa.

Kommuneplan: Bustadområde, funksjonell strandsone.

AR5: Bebygd

Naturbase: Ingen



**Vurdering:** Tomta ligg som bustad i kommuneplan, men i funksjonell strandsone. *Vert tatt med vidare.*

## Innspel nr 4: Bustadområde gbnr 24/2

3 tomter, frå vest: 1 daa. 0,7 daa. 0,7 daa.

Kommuneplan: Alle: Omsynssone landbruk. C: Dels i funksjonell strandsone.

AR5: A og C: innmarksbeite. B: lauvskog

Naturbase: Ingen (nær rasteområde for fugl)



**Vurdering:** Ingen store direkte konflikter. Tomt C ligg nær driftsbygningane, men mulige konflikter med landbruk. *Innspel må sjåast i samanheng med innspel 5.*

## Innspel 5 Bustadområde gbnr 24/2

Ikkje definert antal tomter, 3,5 daa. Ynskjer bustadar sør for føreslått område som LNF-spreidd areal, dette omfattar areal for innspel 4.

Kommuneplan: LNF, omsynssone landbruk.

AR5: Lauvskog

Naturbase: Ingen (nær rasteområde for fugl)



**Vurdering:** Området er ok ut frå landbruks- og naturtilhøve. *Vert tatt med vidare.*


## Innspel nr 6: Bustadområde gbnr 23/1

I bustadtomt 1,5 daa (plassering/storleik ikkje synt i innspel)

Kommuneplan: Hensynssone landbruk, funksjonell strandsone.

AR5: Lauvskog

Naturbase: Ingen



**Vurdering:** Godkjenning av bustadtomt er ikkje stor konflikt med andre verdiar, men utbygging vil vere i konflikt med grøntbelte. *Tomta vert tatt med vidare, men reduserast.*

## Innspel nr 7: Naustområde gbnr 24/3

Tidl. naustomr. (A) ca. 1,8 daa. Nytt naustomr. (B) ca 2,5 daa.

AR5: A: Jorddekt, lauvskog, særslig høg bonitet. B: Fulldyrka jord, innmarksbeite.

Kommuneplan: Funksjonell strandsone. Sørleg del i omsynssone landbruk.

Naturbase: Yngleområde – tjeld. Rasteområde – vade-, måke- og alkefugl. Nær naturtypeområde beitemark og blautbotnsområder.



**Vurdering:** Konflikt med artsområde, og kan indirekte påverke område med kulturminne på Hovaneset. *Områda vert ikkje tatt med vidare.*


## Innspel nr 8: Naustområde gbnr: 24/174 (eksisterande)

Nausttomt – ynskjer at mulighet for naustbygging ikkje vert forringa av tursti.

Kommuneplan: Spreidd fritidsbebyggelse.

AR5: Bebygd

Naturbase: Ingen (nær fugle- og blautbotnområde)



**Vurdering:** Uproblematiske å vidareføre eksisterande naustområde i ny plan.


## Innspel nr 9: Utviding av planområde gbnr 24/1 og 24/65

Utviding av plan, regulering til LNF område

Kommuneplan: LNF, omsynssone landbruk (24/1). LNF/ bustad (24/65)

AR5: Innmarksbeite/fylldyrka mark (24/1), skog (24/65)

Naturbase: Ingen




**Vurdering:** Plangrense bør følge avgrensning av LNF- område i kommuneplan.

### 1.1.1 Enkel KU kyststi - Konsekvensar av alternativ til turvegtrasear

Det er ytterst få som er negative til tilrettelegging for friluftsliv, men dei færreste vil at sine areal skal nyttast. Det er fleire kreative forslag til korleis ein kan føre fram tursti for å unngå ulike interessekonflikter.

Det skal etablerast ein gangtrase mellom Hystadmarkjo og Klingenbergkaien. Ny stitrase skal starte ved Rommetveit båthamn, frå Sjoarvegen.



Konsekvensar er vurdert for 4 kategoriar:

Friluftsliv: Nye turstiar i seg sjølv er positivt. Opplevinga for dei som skal nytte turstien er vurdert.

Landbruk: Påverknad på trakk i høve til arealkategori og konflikt mellom turgåande og beitedyr.

Miljø/naturmangfold: I kva grad vil auka ferdslle/trakk påverke kjende verdiar av vegetasjon, flora og fauna.

Naboar/ bebyggelse/ anna: I kva grad vil stien påverke den private sfæren ved eksisterande bebyggelse, utsikt o.l. samt andre konsekvensar knytt til framføring av veg.

Kvar kategori får score på ein skala frå +2 til -2. Samla konsekvens er gjeve score på same skala. Dei ulike kategoriane er vekta likt i forhold til kvarandre.

### **Del 1, Sjoarvegen - Haga**

**Alternativ 1, grå løype:**

**Tursti på pælar langs stranda.**

|  |           |
|--|-----------|
| Friluftsliv: Oppleving av fugleliv   | +         |
| Landbruk: Ingen  | 0         |
| Miljø/naturmangfold: Forstyrring av raste/hekkefugl. Skade på dvergålegras | --        |
| Naboar/ bebyggelse/ anna: Vêrutsett, dyrt å bygge/vedlikehalde             | -         |
| <u>Totalt:</u>   | <u>-2</u> |

**Alternativ 2, grøn løype:**

**Langs stranda, langs kanten av den dyrka marka.**

|  |           |
|--|-----------|
| Friluftsliv: Naturleg forlenging av eks sti. Oppleving av jordbrukslandskap og fugleliv. | +         |
| Landbruk: Noko tap av dyrka mark. Konflikt hund/beitedyr.                                | -         |
| Miljø/naturmangfold: Kan forstyrre hekke-/rastefugl                                      | --        |
| Naboar/bebyggelse/anna: Kan gje auka erosjon av strandkant. Nær eks hytte.               | -         |
| <u>Totalt:</u>   | <u>-2</u> |

**Alternativ 3, blå løype:**

**I overkant av den dyrka marka, mot bebyggelsen.**

|   |          |
|---|----------|
| Friluftsliv: Oppleving av jordbrukslandskapet. Delvis på asfalt | +        |
| Landbruk: Ingen   | -        |
| Miljø/naturmangfold: Ingen                                      | 0        |
| Naboar/bebyggelse: Auka gangtrafikk på eks veg.                 | -        |
| <u>Totalt:</u>  | <u>-</u> |



**Del to, Haga/ Hovaneset – Kviteluren:**

**Alternativ 1, grøn løype.**

**Langs sjøen fram til naustområde ved Hagavikjo.**

|  |          |
|--|----------|
| Friluftsliv: Oppleveling av kulturlandskapet og raste/yngleområde for fugl | ++       |
| Landbruk: Trakk over innmarksbeite. Mulig konflikter med hund/beitedyr.    | -        |
| Miljø/naturmangfold: Trakk i artsrik beitemark. Forstyrring av fugl.       | -        |
| Naboar/bebyggelse: Ingen bebyggelse  | 0        |
| <u>Totalt:</u>   | <u>0</u> |

**Alternativ 2, gul løype.**

**Over dyrka mark til Haga.**

|  |           |
|--|-----------|
| Friluftsliv: Oppleveling av kulturlandskap.                  | +         |
| Landbruk: Trakk over dyrka mark. Konflikt med hund/beitedyr. | --        |
| Miljø/naturmangfold: Lite/ingen.                             | 0         |
| Naboar/bebyggelse: Sti forbi eksisterande hytte              | -         |
| <u>Totalt:</u>   | <u>-2</u> |

**Alternativ 3, blå løype.**

**Haga – Kviteluren.**

|   |            |
|---|------------|
| Friluftsliv: Langs asfaltveg                    | 0          |
| Landbruk: Ingen                                 | 0          |
| Miljø/naturmangfold: Ingen                      | 0          |
| Naboar/bebyggelse: Auka gangtrafikk på eks veg. | -          |
| <u>Totalt:</u>                                  | <u>0/-</u> |

### **Del 3, Kviteluren – Klingenbergkaien:**

#### **Alternativ 1, lys blå løype.**

##### **Langs eksisterande veg.**

|   |            |
|---|------------|
| Friluftsliv: Langs asfaltveg                    | 0          |
| Landbruk: Ingen                                 | 0          |
| Miljø/naturmangfold: Ingen                      | 0          |
| Naboar/bebyggelse: Auka gangtrafikk på eks veg. | -          |
| <u>Totalt:</u>                                  | <u>0/-</u> |

#### **Alternativ 2, raud løyve:**

##### **Langs strandlinja.**

|  |          |
|--|----------|
| Friluftsliv: Oppleving av kyst, betra tilgang til strandsona   | ++       |
| Landbruk: Ingen  | 0        |
| Miljø/naturmangfold: Ingen/lite                                | 0        |
| Naboar/bebyggelse: Auka trafikk mellom bustad- og naustområde. | -        |
| <u>Totalt:</u>   | <u>+</u> |

For å binde saman alternativa som har minst negativ konsekvens må stien gå ned frå Haga, gjennom bebygd område og delvis over landbruksjord ned mot Hovaneset. Dette stykket er synt som lilla på kartet. Konsekvensane for denne er vurdert saman med blå sti for del 1 av ruta.

##### **Valt trase:**

Stien går i overkant av 300 meter frå strandlinja det første stykket, og ein vil her ikkje få den store opplevinga av "kyststi". Det vert likevel tilrådd dette alternativet, for å unngå å legge stien over dyrka mark og samtidig unngå fare for å påverke fugleliv og førekomst av dvergålegras. Fuglelivet i Sævarhagsvikjo er frå før sterkt påverka av trafikk i båthamna, og ytterlegare påverknad frå motsatt side kan få store konsekvensar.

Når stien kjem til bebyggelsen på Haga går den ned langs/ved bebyggelse og over eit lite stykke dyrka mark ned til Sævarhagsvikjo. Eksakt plassering av sti her må leggast slik at ein minimerer konsekvensane for bebyggelse og dyrka mark. Stien går vidare delvis på dyrka mark fram til naustområde ved Hagavika. Første stykket vil ein få opplevinga av fuglelivet i Sævarhagsvikjo, samtidig kjem ein noko i kontakt med den artsrike kulturmarka på Hovaneset. Det kan vere aktuelt å lage sti ut på Hovaneset, slik at gåande kan oppleve beitemarka og kulturminnene der ute. Sti ut på Hovaneset er ikkje del av denne vurderinga.

Frå Hagavika går stien sørover langs strandkanten og delvis mellom bustadhus og naust fram til Klingenbergkaien. Den totale lengda på stien vil vere i underkant av 3 km.

Det vil også vere mogeleg å gå ”rundt Haga” ved å følgje stien ned frå Haga til Hagavikjo, og deretter følgje køyrevegen opp att til busetnaden på Haga.

Kart over stitrase som vart lagt inn i planen er synt i vedlegg.

# Planomtale

Områderegulering for gnr/bnr 23/1 m.fl.  
Sævarhagen – Haga – Nedre Økland



## **1. Forord**

Planen vert fremja av Stord kommune.

Kunngjering av planprogram og planoppstart vart varsle 04.11.2013. Planprogrammet vart vedteke 20.01.2014.

Planarbeidet er utført av masterstudent Ingunn Varanes i samarbeid med Stord kommune, avdeling for Regulering, byggesak og oppmåling.

Stord kommune 12.06.2014

## **2. Innhold**

|       |   |    |
|-------|---|----|
| 1.    | Forord .....                                      | 1  |
| 2.    | Innhold.....                                      | 2  |
| 3.    | Bakgrunn .....                                    | 4  |
| 4.    | Planstatus.....                                   | 5  |
| 4.1.  | Kommuneplan.....                                  | 5  |
| 4.2.  | Reguleringsplanar .....                           | 5  |
| 5.    | Omtale av planområdet.....                        | 6  |
| 5.1.  | Geografisk plassering .....                       | 6  |
| 5.2.  | Eksisterande bygninger og infrastruktur .....     | 6  |
| 5.3.  | Terreng og landskap.....                          | 6  |
| 5.4.  | Naturmangfold.....                                | 7  |
| 5.5.  | Landskap .....                                    | 11 |
| 5.6.  | Friluftsliv .....                                 | 11 |
| 5.7.  | Kulturminne.....                                  | 12 |
| 5.8.  | Landbruk.....                                     | 14 |
| 5.9.  | Ureining/miljøpåverknad .....                     | 15 |
| 6.    | Eigedomstilhøve .....                             | 16 |
| 7.    | Planprosess .....                                 | 17 |
| 7.1.  | Innkomne merknadar .....                          | 17 |
| 8.    | Omtale av planen.....                             | 20 |
| 8.1.  | Arealføremål.....                                 | 20 |
| 8.2.  | Endring av tidlegare regulerte bustadområde ..... | 21 |
| 8.3.  | Detaljregulering .....                            | 22 |
| 8.4.  | Utbyggingsområde .....                            | 22 |
| 8.5.  | Naturmangfold .....                               | 22 |
| 8.6.  | Landbruk.....                                     | 23 |
| 8.7.  | Grøntstruktur og friluftsliv.....                 | 23 |
| 8.8.  | Kulturminne og kulturmiljø .....                  | 24 |
| 8.9.  | Vegar, trafikksituasjon og parkering .....        | 24 |
| 8.10. | Naust.....  | 24 |
| 8.11. | Vatn og Avlaup .....                              | 24 |
| 8.12. | Turveg.....                                       | 24 |

|       |   |    |
|-------|---|----|
| 9.    | Konsekvensar av tiltaket .....          | 27 |
| 9.1.  | Busetnad.....                           | 27 |
| 9.2.  | Born og unge sine interesser .....      | 27 |
| 9.3.  | Veg og trafikktryggleik .....           | 28 |
| 9.4.  | Landskap, arkitektur og estetikk.....   | 28 |
| 9.5.  | Strandsone .....                        | 29 |
| 9.6.  | Naturmiljø.....                         | 30 |
| 9.7.  | Landbruk.....                           | 31 |
| 9.8.  | Friluftsliv og grøntstruktur .....      | 31 |
| 9.9.  | Kulturminne og kulturmiljø .....        | 32 |
| 9.10. | Støy/ureining.....                      | 32 |
| 9.11. | Vatn, avlaup og overvasshandtering..... | 33 |
| 9.12. | Renovasjon.....                         | 33 |
| 9.13. | Universell utforming.....               | 33 |
| 9.14. | Samfunnstryggleik og beredskap.....     | 33 |
| 9.15. | Oppsummering KU .....                   | 35 |
| 10.   | ROS .....                               | 36 |
|       | ROS – Evaluering .....                  | 39 |
| 11.   | Vedlegg .....                           | 42 |

### **3. Bakgrunn**

Kommuneplanen slår fast at det skal utarbeidast områderegulering for områda Sævarhagen – Haga – Nedre Økland der føremålet er å få regulert tursti/ kyststi mellom Sævarhagen og Kviteluren og å få sikra viktige landbruksområde gjennom regulering.

Målsetjinga med planarbeidet er å følgja opp kommuneplanen sitt krav om reguleringsplan som skal sikre viktige landbruksområde og regulere turveg gjennom området langs strandsona. Turvegen er ein del av arbeidet med å knyte bustadområde i Stord saman med turvegnettet.

Området består i stor del av landbruksområde og strandsone med natur- og friluftskvalitetar og etablerte bustadområder. Planarbeidet skal gjere greie for muligkeit for fortetting samtidig som ein tek vare på landbruks- og landskapsverdiane.

Planen er utarbeidd av masterstudent Ingunn Varanes i samarbeid med, og på vegne av, Stord kommune.

## **4. Planstatus**

### **4.1. Kommuneplan**

Planen omfattar to uregulerte delområde som i kommuneplanen er avsett til område som skal regulerast. Innafor planen sin ytterramme er det fleire regulerte bustadområder som skal inngå i områdereguleringa. Storparten av planområdet er landbruk- natur- og friluftsområde (LNF) og ligg innafor omsynssone landbruk. Dei to områda som er bandlagd for regulering er delt av reguleringsplan R-213-000 «Helsesportsenter-Sævarhagen-Stord».

Delar av planområdet ligg innafor funksjonell strandsone. Eit område på Hovaneset har omsynssone naturmiljø, og to mindre område er bandlagd etter lov om kulturminne.

### **4.2. Reguleringsplanar**

Følgjande reguleringsplanar vert oppheva av områdereguleringa:

- R-031-000, Øklandsmarka 2
- R-029-000, Øklandsmarka nord for Strongalio
- R-023-000, Strongalio
- R-007-000, Hagasjå 1
- R-017-000, Hagasjå 2
- R-210-000, Sjonarvegen
- R-025-000, Økland

Følgjande reguleringsplan vert delvis oppheva av områdereguleringa:

- R-213-001, Helsesportsenter - Sævarhagen

Områdereguleringa må ta omsyn til og tilpassast kringliggende reguleringsplanar:

- 201105, Rommetveit
- R-258-000, Nedre Økland
- R-240-000, Hagatre
- R-227-000, Prestegårdskogen golfbane
- R-207-000, Økland
- R-037-000, Sævarhagsvikjo båthamn
- R-026-101, Aslaksvikjo – Sævarhagsvikjo del 1

## **5. Omtale av planområdet**

### **5.1. Geografisk plassering**

Planområdet startar nord for Rommetveit båthamn, og strekk seg nord til bustadområda på Rommetveit. Planen strekk seg ut i sjø i aust, og vert avgrensa av bustadområde på vestsida av jordbruksarealet mot Fv. 61 i vest. Planen sin utstrekning er på 1546 daa, der 922 daa utgjer landareal og 624 daa utgjer sjøareal.

### **5.2. Eksisterande bygningar og infrastruktur**


Store delar av planområdet er landbruksareal med lite eksisterande infrastruktur. Her er nokre landbrukseigedommar med tilhøyrande driftsbygningar, samt enkelte bustadar inntil regulerte bustadområde og nokre frådelte tomter i jordbrukslandskapet. Øklandsfeltet ligg inne i planområdet, her er områda for det meste ferdig utbygd med opparbeida infrastruktur.

### **5.3. Terren og landskap**

Planområdet strekk seg i høgd frå havnivå i aust til 59 moh. Området består av småkupert kulturlandskap med enkelte skogkledde høgdedrag. Terrenget er hovudsakleg sør- og austvendt. Langs strandsona er det hovudsaklig landbruksareal sør i planen, og lenger nord er det grøntområde mellom dei eksisterande bustadområda og strandsona.

## 5.4. Naturmangfald

Innafor planområdet ligg det eit artsområde og fleire naturtypeområder. Viser til vedlegg 1 for meir detaljert informasjon.



Figur 1 Artsområde (brun skravur) og naturtypeområde (grøn skravur).

Naturtypeområdet på Hovaneset har lokalitetsverdi A (særs viktig). Her er registrert fleire raudlisteartar, m.a. fire med status som sterkt truga og fire sårbare (naturbase.no) og området har ein kombinasjon av fleire naturtypar. Lokaliteten består av beitemarksområde på Hovaneset med tilgrensande strandsone og kringliggende skog.

Fjord og havavsetjingane i planområdet gjer at områda er noko sermerkt i høve til lausmassar, sett i samanheng med at det meste av kystsona i Sunnhordland består av bart fjell. Landskapsøkologisk er Sævarhagsvikjo og områda nordover interessante i regional samanheng, grunna strandfjører som står i kontrast til dei bratte og steinete strandene ein vanlegvis finn elles i regionen. Geologisk sett er området lite spesielt, og har bergartar som er vanlege i regionen. Berggrunnsforholda gjer at området er særs botanisk rikt. På dei rike

strandberga veks artar som pusleblom, strandarve, raudsildre og gulsildre. I beitemarka veks kalkkrevjande gras og urter, saman med eit mangfald av beitemarkssopp.

Strandområda i og rundt planområdet er blautbotnområder med førekommstar av ålegras. I blautbotnområda i Sævarhagsvikjo har den sjeldne planta dvergålegras(EN) tidlegare vore registrert, men førekommsten har ikkje vore stadfesta sidan 2009. Ifølgje handlingsplan for dvergålegras er det truleg beiting frå knoppsvaner som er årsaka til at planta er forsvunnen.



Artsområdet er registrert med verdi C (lokalt viktig). Arealet er yngleområde for tjeld, og rasteområde for vade-, måke- og alkefugl. Heilt sia 1963 har det vore gjort ringmerking og registrering av fuglar i området. Sett saman med Hystadmarkjo er dette det området på Stordøya der det er registrert flest ulike fugleartar med heile 134 artar. Blant anna har sjeldne fuglar som tundragås, vaktel (NT), grønlandsmåke, dvergmåke, splitterne og kjernebiter vore observert. Utbygging av Rommetveit båthamn (1989) har hatt negativ effekt på mangfaldet av fugl i området, men kombinasjonen av ulike biotopar bidrar til at området fortsatt har eit slikt rikt fugleliv. (Tor Helge Heggland).

Området er generelt rikt på biologisk mangfald, og store delar av kulturlandskapet er halde i god hevd og har potensiale for stort biologisk mangfald.

Innanfor planområdet er det registrert ulike raudlisteartar i artsdatabanken sine kart. Dette er artar som er vurdert å ha ein risiko for å døy ut frå Noreg. Desse artane kjenneteiknast ved at dei minkar kraftig i antall eller er sjeldne.



**Figur 2 Registrerte raudlisteartar - utsnitt frå artsdatabanken**

Tabell 1: Artar registrert i raudelista. RE=regionalt trua, CR=kritisk trua, EN=sterkt trua, VU=sårbar, NT=nært trua

| Art                  | Status |
|----------------------|--------|
| Hauksongar           | CR     |
| Dvergålegras         | EN     |
| Sumpjordtunge        | EN     |
| Pusleblom            | EN     |
| Rødnende lutvokssopp | VU     |
| Sauenvokssopp        | VU     |
| Brun engvokssopp     | VU     |
| Grå grynmusserong    | VU     |
| Flammevokssopp       | VU     |
| Stanknarrevokssopp   | VU     |

|                       |    |
|-----------------------|----|
| Lillagrå rødspore     | VU |
| Melrød spore          | VU |
| Vrangjordtunge        | VU |
| Vranglodnetunge       | VU |
| Sauvokssopp           | VU |
| Rød honningvokssopp   | VU |
| Eikerøykriske         | VU |
| Rødkivevokssopp       | NT |
| Ask                   | NT |
| Russelærvokssopp      | NT |
| Gulbrun narrevokssopp | NT |
| Tyvjo                 | NT |
| Ravnerødspore         | NT |
| Gyllen vokssopp       | NT |
| Lutvokssopp           | NT |
| Gulfotvokssopp        | NT |
| Trolljordtunge        | NT |
| Svardduggvokssopp     | NT |

Det er registrert enkelte svartelista artar innafor og nær inntil planområdet i artsdatabanken sine kart. Svartelista artar er artar som er framande i Norge. Framande artar er artar som er spreidd ved hjelp av menneskeleg aktivitet til områder der dei ikkje hører naturleg heime. Nokon av dei er ein trussel mot naturmangfaldet i Noreg.



Figur 3 Registrerte svartelista artar - Utsnitt frå artsdatabanken

Tabell 2: Artar registrert i den norske svartelista. SE=Særs høg risiko, HI=Høg risiko, PH=Potensiell høg risiko, LO=låg risiko, NK=ingen kjend risiko

| Art              | Status |
|------------------|--------|
| Kanadagås        | SE     |
| Mink             | SE     |
| Sprikemispel     | SE     |
| Japansk drivtang | SE     |
| Platanlønn       | SE     |
| Krokbærere       | HI     |
| Klistersvineblom | HI     |
| Kystmispel       | PH     |
| Ormerot          | PH     |
| Engsyre          | LO     |
| Engsyre          | LO     |
| Ryllik           | LO     |
| Engmarikåpe      | LO     |
| Vassarve         | NK     |
| Steinsennep      | NK     |

## 5.5. Landskap

Frå konsekvensutgreiing i samband med vurdering av nytt ferjeleie i Sævarhagsvikjo:

«*Kontakten til fjorden og vekslinga mellom det frodige jordbrukslandskapet og dei nakne fjellknausane på Hovaneset gjev variasjon og spenning i landskapsbiletet, og bidreg saman med utsikta, til eit opplevingsrikt landskap som er representativt for denne regionen.*


*Området har stort mangfold med ulike element som beitemark, skogsområde, fjellknausar og strandline. Sjølve Sævarhagsvikjo har ei markert form, som gjev ei sterk romkjensle.*

*Heilskapsintrykket av landskapsrommet blir trekt ned av eksisterande båthamn med dei inngrepa som allereie er utført der. Båthamna er sterkt eksponert i heile landskapsrommet. Her er det moloar med lite forseggjorte fyllingar mot sjøen og med därleg form og plassering i vikja. Området ved båthamna verkar elles noko rotete og utflytande.»*

## 5.6. Friluftsliv

Friluftsinteressene i området ved Sævarhagsvikjo og Hovaneset må sjåast i samanheng med den populære turvegen gjennom Hystadmarkjo. Det samla området vert vurdert til å ha stor verdi for friluftslivet. Lenger nord i området er areala mellom strandsona og bustadfelta for det meste regulert til friområde. Desse vert nytta til leik og rekreasjon for beboarane i området. Det er også badeplassar langs strandsona.

## 5.7. Kulturminne



Figur 2 Arkeologiske kulturminne innafor planområdet

Områda rundt Hystad/Haga er av dei rikaste på kulturminne på Stord. På Hovaneset er det registrert to kulturminner som er automatisk freda etter kulturminnelova. Eit av dei er ein gravhaug frå jernalderen, det andre er ei gravrøys frå bronse- jernalder. Lenger nord er det funne tre gravminne frå bronsealder – jernalder og eit frå jernalder. I tillegg er det eit automatisk freda båtstøanlegg frå middelalderen.

Det er fleire kulturminne i områda rundt, og potensiale for at det finnes fleire innafor planområdet. I samband med utgreiing av mogelegheit for ferjeleie i Sævarhagsvikjo varsla Bergen sjøfartsmuseum krav om registreringar i strandsona og i sjøen.

Gardane Sævarhagen, Haga og Nedre Økland (gnr 24, 25 og 26) er omtala i kommunen sin kulturminneplan. Delar av Haga og Sævarhagen er inkludert i planen som

kulturlandskapsområde. I kulturminneplanen står m.a.: " (...) Likevel er området Haga, Tyse, Nedre Økland eitt av dei få område i kommunen der kulturlandskapet knytt til gardsdrifta enno er godt bevart. Å sikra dette kulturlandskapet for ettertida er viktig, endå om områda i dag ligg inneklemt av bustadfelt på alle kantar. Grøntområdet Haga – Nedre Økland bør sikrast som ein grøntkorridor i dette landskapet. Kulturlandskapet bør takast vare på slik det er i dag. "

Den tidlegare dampskipskaien og tre bustadhús som tidlegare har hatt ulike servicefunksjonar i tilknyting til handelstaden Seminariet lengst nord i planområdet er ein del av bygningsmiljøet frå kring 1915 og med i bygningsvernplanen. Den gamle dampskipbygningen som stod på kaien vart teken i ein storm for fleire år sidan og er ikkje bygd opp att.

## 5.8. Landbruk

Store delar av planområdet er i arealressurskartet synt som fulldyrka mark. I tillegg er det mindre områder som er overflatedyrka og ein del er innmarksbeite og skog.

I overkant av 450 daa dyrka mark innafor planområdet er i drift av 8 ulike landbruksføretak. Dette omfattar både drift av eigen jord og bortleige. Landbruksdrifta omfattar husdyrhald med sau, storfe, hest eller kombinasjonar av desse.



Figur 3 Arealressurskart. Store delar av planområdet er synt som fulldyrka mark.

Teiknforklaring:

|  |                     |
|--|---------------------|
|  | Fulldyrka jord      |
|  | Overflatedyrka jord |
|  | Innmarksbeite       |
|  | Skog                |
|  | Open fastmark       |
|  | Vatn                |
|  | Bebygde areal       |

## **5.9. Ureining/miljøpåverknad**

Det er ikkje registrer ureina grunn i eller nær planområdet.

Det er etablert offentleg avlaupsanlegg i området. Det er god sjøresipient utanfor området, men målingar syner dårlig tilstand i høve til botnkvalitet utanfor Øklandslio og Sævarhagen (kommunedelplan for avløp 2004-2015).

Stord kommune har fått krav om reinsing av alt avlaupsvatn frå tettbygde område på strekninga frå Rommetveit til Sagvåg, frå utgangen av 2015. I følgje utkast til planprogram for kommunedelplan for vatn og avlaup er det utslepp av ureinsa avlaupsvatn frå mellom 500 og 2499 PE (personekvivalentar) i sjøområda utanfor Haga og utanfor Rommetveit.

Denne planen tek ikkje stilling eller omsyn til pågåande planar om nytt reinseanlegg. Planen skal berre sikre tilstrekkelege løysingar for dei tiltaka som vert opna for i denne planen.

## 6. Eigedomstilhøve

Områdereguleringa omfattar følgjande landbrukseigedomar heilt eller delvis:

| Matrikkelnr.                        | Tinglyst eigar:               |
|-------------------------------------|-------------------------------|
| 25/2 (delvis rørt)                  | Ragnhild K Rommetveit         |
| 25/1 (delvis rørt)                  | Stord kommune                 |
| 25/10, 24/2                         | Harald Haga                   |
| 24/1                                | Gunnhild Haga                 |
| 24/3                                | Bodil Haga Helland            |
| 24/5                                | Johannes Haga                 |
| 23/3                                | Svein Økland                  |
| 24/235, 24/114, 23/26, 23/41, 23/87 | Ena Ulversøy og Vidar Johnsen |
| 23/4                                | Sissel Kristine Gravdal       |
| 23/16, 23/1, 23/15                  | Hege Økland                   |
| 22/2                                | Roar Lunde                    |
| 23/5                                | Per Lundemannsverk            |

Eigedomar langs turveg-traseen som vert rørte:

| Matrikkelnr. | Tinglyst eigar:                                       |
|--------------|---|
| 25/2         | Ragnhild K Rommetveit                                 |
| 25/1         | Stord kommune   |
| 25/10, 24/2  | Harald Haga   |
| 24/3         | Bodil Haga Helland                                    |
| 24/177       | Stord kommune   |
| 23/99        | Svein Økland + festalar til bustadtomter i Strongalio |
| 23/79        | Inger Lise A og Even Lindseth                         |
| 23/85        | Stord kommune   |
| 23/84        | Stord kommune   |
| 23/240       | Ragnhild K Rommetveit                                 |
| 21/103       | Stord kommune   |

## 7. Planprosess

|  |                        |               |
|--|------------------------|---------------|
| Kunngjering planprogram og oppstart                          | Merknadsfrist: 6 veker | November 2013 |
| Ope informasjonsmøte   |                        | Desember 2013 |
| Handsaming av planprogram med merknadar i forvalningsstyret  |                        | Januar 2014   |
| Fyrste utkast til reguleringsplan med konsekvensutgreiing    |                        | Vår 2014      |
| Utlegging av plan til offentleg ettersyn                     | Høyring: 6 veker       | Juni 2014     |
| Ope informasjonsmøte   |                        |               |
| Slutthandsaming av plan i forvalningsstyret og kommunestyret |                        |               |

Arbeidet med planen har vore organisert med ei arbeidsgruppe med representantar frå planavdelinga, samt ei prosjektgruppe med representantar frå aktuelle avdelingar i kommunen. Det er jamleg halde møter i begge gruppene, der innspel og ulike problemstillingar i planarbeidet har vore presentert og drøfta.

I samband med kunngjering av planprogram og oppstart vart det avhalde ope informasjonsmøte, det same vil verte gjort i løpet av høyringsperiode for offentleg ettersyn av planen. Før planen vart fremja for fyrste gongs handsaming vart det halde informasjonsmøter med eigarar av landbrukseigedommar, og den enkelte vart gjeve anledning til å kome med kommentarar og innspel både i møte og ved å ta kontakt med planavdelinga.

### 7.1. Innkomne merknadar

|                             |   |  |
|-----------------------------|---|--|
| 1. Fylkesmannen i Hordaland | Legg til grunn at planen ivaretak naturtypar og artsførekomstar innafor planområdet. Minner om akseptkriterium for ROS og at konsekvensar både innan og utanfor planområdet skal vurderast.   | Naturtype- og artsområde er synt som omsynssoner   |
| 2. Hordaland Fylkeskommune  | Syner til arealpolitiske rettingslinjer for strandsone og at ny rettleiar er under utarbeiding. Oppmodar til universell utforming av tursti. Kulturminner må sikrast og omtalast, kjem tilbake med kostnadsoverslag for registrering. Minner om at sefrak- bygningar skal takast omsyn til, og at det kan | Universell utforming for sti der det let seg gjere. Kulturminner vert sikra med omsynssoner og verneføremål. Sefrak bygg vert ivaretatt. |

|                                  |  |   |
|----------------------------------|--|---|
|                                  | verte krav om undersøking for marine kulturminne.  |   |
| 3. SKL                           | Ynskjer samarbeid i planprosessen og minner om at utbygging kan medføre utviding av straumnett og anleggsbidrag for utbyggjar.   | Bustadfortetting er minimal, og krev ikkje utbygging av straumnett.   |
| 4. SVA                           | Har behov for å plassere pumpestasjonar for eksisterande utslepp innanfor planområdet. Ved fortetting kan det vere behov for kapasitetsauke. Tilkomst til eksisterande utsleppspunkt må ikkje forringast. Bed om at det vert sett av areal for framtidig plassering av reinseanlegg. | Det vert ikkje satt av plass for pumpestasjon i planen. Bustadfortettinga er minimal og krev ikkje kapasitetsauke.  |
| 5. Øklandsmarkjo Vel             | Ynskjer ikkje fortetting og meiner fortetting vil gå ut over mulighet for friluftsliv i området.   | Planen opnar ikkje for fortetting av Øklandsmarkjo ut over det som er opna for i kommuneplanen.   |
| 6. Bjørnar Larsen                | Syner til tidlegare avslått delingssak på 24/277 og bed om at denne vert vurdert i planen. Bed også om at tursti ikkje forringar mulighet for bygging på eksisterande nausttomt.   | <i>Tatt med i planen</i>  |
| 7. Elin Liseth og Jostein Økland | Syner til uttale til kommuneplanen. Ynskjer frådelt tomt i utkanten av eigedommen  | Forslaget er ikkje teke med i planen då det bryt med eksisterande avgrensing mot jordbruksarealet.  |
| 8. Harald Haga                   | Syner til ulempe for sau på beite om ein legg tursti over beiteområdet, og fortel om tilfelle av lause hundar som jagar sau.<br>Har områder eigna for bustad.  | Ein har forsøkt å minimere konflikt mellom beitedyr og hund, men må legge til grunn at hundeeigarar følgjer hundelova.<br><br>For bustadområde sjå kommentar til merknad nr 13. |
| 9. Jarle og Bodil Haga Helland   | Ynskjer regulert inn att tidlegare naustområde samt utvida naustområde sørover. Har skissert tre aktuelle tomter dei ynskjer få regulert.  | <i>Det er føreslått å regulera inn 5 naust der det tidlegare kommuneplan låg inne naustområde.<br/>To av tomteforsлага er teke med i planen.</i>                                |
| 10. Johannes Haga                | Har 10-15 mål som han vil utvikle for bustadføremål.   | Vert ikkje tatt med i planen pga. utbygging vil splitte grønt/ landbruksområde, noko ein ikkje ynskjer.   |

|   |   |   |
|---|---|---|
| 11. Sigrid Haga                                   | Ynskjer ikkje trakk over jordene. Viser til at ein må ta omsyn til dvergålegraset, og føreslått strandpromenade og at denne vert køyrbar. Ynskjer ikkje fortetting, men er villig til å stille område til disposisjon.                                | Strandpromenade er vurdert med for stor negativ konsekvens. Det er tatt omsyn til dvergålegras (men dette er truleg allereie forsvunne).  |
| 12. Statens vegvesen                              | Planen må ivareta alle trafikkantgrupper. Anlegg for mjuke trafikkantar skal vere universelt utforma. Ved ev. fortetting må eksisterande tilkomst vurderast. Byggegrenser mot veg må vere tema i planen.  | Planen omfattar ikkje utbygging av nye vegar. Byggegrenser er vist i plankart.  |
| 13. Sigrid og Harald Haga                         | Ynskjer å få regulert inn 2-3 parsellar på deira eigedom. Desse er synt på kart.  | 2 av dei føreslårte tomtene er teke med i planen.   |
| 14. Kjell Harald Vikanes og Gunnhild Haga Vikanes | Ynskjer at heile eigedom 24/1 vert innlemma i planområdet, samt eit område nord for denne eigedommen. Husklynga på Haga bør synast som LNF-spreidd. Har eit område nord for husklynga dei ynskjer lagt som nytt bustadareal med føremål LNF- spreidd. | Plangrense følgjer avgrensing for LNF i kommuneplanen. Eksisterande og føreslått nye tomter vert synt som område for spreidd bustadbygging. For området nord for husklynga er det stilt krav om detaljregulering. |

## **8. Omtale av planen**

### **8.1. Arealføremål**

Arealet innafor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

Område for bygningar og anlegg pbl § 12-5.1

- Bustader – frittliggjande småhus (1111)
- Bustader- konsentrert småhus (1112)
- Garasjeanlegg for bustad (1119)
- Offentleg eller privat tenesteyting (1160)
- Vass og avløpsanlegg (1540)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)
- Uthus/naust/badehus (1589)
- Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (1590)
- Leikeplass (1610)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur pbl § 12-5.2

- Veg (2010)
- Fortau (2012)
- Gangveg/gangareal (2016)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (2018)
- Annan veggrunn – grøntareal (2019)
- Kai (2041)
- Parkeringsplassar (2082)

Grøntstruktur pbl. § 12-5.3

- Turveg (3031)
- Friområde (3040)
- Vegetasjonsskjerm (3060)

Landbruks-, natur og friluftsområde samt reindrift pbl. § 12-5.5

- LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næring basert på resursgrunnlaget på garden (5100)
- Landbruksformål (5110)
- Spreidde bustadar (5210)
- Spreidd fritidsbusetnad (5220)
- Jordvern (5400)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone pbl. § 12-5.6

- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6720)

Omsynssoner i reguleringsplan § 12-6

- Frisiktsoner (140)
- Bevaring naturmiljø (560)
- Bevaring kulturmiljø (570)
- Bandlegging etter lov om kulturminner (730)

Bestemmelseområde pbl. § 12-7

- Anlegg- og riggområde

## **8.2. Endring av tidlegare regulerte bustadområde**

Dei fleste eksisterande reguleringsplanane innanfor området vert oppheva ved denne områdereguleringa, dette for å få oppdatera reguleringsplanane i høve ny plan- og bygningslov. Prinsippa i dei eldre planane vert likevel vidareførte i områdeplanen, og det er ikkje tanken å gjera store endringar innanfor desse planane. Området som er rørt er for det meste ferdig utbygd.

Generelle endringar som er gjort i planane:

- Vegføring, vegbreidde og eigarform på vegar er vidareført med mindre justeringar i høve faktisk opparbeida situasjon.
- Det er lagt inn byggegrenser for dei eigedomane som grensar til sjø, og strandsone. Byggegrensene er henta frå kommuneplanen.
- Det er lagt inn endringar i føremål der dette har grunnlag i eit tidlegare endringsvedtak/byggesaksvedtak.
- Det er lagt inn i føresegnene ein avstand på 0,5 m for etablering av murar, hekkar og liknande mot regulert veggant.

Opplisting av endringar i dei einskilte planane:

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-031-000:

- Bustadføremål på gnr/bnr 23/202 og 23/241 er justert i samsvar med eigedomsgrenser.
- Parkering: Innkjøring til parkeringsareal på gnr/bnr 23/84 er flytta, og det er gjort mindre justeringar i samsvar med faktisk situasjon.
- Naust på 23/4 går utanfor tomtegrensa. Regulert som i opphavleg plan.

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-029-000:

- Ved eigedom 23/79 er det lagt inn vegetasjonsskjerm i staden for friområde i sør.
- På eigedom 23/71 og 23/72 er viste naustbygg teke ut, då desse ikkje er bygde og heller ikkje i gamal reguleringsplan var regulert med føremål naust.
- Friområde langs veg inn til 23/92 er gjort om til føremål anna veggrunn.
- Nokre av areala som var regulert til friområde er no lagt inn som bebyggelse- og anlegg: Leikeplass.
- Område for trafo ved 23/190 er flytta noko grunna endring av grense for bustadtomt.
- Område for trafo på 23/85, rett nord for 23/255 er justert noko etter faktisk situasjon.

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-025-000:

- Det er lagt inn avkjørsle til tomt 23/242 og 23/243 slik veg er bygd.

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-023-000:

- Høgspentlinje som var regulert er lagt i jord.
- Lagt inn felles veg ned til eigedom 23/65 og 23/147.
- Justert parkeringsareal ved 23/138 etter framføring av veg til 23/65.

- Eigedom 23/147 var i gamal plan regulert til friområde. Er nå lagt inn med føremål bustad.
- Justert parkering og snuhammar ved 23/112 i samsvar med faktisk situasjon.

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-017-000:

- Det er lagt inn parkeringsføremål ved leikeplass f\_Leik1, i samsvar med faktisk situasjon.
- Leikeareal på eigedom 24/3 er gjort om til bustadareal.

Endringar gjort innanfor tidlegare plan R-213-000:

- Lagt inn naustføremål for to eksisterande naust på 25/1 og 25/2.
- Mindre del av 25/1 som grensar til 25/94 (Sævarhagen FUS barnehage) er endra til føremål barnehage.

### **8.3. Detaljregulering**

Før utbygging av område BF1 og BF2, frittliggende bustadar, er det krav om detaljregulering. Det er også krav om detaljregulering før utbygging av småbåthamnene i planen.

Det er opna for å utføre tiltak på eksisterande bustadar etter søknad, utan detaljregulering, for alle bustadar innafor planen uavhengig av føremål. Tiltaka kan utførast innafor rammene av gjeldande kommuneplan. Det same gjeld for eksisterande naust og fritidsbustadar.

Regulert turveg, nye naustområde og utviding av vegar kan byggast ut med heimel i områdereguleringa.

### **8.4. Utbyggingsområde**

Planen legg ikkje opp til noko større bustadutbygging. Alle innkomne innspel er vurdert, og forslaga som er funne akseptable ut frå lokalisering og omkringliggende tilhøve er teke med i planen.

Det er tilrettelagd for 13 nye bustadar i planområdet. 6 av desse er enkeltomter som kan byggast ut med heimel i områdeplanen, medan inntil 7 tomter kan byggast ut etter vidare detaljregulering.

I planen er det synt 3 områder for spreidd fritidsbusetnad i LNF område, 10 områder for naust og 2 småbåthamner. Dette er eksisterande bebygde fritidstomter, eller areal som er avsett til føremålet i eksisterande reguleringsplanar eller gjeldande kommuneplan. Det er opna for to nye naustområde i områdereguleringa.

### **8.5. Naturmangfold**

Innafor planområdet fins det eit stort naturmangfold med mange ulike verdiar og kvalitetar. Område som er registrert med naturtype eller som artsområde i naturbase er i plankartet synt med omsynssone for naturmangfold. Dette omfattar raste- og yngleområde for fleire fugleartar, deriblant Sævarhagsvikjo med stort mangfold av ulike fugleartar. Planområdet har fleire areal med blautbotnområder i strandsona, og ålegrassamfunn. I tillegg er naturbeitemarka på Hovaneset omfatta av omsynssone.

Det er i reguleringsføresegne sett krav om ei særskild vurdering av alle tiltak innafor omsynssonene, der tiltaket skal vurderast i høve til naturmangfaldlova. Begge båthamnene ligg innafor omsynssone for naturmangfald. Det er lagt inn eit nytt område for naust, dette ligg og innanfor naturområda. Utanom desse er det ingen utbyggingsområde innafor naturområda.

Kulturmarka på Hovaneset har fått hovudføremålet LNF. Området har verdiar både innan landbruk, natur og friluftsliv. Det skal først og fremst kunne drivast landbruk på arealet, men på ein slik måte at naturtypen ikkje vert forringa. I tillegg kan det tilretteleggjast for ferdslle og framsyning av kulturminne og kulturmiljø for publikum. Slik tilrettelegging må skje etter ein samla plan, og vurderast av fagkunnig innan både kulturminner og kulturlandskap.

## 8.6. Landbruk

Eit av hovudføremåla med områdereguleringa er å sikre viktige landbruksareal. I planen har ein vald å nytte skalaen av ulike landbruksføremål, for å synleggjere dei ulike areala sine kvalitetar.

Det at enkelte områder vert regulert til jordvern, betyr ikkje at areal med status som "vanleg" LNF har mindre verdi for landbruket.

I område for jordvern er matproduksjon hovudfokus. Det er ikkje tillete med tiltak som forringar verdien av arealet i høve til matproduksjon. Det kan likevel gjevast løye til jordforbetringstiltak eller t.d. bakkeplanering etter nærmere vurdering frå landbruksmynde. Jordvern er ikkje eit passivt vern, men har som føremål å hindre at inngrep reduserer verdien av jorda og den aktive bruken av den.

I areal avsett til landbruk er det løye til tiltak knytt til landbruksdrift i noko vidare forstand. Her kan t.d. tiltak innafor landbruk pluss vere aktuelle.

| Arealkategori | Areal (daa) |
|---------------|-------------|
| LNF           | 42,6        |
| Landbruk      | 254,2       |
| Jordvern      | 269,6       |

## 8.7. Grøntstruktur og friluftsliv

Friområde mellom eksisterande busetnad og strandsona vert oppretthaldt. Planen legg ikkje opp til endringar av eksisterande grønt- eller friluftsområde. Det er regulert ein samanhengande turveg frå Sævarhagsvikjo og fram til Klingenberg. Siste del av stien følgjer eksisterande gangveg.

Turvegen må detaljprosakterast før standarden på dei ulike delstrekningane vert endeleg klärlagd. Universell utforming og tilpassing til landskapet skal leggjast til grunn så langt det let seg gjere. Det er ikkje realistisk å få til universell utforming lengre enn frå Sævarhagsvikjo og fram til område der tettare busetnad startar(Haga). Turvegen skal opparbeidast med fast grusdekke i ein breidd på 2 meter, så langt dette er mogeleg. Der turvegen går gjennom landbruksområda skal det vera markert skilje mellom turveg og dyrka

mark. Dette må likevel ikkje vere til hinder for at turvegen, på delar av strekninga, kan kryssast med landbrukskøyretøy.

## 8.8. Kulturminne og kulturmiljø

Tabellen nedanfor syner dei kjende automatisk freda kulturminna som inngår i planen. Kulturminna er synt med bandleggingssone for områda som er freda etter kulturminnelova.

| Nr i plankart | Kulturminne ID | Objekt                             |
|---------------|----------------|------------------------------------|
| H730_1        | 55290          | Gravminne, jernalder               |
| H730_2        | 55289          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H790_3        | 60600          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H730_4        | 15869          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H730_5        | 25604          | Gravminne, jernalder               |
| H730_6        | 35512          | Båtstø-anlegg, middelalder         |
| H730_7        | 45541          | Gravminne, bronsealder - jernalder |

Bygningane ved den gamle dampskipskaien heilt nord i planområdet, er synt med omsynssone for kulturminne og kulturmiljø.

## 8.9. Vegar, trafikksituasjon og parkering

Utbygginga som planen opnar for er beskjeden, og medfører ikkje behov for større justeringar av vegnettet og heller ikkje for bygging av ny infrastruktur. Vegane er regulert med eksisterande trase. I enden av veg f\_V38 er det regulert inn ein parkeringsplass. Denne er tenkt nytta til nausta som er regulert inn. Den kan og nytast av turgåarar langs den nye turvegen.

## 8.10. Naust

Eksisterande naust innafor området er regulert til naustføremål i planen. Det er i tillegg lagt til eit område for naust på eigedom 24/3, dette har tidlegare lege inne i kommuneplanen.

I Strongalio, gnr/bnr 23/71 og 23/72 er det teke ut 2 naust som er vist på plankartet. Desse er ikkje realisert, og vert difor teke ut av områdereguleringa.

## 8.11. Vatn og Avlaup

Det er lagt inn to nye føremål for pumpestasjonar innanfor områdeplanen. Det eine området ligg heilt nord i planen, medan det andre området ligg nedanfor Kviteluren. Begge desse pumpestasjonane er opparbeida. Det ligg i tillegg inne eit areal for ny pumpestasjon/avlaupsanlegg i friområdet nedanfor Knosterneset.

## 8.12. Turveg

Turvegen er lagt langs strandsona i heile planens utstrekning. Traseen startar frå båthamna i Sævarhagsvikjo, ligg i randsona mellom dyrka mark og strandsona til omtrent midten av Sævarhagsvikjo. For å vera minst mogleg forstyrrande på fuglelivet inne i Sævarhagsvikjo er traseen lagt noko inn frå strandsona og over beiteland mot Hagavikjo.



Vidare føl traseen strandsona til bebyggelsen på Haga startar. Fram til denne staden vil det vera mogleg å opparbeida turvegen med universell standard. Vidare fram vert dette vanskeleg i høve til stigninga på terrenget og arealet ein har til rådighet. Traseen for turvegen vil her gå i det beltet som allereie er regulert til friområde. Hovudtraseen vert regulert på nedsida av Kviteluren, men ein arm av turvegen vert lagt opp mot Kviteluren for mellombels løysing og påkopling til eksisterande vegnett i Øklandsfeltet.

Vidare er traseen lagt i friområde, men snor seg opp i bebyggelsen ved o-V6. Dette sidan det er private eigedomar på strekninga langs sjøen, og terrenget gjer det vanskeleg å føra turvegen fram heilt nede i strandsona på denne strekninga. Traseen går vidare i friområdet og går opp i enden av Knosterneset der den føl eksisterande gangveg til Klingenbergvegen.

Turvegen er tenkt opparbeida i ein breidd på to meter og den skal ha fast dekke i form av grus.

Det er føresett at strekninga som går langs landbruksområdet skal vera inngjerda mot dyrka mark og beiteland. Dette er og ein av grunnane til å leggja turvegen nærest mogleg stranda for å sleppa gjerder på begge sidene av vegen. Det må lagast til med grinder enkelte stadar slik at sau og evt. landbrukskjøretøy kan passera fritt.

Det er og eit ønske frå gardbrukarane i området at det vert skilta med informasjon om at turvegen går gjennom landbruksområde som er i dagleg drift.

På plankartet er det lagt inn ei bestemmelsessone i ca 10 meter breidde langs turvegen. Dette er gjort sidan turvegen ikkje er detaljprosjektert. Det vert i føresegne sagt at arealet innanfor bestemmelsessona som ikkje vert nytta til turvegtraseen skal tilbakeførast til underliggende føremål når turvegen er opparbeida.

Det er i Stord kommune si interesse å koma fram til ei minneleg ordning med grunneigarane i området med omsyn på avtale om opparbeiding av turveg. Det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg å ekspropriera grunn til føremålet, sjølv om områdeplanen gjev heimel til det.

## **9. Konsekvensar av tiltaket**

Konsekvensutgreiinga vert gjennomført i samsvar med Forskrift om konsekvensutgreiing.

Utgreiinga vert utført i tre trinn:

1. Skildring av dagens situasjon med verdi for dei ulike areala
2. Konsekvensar av føreslalte tiltak/endringar i arealbruk
3. Ev. avbøtande tiltak

Verdiar for areala vert sett basert på tidlegare registreringar og synfaring i området. Dersom det ikkje er registrert førekomstar vert verdien av arealet sett til liten. Lokalt viktige førekomstar gjev middels høg verdi, medan regionalt eller lokalt viktige verdiar gjev arealet særskilt høg verdi.

I konsekvensutgreiinga vert graden av endring vurdert opp mot verdien av arealet. For fastsetjing av konsekvens vert det nytt ein femdelt skala: Særskilt negativ - negativ - ingen - positiv - særskilt positiv med verdiar frå -2 til + 2. Verdiar vert sett for konsekvens med og utan ev. avbøtande tiltak.

Kjelder/rapportar:

- Kommuneplan for Stord
- ROS analyse for kommunane Fitjar og Stord

### **9.1. Busetnad**

#### **Dagens situasjon**

Bustadfelt med eksisterande reguleringsplanar inngår i områdereguleringa. Det ligg nokre bustadar i uregulerte område inntil bustadfelta. I tillegg er det bustadar knytt til landbrukseigedommane, samt enkelte fråskilde bustadomter spreidd i landbrukslandskapet.

#### **Konsekvensar**

Det kan kome inntil 6 nye tomter i utkanten av eksisterande busetnad. I tillegg kan det kome inntil 7 nye tomter i tilknyting til eksisterande busetnad i landbruksarealet, der det er sett krav om detaljreguleringsplan. Planen vil då måtta sjå på tilhøva til landbruksarealet og effektar i form av utsikt og tilpassing til eksisterande tunskipnad. Det vert og opna for at det kan byggast på eit par eksisterande tomter i LNF-spreidd-områda. Ut frå at eksisterande busetnad omfattar godt over hundre bustandar, vil konsekvensane av utbygginga vere særskilt små.

*Konsekvens for busetnad: 0*

### **9.2. Born og unge sine interesser**

#### **Dagens situasjon**

Det er ikkje gjort registreringar av born og unge sin bruk av området. Det er stor grunn til å tro at friområdet langs strandsona vert nytt av born og unge i bustadfeltet. Det ligg fleire

opparbeida ballplassar og leikeareal innanfor denne sona. Det er også barnehagar i området som nyttar seg av områda innanfor planen. Det er i seinare tid søkt om å få opparbeida ein gapahuk nord i friområdet. Ettersom planen berre inneholder små areal som vert omdisponert til byggeareal, har ein ikkje funne grunnlag for vidare registrering i denne planprosessen.

### Konsekvensar

Utbyggingsområder påverkar ikkje områder som er særleg brukt av born. Tilrettelegging for friluft er positivt for folk i alle aldrar (sjå eige kapittel om friluftsliv). Nye regulerte bustadområder gjev maks 15 nye bustadar, noko som ikkje vil ha merkbar effekt i form av trafikk på skuleveg, skuleplassar e.l. Eksisterande leikeplassar vert oppretthaldt, det same gjeld eksisterande grøntareal. Ny turveg vil så langt råd er vere tilrettelagt for alle, slik at den vil vere godt eigna for turar med born. Den nye turvegen vil gjere områda langs strandsona meir tilgjengelege, og lettare framkomelige for born og unge.

*Konsekvens for born og unge: +1*

## 9.3. Veg og trafikktryggleik

### Dagens situasjon

Planområdet er i all hovudsak ferdig utbygd med tanke på busetnad, og har eksisterande infrastruktur. Innanfor eksisterande regulerte område er vegar og infrastruktur vidareført med mindre endringar for tilpassing til dagens opparbeidde situasjon. Innanfor landbruksareala er det fleire av vegane som ikkje held dagens krav til standard på køyrebreidd og fortau.

### Konsekvensar

Vegane er regulert med breidd i samsvar med Statens vegvesen si handbok 017. Det er ikkje stilt rekkefølgjekrav knytt til utbygging av veg, då ny utbygging i planområdet er minimal. Sjølv om det vert bygd ut maksimalt av det planen opnar for, vil trafikkauken vere for liten til å stille krav til å utbetra infrastruktur. Reguleringsplanen gjev *mogelegheit* for utviding av veg, men stiller ingen krav om det skal gjennomførast.

*Konsekvens for veg og trafikktryggleik: 0*

## 9.4. Landskap, arkitektur og estetikk

### Dagens situasjon

Landskapet i planområdet er relativt flatt og småkuppert. I det utbygde området er det stigning frå sjøen og opp mot vest. Det er ikkje gjort noko særskild vurdering av arkitektur og byggeskikk innanfor området.

### Konsekvensar

Bygging av nye bustadar knytt til eksisterande tun kan ha stor påverknad på opplevinga av tun og ev. kulturmiljø. Det er krav om detaljregulering for nye bustadar i område for frittliggende busetnad. Det er i føresegndene krav om at ny busetnad skal tilpassast eksisterande tunskipnad og byggeskikk. Dette kravet må vidareførast i detaljreguleringa.

*Konsekvens for landskap, arkitektur og estetikk: 0*

## **9.5. Strandsone**

### **Dagens situasjon**

Strandsona er i stor grad tilgjengeleg for ålmenta per i dag. Arealet langs sjøen er i hovudsak anten landbruksareal eller friområde. Delar av strandområda er vokse til med skog og kratt og er på deler av strekninga uframkomeleg. Det er også strekningar med bratte knausar rett ned i sjøen. Det er enkelte bustader, naust og fritidsbustadar langs stranda.



### **Konsekvensar**

Planen opnar for utbygging av 5 nye naust innafor funksjonell strandsone. Med etablering av turveg vil strandsona verte lettare tilgjengeleg for alle, men det vert også eit inngrep i strandsona. Ein vil prøva å gjera inngrepa så skånsame som mogleg, og tilpassa traseen til terrenget. Ein turveg i dette området vil gjera heile strekninga meir tilgjengeleg for ålmenta, og det vil gje ein flott turveg i nærområde til eit stort bustadfelt noko som kan fremme friluftsaktivitetene og folkehelsa.

*Konsekvensar for strandsone: 0*

## **9.6. Naturmiljø**

### **Dagens situasjon**

I planområdet er ei rekke naturkvalitetar. Dvergålegraset i Sævarhagsvikjo er mest sannsynleg utgått, men det er framleis større områder som kan vere vekseplass for vanleg ålegras. Sævarhagsvikjo og områda nord for Hovaneset er raste- og ynglelass for fleire fugleartar. Særleg er Sævarhagsvikjo ein viktig ornitologisk lokalitet, som har besøk av ei rekke ulike artar i løpet av året. Det er også fleire fugleartar som nyttar landbruksareala og skogsområda i planområdet.

Hovaneset er registrert med naturtype beitemark. Området har eit stort biologisk mangfald, og er særleg rikt på beitemarkssopp med ei rekke funn av raudlista artar.

Naturtype- og artsområde er i gjeldande kommuneplan synt med omsynssone for naturmiljø, med krav at det ikkje skal setjast i verk tiltak som kan skade naturtypane.

### **Konsekvens**

Naturtype- og artsområda er synt med omsynssone med avgrensing tilsvarende grensene frå naturbase. Innafor omsynssonene skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan skade naturtypen eller artsmangfaldet. Det er krav om vurdering etter naturmangfaldlova om det likevel vert sett i verk tiltak i desse områda.

To nye mindre byggeområder for naust er i konflikt med registrert artsområde. Dette er artsområde med verdi C (lokalt viktig). Naustområda som er lagt inn ligg i utkanten av dette området. Auka ferdslle på ny turveg kan ha effekt på naturmangfaldet, men det kan og vera ein fordel å kanalisera ferdsla på ein trase. Dersom det vert for mykje trakk utanom turvegen kan det verke negativt på bl.a. beitemarkssopp i beitemarksområdet, sjølv om artane her er relativt tolerante for tråkk. Dersom fuglane vert for mykje forstyrra, særleg i sårbare periodar, kan auka ferdslle medføre reduksjon av fugleaktivitet.

Føreslått trase for turveg er dels lagt med noko avstand til strandsona, nettopp for å redusere graden av forstyrring for fuglane. Oppleving av fuglelivet kan også vekke interesse for ornitologi og naturen generelt hjå både vaksne og born, noko som i eit større perspektiv vil vere positivt for naturmangfaldet. Langs delar av Sævarhagsvikjo ligg stien ganske nære strandkanten. Dette for å gå i kanten av den dyrka marka, og gjere det lettare å gjerda mot beitemark. Her er det på delar av strekninga sivvegetasjon og tre mellom stien og strandkanten, og dette vil fungere som skjerming mot fugleområde. Det er viktig at denne vegetasjonen vert oppretthaldt. På nordsida er stien ført bort frå strandkanten, dette er dels på grunn av praktiske og naturgevne forhold, men også for å unngå at fuglane vert forstyrra frå både sør (båthamna) og nord.

*Konsekvens for naturmangfaldet: -1*

## **9.7. Landbruk**

### **Dagens situasjon**

Storparten av dei ubebygde delane av planområdet er landbruksareal, og er i kommuneplanen synt som LNF- område og omsynssone landbruk. Det er aktiv drift anten av eigar sjølv eller ved bortleige på det meste av produktivt areal.

### **Konsekvens**

Større samanhengande området med fulldyrka jord er regulert med føremål jordvern, medan resterande areal har føremål landbruk. Område med beitemark på Hovaneset har fått føremål naturføremål av LNF.

For den enkelte gardbrukar kan reguleringa gje strengare restriksjonar, ettersom føresegnene har noko strengare føringar enn for ordinært landbruksføremål. Med omsyn til sikring av landbruksjorda for matproduksjon vil reguleringa derimot gje større tryggleik. Planen sikrar mot nedbygging av viktige landbruksområde.

Turvegen vil gå i kanten av dyrka mark, det vert gjerde mot dyrka mark og beiteområde. Auka ferdslle kan opplevast som ei ulempe for dei som driv jorda. Det er ei føresetnad at t.d. grinder vert sikra slik at beitedyr ikkje kjem seg ut, og ein må forvente at reglar om bandtvang i hundelova vert fylgt av dei som nyttar turvegen. Det er frå før ferdslle over og langs dyrka mark i området, ei kanalisering av ferdslle kan gje mindre slitasje på areala rundt. I hovudsak er turvegen lagt i utkanten av den dyrka marka, dette for å redusere fragmentering av landbruksarealet. Ein kjem ikkje utanom at stien må krysse dyrka mark, denne kryssinga er dels lagt til område med skog og beitemark og rører berre i mindre grad areal som vert hausta.

*Konsekvens for landbruksproduksjon: +1*

*Konsekvens for gardsdrift: -1*

## **9.8. Friluftsliv og grøntstruktur**

### **Dagens situasjon**

Areal mellom strandsona og bustadfelt er i eksisterande reguleringsplan regulert som friområde. Desse er nytta til leik og rekreasjon for bebruarane i området. Det er også badeplassar langs strandsona. Området frå båthamna og til Haga er relativt mykje nytta som turområde, og eit populært område for fugleinteresserte.

### **Konsekvens**

Eksisterande friområde vert oppretthalde. I planen er det regulert turveg frå Rommetveit båthamn og til Klingenbergkaien. Langs traseen kan ein oppleve både fugleliv, kulturlandskap og kulturminner samt nærleiken til sjøen. Turvegen vil så langt råd gjerast tilgjengeleg for alle, og strandsona vert då meir tilgjengeleg og framkomeleg.

*Konsekvens for friluftsliv: +2*

## **9.9. Kulturminne og kulturmiljø**

### **Dagens situasjon**

Det er registrert sju automatisk freda kulturminne innafor planområdet. Dei fleste er gravminne frå bronsealder – jernalder samt eitt båtstø-anlegg frå middelalderen. Den tidligare dampskipskaien som har hatt ulike servicefunksjonar i tilknyting til handelstaden Seminariet, lengst nord i planområdet, er ein del av bygningsmiljøet frå kring 1915 og med i bygningsvernplanen. Den gamle dampskipsbygningen som stod på kaien vart teken av ein storm for fleire år sidan og er ikkje bygd opp att.

### **Konsekvens**

For området på Hovaneset er det opna for tilrettelegging for framsyning av kulturminna etter ein nærmare plan for området. Dersom ein ved planlegging av området finn at ein vil gjere inngrep i/ opne opp kulturminna vil dette krevje eigen søknad til kulturminnemynda. Framsyning av kulturminne kan vere med å auke kunnskap og interesse hjå ålmenta, og det vert evt ei vurderingssak kva som gjev størst verdi av å tilrettelegge eller bevare.

Bygningane i bygningsvernplanen er synt med omsynssone for kulturmiljø. Det er ikkje opna for tiltak som kjem i konflikt med desse verdiane.

Landbruksområda og kulturlandskapet er også omtala i kommunen sin kulturminneplan. Ivaretaking av landbruksområda og den grøntkorridoren som landbruksarealet utgjer er eit av hovudføremåla med planen. Samtidig er det eit ynskje å ta vare på eksisterande tunskipnad slik at opplevinga av denne ikkje vert forringa i dei områda det er opna for fortetting.

Status for kulturminne og kulturmiljø vert ikkje endra i planen.

*Konsekvens: 0*

## **9.10. Støy/ureining**

### **Dagens situasjon**

Det er ikkje registrert ureina grunn innafor planområdet. I sjøområda utanfor er det enkelte utslepp frå offentlege avlaupsanlegg, og det er registrert tilfelle av dårlig miljøtilstand på botn. Det er ikkje gjort undersøkingar knytt til støy, men ingen av bustadområda i planen ligg nær sterkt trafikkerte vegar eller andre støykjelder.

### **Konsekvens**

Utbygginga vil gje ei beskjeden auke i antall PE (personekvivalentar) frå eksisterande avlaupssystem. Dette vil ha minimal påverknad i høve til eksisterande utslepp i god sjøresipient. Ingen bustadar vil kome nærmare veg med stor trafikk enn dagens situasjon, og utbygginga vil heller ikkje gje trafikkuke som endrar støysituasjonen for eksisterande bustadar.

*Konsekvens: 0*

## **9.11. Vatn, avlaup og overvasshandtering**

### **Dagens situasjon**

Området er utbygd med kommunalt vatn- og avlaupsanlegg.

### **Konsekvens**

Utbygginga gjev ikkje behov for oppgradering eller utviding av eksisterande anlegg, planen medfører ingen endringar ut over tilkopling for den enkelte tomta.

*Konsekvens: 0*

## **9.12. Renovasjon**

### **Dagens situasjon**

Renovasjon i Stord kommune vert utført av SIM (Sunnhordland interkommunale miljøverk) der bebuarane i einebustadar normalt set fram dunk på hentepllass ved veg på hentedag.

### **Konsekvens**

Utbygging i medhald av planen vil gje nokre få ekstra abonnentar, elles vil ikkje planen ha noko konsekvens for renovasjon.

*Konsekvens: 0*

## **9.13. Universell utforming**

### **Dagens situasjon**

Universell utforming er fyrst og fremst aktuelt i høve til friluftsliv. Per i dag er det ikkje areal som er gjort tilgjengeleg for rørslehemma eller tilrettelagd for synshemma i området.

### **Konsekvens**

For bustadområda vil gjeldande teknisk forskrift regulere krav til tilgjenge.

Det faktum at området i stor grad allereie er utbygd med bustadar og naust, gjer at det er få alternativ til plassering av turvegen. Terrenget og utbygging gjer at det ikkje er mogeleg å etablere turveg med universell utforming for heile strekninga. Mest sannsynleg er dette berre mogeleg frå Sævarhagsvikjo og fram til der bustadområdet i planen startar (Haga). På denne strekninga skal ein så langt råd er tilrettelegge både for rørslehemma og svaksynte. Ideelt sett ville ein hatt heile turvegen med universell utforming, men med ei delstrekning vert det likevel betring i høve til dagens situasjon.

*Konsekvens: +1*

## **9.14. Samfunnstryggleik og beredskap**

### **Dagens situasjon**

I ROS-analysen for Stord og Fitjar vert det kommenterer at det kun er ein tilkomstveg inn til bustadområdet Øklandsfeltet. Dette kan vera sårbart ut ifrå samfunnstryggleik og beredskap.

## **Konsekvens**

Det er ikkje tiltak i planen som i særleg grad endrar situasjonen i høve til samfunnstryggleik eller beredskap. Med nokre fleire bustadar vil det vere noko fleire menneske som kan ha behov for tenester frå brannvesen, politi eller ambulanse. Tiltaka i planen gjev ikkje noko auka risiko ut over potensialet for ei beskjeden auke i folketal for området.

*Konsekvens: 0*

## 9.15. Oppsummering KU

Ettersom planen berre har relativt små endringar i høve til dagens situasjon er det vurdert at den har ingen eller liten konsekvens for dei fleste felt. Tilrettelegging av tursti gjev positiv konsekvens for friluftsliv og ålmenta si tilgjenge til strandsona. For naturmiljøet vil det vere noko negativ konsekvens fordi auka ferdslle medfører forstyrring av fugleområde og nokre nye naust i området vil vera med på å bygga ned urørt natur. Landbruket kan få både positive og negative konsekvensar av områdereguleringa. Sikring av landbruksareal er udelt positivt, men tap av areal ved etablering av sti og auka trakk som det kan medføre vil vere negativt for dei rørte eigedommane.

Tabell 1 Oppsummering av konsekvensutgreiing

| Tema                               | Konsekvens |   |    |
|------------------------------------|------------|---|----|
| Busetnad                           |            | 0 |    |
| Born og unge sine interesser       | +1         |   |    |
| Veg og trafikktryggleik            |            | 0 |    |
| Landskap, arkitektur og estetikk   |            | 0 |    |
| Strandsone                         |            | 0 |    |
| Naturmiljø                         |            |   | -1 |
| Landbruk                           | +1         |   | -1 |
| Friluftslive og grøne interesser   | +2         |   |    |
| Kulturminne og kulturmiljø         |            | 0 |    |
| Støy/ureining                      |            | 0 |    |
| Vatn, avlaup og overvasshandtering |            | 0 |    |
| Renovasjon                         |            | 0 |    |
| Universell utforming               | +1         |   |    |
| Samfunnstryggleik og beredskap     |            | 0 |    |

## 9.16 Avbøtande tiltak

For å avbøta på dei negative konsekvensane for landbruksdrifta er det føreslått å setta opp gjerde langs turvegtraseen. Dette må skje i nært samarbeid med gardbrukarane langs traseen for å få ein ordning som fungerer best mogleg i lag med drifta av gardsbruka. Det er også føreslege å setja opp informasjonsskilt i starten av traseen til informasjon for turgåarane.

## 10. ROS

### METODE FOR ROS

#### I Norsk Standard NS5814 vert risiko definert slik:

«Uttrykker den fare som hendelser/ tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for og konsekvenser av de uønskede hendelsene.»

#### Kriterium for sannsyn og konsekvens

Det er nytta same kriteria og inndeling av uønskte hendinger i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS - analysen. Intervall og kriterium er oppdatert slik at dei stettar krava i teknisk forskrift (Tek 10). Hendingane vert vurdert ut frå sannsyn for og konsekvens av hendinga. Følgjande definisjonar er lag til grunn:

**Sannsynsgrad** for dei uønska hendingane vert rangert etter antatt frekvens (hyppigheit):

|                  |  |
|------------------|--|
| Svært sannsynleg | (5) Meir enn ei hending kvart 20 år  |
| Sannsynleg       | (4) Mindre enn ei hending kvart 20 år, men meir enn ei hending kvart 200 år.   |
| Noko sannsynleg  | (3) Mindre enn ei hending kvart 200 år, men meir enn ei hending kvart 1000 år. |
| Lite sannsynlig  | (2) Mindre enn ei hending kvart 1000 år, men meir enn ei hending kvart 5000 år |
| Usannsynlig      | (1) Mindre enn ei hending kvart 5000 år.                                       |

**Konsekvensane** av dei uønska hendingane vert rangert som følgjer:

| KONSEKVENT          | VEKT | MENNESKE<br>(LIV OG HELSE)   | YTRE MILJØ<br>(LUFT, JORD, VATN...)  | MATERIELLE<br>VERDIAR               |
|---------------------|------|--|--|-------------------------------------|
| Katastrofal         | 5    | Meir enn 5 døde, eller 25 alvorleg skada. (KBP nivå 3)   | Varig større skade på ytre miljø   | Skade for meir enn 50 mill. kr      |
| Kritisk             | 4    | Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorleg skada personer. (KBP nivå 2)  | Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø eller mindre alvorleg skade men av stort omfang på ytre miljø. | Skade mellom 5 mill. og 50 mill. kr |
| Alvorleg/<br>farleg | 3    | Inntil 10 alvorlege personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråvær.<br>Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2) | Store skader på ytre miljø men som vil utbetraast på sikt.   | Skade mellom 500 000 og 5 mill. kr  |
| Ein viss fare       | 2    | Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, evt. kortare sjukefråvær. (KDP nivå 1)   | Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.                                     | Skade mellom 50 000 og 500 000 kr   |
| Ubetydelig          | 1    | Ingen eller små personskader. (KDP nivå 1)   | Ingen eller ubetydelig skade på ytre miljø.  | Skade for inn til 50 000 kr.        |

Tilhøve i raudt felt



Medfører uakseptabelt risiko. Her **skal** risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det gjennomførast meir detaljerte ROS analyser for ev. å avkrefte risikonivået.

Tilhøve i gule felt



ALARP-sone, dvs. avbøtande tiltak skal/bør gjennomførast for å redusera risikoen så mykje som råd. (ALARP = AS Low As Reasonable Practicable). Det vil ofte vera naturleg å leggja ein kost- nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire risikoreduserande tiltak.

Tilhøve i grøne felt



I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal/bør gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderinger.

| RISIKOMATRISE |            |        |        |        |        |        |
|---------------|------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| SANNSYN       | S5         | Yellow | Red    | Red    | Red    | Red    |
|               | S4         | Yellow | Yellow | Red    | Red    | Red    |
|               | S3         | Green  | Yellow | Yellow | Red    | Red    |
|               | S2         | Green  | Green  | Yellow | Yellow | Red    |
|               | S1         | Green  | Green  | Green  | Yellow | Yellow |
|               |            | K1     | K2     | K3     | K4     | K5     |
|               | KONSEKVENS |        |        |        |        |        |

## ROS – Evaluering

ROS – analysen danner grunnlaget for vurderingar av risiko og sårbarheit for planområdet.

| Hendingar / situasjon  | Aktuelt | Sanns. | Kons. | Risiko | Kommentar/Tiltak  |
|--|---------|--------|-------|--------|---|
| <b>Natur og miljøforhold</b>   |         |        |       |        |   |
| <i>Ras/Skred/flom/grunnforhold. Er området utsatt for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i> |         |        |       |        |   |
| 1. Masseras/-skred   | Nei     |        |       |        | -   |
| 2. Steinsprang   | Nei     |        |       |        | -   |
| 3. Masseras vegfyllingar   | Nei     |        |       |        | -   |
| 4. Snø/-isras  | Nei     |        |       |        | -   |
| 5. Flaumras  | Nei     |        |       |        | -   |
| 6. Flaum   | Nei     |        |       |        | -   |
| 7. Økt vasstand  | Nei     |        |       |        |   |
| 8. Tidevassflaum   | Nei     |        |       |        |   |
| 9. Radongass   | Nei     |        |       |        | -   |
| <i>Vær og vindeksponering. Er området spesielt:</i>  |         |        |       |        |   |
| 10. Vindutsett   | Nei     |        |       |        |   |
| 11. Utsett for unormal nedbør og/eller vind  | Nei     |        |       |        | Området er ikkje utsatt for unormal nedbør/vind.  |
| <b>Natur- og kulturområde</b>  |         |        |       |        |   |
| 12. Sårbar flora   | Ja      | 4      | 2     | 4,2    | <i>Beitemarksområde på Hovaneset. Auka ferdsle kan påverke flora.</i>   |
| 13. Sårbar fauna/fisk  | Ja      | 4      | 2     | 4,2    | <i>Fugleområder. Auka ferdsle kan påverke fuglane sin bruk av området negativt.</i>   |
| 14. Verneområde  | Nei     |        |       |        |   |
| 15. Vassdragsområde  | Ja      | 3      | 1     | 3,1    | <i>Sjøareal og mindre bekkar. Planen har ingen sannsynlege negative konsekvensar for vassdrag.</i>                          |
| 16. Fornminne (afk)  | Ja      | 4      | 1     | 4,1    | <i>Fleire kulturminne i planen, desse er sikra med bandleggingssoner. Auka ferdsle gjev likevel auka fare for slitasje.</i> |
| 17. Kulturminne/-miljø   | Ja      | 3      | 1     | 3,1    | <i>Det er i planen forsøkt å ivareta eksisterande tunskipnad og bygningsmiljø frå bygningsvernplanen.</i>                   |
| <b>Menneskeskapte forhold</b>  |         |        |       |        |   |
| <i>Strategiske område og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>                        |         |        |       |        |   |
| 18. Vei, bru, knutepunkt   | Nei     |        |       |        |   |
| 19. Hamn, kaianlegg  | Nei     |        |       |        |   |
| 20. Sjukehus/-heim - kyrkje  | Nei     |        |       |        | -   |

|  |     |   |   |     |   |
|--|-----|---|---|-----|---|
| 21. Skule/barnehage  | Nei |   |   |     | <i>Bustadutbygging kan gje økning i elevtal ved skular og barnehagar, men av relativt liten betydning.</i>                                  |
| 22. Brann, politi, sivilforsvar  | Nei |   |   |     | -   |
| 23. Kraftforsyning   | Nei |   |   |     | -   |
| 24. Vassforsyning  | Nei |   |   |     | -   |
| 25. Forsvarsområde   | Nei |   |   |     | -   |
| 26. Tilfluktsrom   | Nei |   |   |     | -   |
| 27. Område for idrett/leik   | Nei |   |   |     |   |
| 28. Rekreasjonsområde  | Ja  | 3 | 1 | 3,1 | <i>Planen omfattar endringar av stinett og rekreasjonsområde. Andre tiltak har ingen sannsynleg effekt for rekreasjonsområda.</i>           |
| 29. Område for friluftsliv   | Ja  | 3 | 1 | 3,1 | <i>Sjå pkt. 28</i>  |
| 30. Område for landbruk  | Ja  | 3 | 1 | 3,1 | <i>Store delar av planområdet er landbruk. Det er liten sjanse for vesentlege negative konsekvensar for landbruket som følge av planen.</i> |
| <i>Forureiningsskilde som finnes i dag, og som råkar planområdet:</i>            |     |   |   |     |   |
| 31. Akutt forureining  | Nei |   |   |     |   |
| 32. Permanent forureining  | Nei |   |   |     |   |
| 33. Støv og støy frå industri  | Nei |   |   |     |   |
| 34. Støv og støy: trafikk  | Nei |   |   |     |   |
| 35. Støv og støy: andre kjelder  | Nei |   |   |     |   |
| 36. Forureina grunn  | Nei |   |   |     | <i>Det er ikkje registrert ureina grunn i eller like ved planområdet.</i>   |
| 37. Forureining i sjø  | Nei |   |   |     |   |
| 38. Høgspentlinje (em stråling)  | Nei |   |   |     | <i>Det er ikkje høgspentlinjer i eller i nærleiken av planområdet.</i>  |
| 39. Risikofylt industri mm. (kjemikalier/eksplosiver, olje/gass, radioaktivitet) | Nei |   |   |     | -   |
| 40. Avfallsbehandling  | Nei |   |   |     | -   |
| 41. Oljekatastrofeområde   | Nei |   |   |     | -   |
| <i>Forureiningsskilde / faktorar som følge av planen:</i>                        |     |   |   |     |   |
| 42. Fare for akutt forureining   | Nei |   |   |     |   |
| 43. Permanent forureining  | Nei |   |   |     |   |
| 44. Støv og støy frå andre kjelder   | Nei |   |   |     |   |
| 45. Forureining i sjø  | Ja  | 3 | 1 | 3,1 | <i>Ureining frå småbåthamner</i>  |

|  |     |  |  |  |  |
|--|-----|--|--|--|--|
| 46. Risikofylt industri mm<br>(kjemikalie/eksplosiver,<br>olje/gass, radioaktivitet) | Nei |  |  |  |  |
| <i>Transport. Er det risiko for:</i>   |     |  |  |  |  |
| 47. Ulykke med farlig gods   | Nei |  |  |  |  |
| 48. Vær/føre avgrensar<br>tilgang til området  | Nei |  |  |  |  |
| <i>Trafikktryggleik</i>  |     |  |  |  |  |
| 49. Møteulykker  | Nei |  |  |  |  |
| 50. Ulykke i av-/påkjørsler  | Nei |  |  |  |  |
| 51. Ulykke med<br>gående/syklande  | Nei |  |  |  |  |
| 52. Viltpåkjørsler   | Nei |  |  |  |  |
| 53. Utforkjøringsulykker   | Nei |  |  |  |  |
| 54. Havari i tunnel  | Nei |  |  |  |  |
| 55. Personskadeulykker i<br>tunnel   | Nei |  |  |  |  |
| 56. Brann i tunnel   | Nei |  |  |  |  |
| <i>Andre forhold</i>   |     |  |  |  |  |
| 57. Sabotasje og<br>terrorhandlingar   | Nei |  |  |  |  |

## **11. Vedlegg**

1. Naturtyper og arter innanför planområdet

## Naturtypar og artar innanfor planområdet


## Vedlegg 1

| Omsynssone i plankart | Naturbaseobjekt id | Verdikode | Naturtype  |
|-----------------------|--------------------|-----------|--|
| H560_1                | BA00033740         | C         | Yngleområde for tjeld, rasteområde for måke- alke- og vadefugl |
|                       | BA00033739         | A/B/C     | Raste- og yngleområde for andefugl, vade-, måke- og alkefugl   |
|                       | BN00032907         | B         | Ålegrassamfunn   |
|                       | BN00072795         | C         | Ålegrassamfunn   |
|                       | BN00072796         | C         | Ålegrassamfunn   |
|                       | BN00041875         | A         | Naturbeitemark   |
|                       | BN00058173         | A         | Blautbunnsområde i strandsona                                  |
|                       |                    |           |  |
| H560_2                | BN00058172         | A         | Blautbunnsområde i strandsona                                  |
|                       |                    |           |  |
| H560_3                | BN00058174         | A         | Blautbunnsområde i strandsona                                  |
|                       | BN00072793         | C         | Ålegrassamfunn   |

### Omssynssone H560\_1:

Naturtype område BA00033739- Raste- og yngleområde for andefugl, vade-, måke- og alkefugl

Naturtype område BA00033740- Yngleområde for tjeld, rasteområde for måke- alke- og vadefugl




### **Omssynssone H560\_1:**

Naturtype område BN00032907- Ålegrassamfunn

Naturtype område BN00072795- Ålegrassamfunn


Naturtype område BN00072796- Ålegrassamfunn

Naturtype område BN00058173- Bløtbunnsområde i strandsona




### **Omssynssone H560\_1:**

Artsområde BA00041875- Naturbeitemark



**Omsynssone H560\_2:**


Naturtype område BA00058172- Bløtbunnsområder i strandsona




**Omsynssone H560\_2:**

Naturtype område BN00058174- Bløtbunnsområde i strandsona

Naturtype område BN00072793- Ålegrassamfunn





# **REGULERINGSFØRESEGNER**

**Områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen – Haga – Nedre Økland, Stord kommune  
Plan ID: 201308**

## **§ 1 REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innafor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

Område for bygningars og anlegg pbl § 12-5.1

- Bustader – frittliggjande småhus (1111)
- Bustader- konsentrert småhus (1112)
- Garasjeanlegg for bustad (1119)
- Offentleg eller privat tenesteyting (1160)
- Vass og avløpsanlegg (1540)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)
- Uthus/naust/badehus (1589)
- Andre særskilt angitte bygningars og anlegg (1590)
- Leikeplass (1610)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur pbl § 12-5.2

- Veg (2010)
- Fortau (2012)
- Gangveg/gangareal (2016)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (2018)
- Annan veggrunn – grøntareal (2019)
- Kai (2041)
- Parkeringsplassar (2082)

Grøntstruktur pbl. § 12-5.3

- Turveg (3031)
- Friområde (3040)
- Vegetasjonsskjerm (3060)

Landbruks-, natur og friluftsområde samt reindrift pbl. § 12-5.5

- LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næring basert på resursgrunnlaget på garden (5100)
- Landbruksformål (5110)
- Spreidde bustadar (5210)
- Spreidd fritidsbusetnad (5220)
- Jordvern (5400)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone pbl. § 12-5.6

- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6720)

Omsynssoner i reguleringsplan pbl. § 12-6

- Frisiktoner (140)
- Bevaring naturmiljø (560)
- Bevaring kulturmiljø (570)
- Bandlegging etter lov om kulturminner (730)

Bestemmelseområde pbl. § 12-7

- Anlegg- og riggområde (#1)

## **§ 2 FELLES FØRESEGNER**

2.1 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar som kan ha kulturhistorisk verdi må arbeida straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for nærmare granskning på staden, jf. Kulturminnelova § 8. 2.ledd.

### **2.2 Krav om detaljregulering**

For områda BF1-BF2, SB1 og SB2 er det krav om detaljregulering før utbygging.

Dei viste naustområda, enkelttomtar i byggeområde for bustader og spreidd utbygging, turstien og vegar med tilhøyrande anlegg kan byggjast ut med heimel i denne områdeplanen.

### **2.3 Krav til søknad**

Ved søknad om løyve til tiltak, jf. § 2.2, skal det i situasjonsplan med høveleg målestokk, på ein eintydig måte, visa tiltaket/bygninga og anlegg si plassering og utforming med kotehøgd for opparbeidd terrengr. Flater skal vere målsett. Søknaden skal elles vise:

- a) Tiltaket si plassering, utforming og tilpassing.
- b) Opplysning om byggehøgder og m<sup>2</sup> BRA.
- c) Tilkomst og parkering.
- d) Anlegg for renovasjon, belysning og tilkoplingspunkt til tekniske anlegg/leidningsnett, kablar.
- e) Dokumentasjon for universell utforming.

### **2.4 Universell utforming**

Prinsipp om universell utforming skal leggjast til grunn ved opparbeiding av bygg, utomhusanlegg, tilkomst til husvære og parkering innanfor planområdet. Byggesøknader skal dokumentera at byggeteknisk forskrift sine krav til universell utforming kan oppfyllast.

### **2.5 Energibruk**

Energibruk og energieffektivitet for bygningane i planområdet skal vere i samsvar med krav i byggeteknisk forskrift.

### **2.6 Parkering**

| Føremål               | Eining   | Krav til bilparkering   | Krav til sykkelparkering |
|-----------------------|--|---|--------------------------|
| Frittliggjande småhus | Pr einebustad  | 2pl; ved etablering av carport/garasje, må det etablerast tillegg av 1pl utandørs.<br>1pl | 2pl<br>1pl               |
|                       | Pr sekundærhusvære   |   |                          |
| Konsentrert småhus    | Pr bueining <90m <sup>2</sup><br>Pr bueining >90m <sup>2</sup> | 1pl<br>1,5pl  | 2pl                      |

Det skal dokumenterast i byggemelding at krav til parkering er oppfylt.

### **2.7 Vegetasjon og landskap**

Ved tilplanting av utbyggingsområde og vegkantar skal det ikkje nyttast giftige planter, og heller ikkje framande artar som finnes på den norske svartelista.

### **2.8 Krav til uteareal og leikeplassar**

MUA – uteopphaldsareal:

| Føremål                 | Eining  | Krav til MUA   |
|-------------------------|---|--|
| Frittliggende<br>småhus | Pr einebustad<br>Pr sekundærhusvære                                     | 150 m <sup>2</sup><br>25 m <sup>2</sup>  |
| Konsentrert<br>småhus   | Pr bueining over 60m <sup>2</sup><br>Pr bueining under 60m <sup>2</sup> | 50m <sup>2</sup><br>25m <sup>2</sup><br>Ikkje overbygde terrassar/ takterrassar kan reknast som del av uteopphaldsarealet. |

Leikeplassar:

For nye områder skal det i tillegg innanfor 50 m fra bustaden vera godt eigna areal til sandkasseleikeplass på minimum 150 m<sup>2</sup>. Leikeplassen skal vera universelt utforma og innehalda minimum 2 leikeapparat, sandkasse, bord og benker

### § 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

- 3.1 Ved søknad om tiltak skal det liggja føre ei utgreiing av tiltaket sine estetiske sider i høve til seg sjølv, omgjevnadane og fjernverknad. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak innretta seg etter kotane i terrenget og ikkje bryta horisonten.  
Nye hus og tiltak på eksisterande bygg skal forholda seg til nabohusa, terrenget og landskapet og som hovudregel underordna seg eksisterande byggelinjer, volum, takform og gesims-/ mønehøgder.

- 3.2 Ved oppføring av murar, hekkar og liknande ut mot veg, må desse ikkje koma i konflikt med frisiktsona og ikkje vera nærmere regulert veggant enn 0,5 m.

#### 3.3 Område for bustad – frittliggjande småhus, BF1-BF52

- 3.3.1 Tiltak på eksisterande bygningar kan vurderast etter søknad i kvart einskild tilfelle.

- 3.3.2 Maks 30 % BYA.

Maks 200m<sup>2</sup>- BYA i tillegg til garasje på maks 50m<sup>2</sup>- BYA.

Garasje maks 70m<sup>2</sup>- BRA.

Garasje skal vera tilpassa bustadhuset.

Maks ei hovedeining og ei sekundæreining på kvar tomt.

- 3.3.3 Det er krav om detaljregulering før utbygging av område BF1 og BF2. Ny busetnad skal tilpassast eksisterande byggeskikk og tunskipnad.

#### 3.4 Område for bustad – konsentrert småhus, BK1-BK5

Maks 40 % BYA.

#### 3.5 Garasjeanlegg for bustad, GB

Området skal nyttast til garasje for gnr 24/272.

#### 3.6 Offentleg eller privat tenesteyting, T

Område skal nyttast til uteopphaldsareal til barnehage på gnr/bnr 25/94.

#### 3.7 Vass og avlaupsanlegg, VA1 – VA3

I område VA1 – VA3 er det høve til å etablera kommunaltekniske og andre tekniske anlegg eller utstyr som er naudsynt for å kunna oppretthalde teknisk drift.

Det kan leggjast til rette for parkering for naudsynt arbeid og vedlikehald på anlegga.

### **3.8 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag – SB1\_SB8**

- 3.8.1 Det er krav om detaljregulering før utbygging av områda SB1 og SB2.
- 3.8.2 I forlenging av kai/brygge kan det tillatast utlagt flytebrygge på inntil 15 m<sup>2</sup> med maks lengde 7 m og breidde 3 m. I tilknyting til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med lengde inntil 4 m og breidde inntil 1 m. (tbl § 11-11 nr. 2)

### **3.9 Uthus/naust/badehus – BUN1-BUN10**

- 3.9.1 Naust skal ha maks 40 m<sup>2</sup> grunnflate, ha saltak med takvinkel 35 – 45 grader, vera i maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgd 5,0 m over lågast terrenget under bygget, ha knappe takutstikk, ikkje ha takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning og tak skal vera som for tradisjonell naust. Naust skal berre brukast til tradisjonell bruk, ikkje til varig opphold.
- 3.9.2 I forlenging av kai/brygge kan det tillatast utlagt flytebrygge på inntil 15 m<sup>2</sup> med maks lengde 7 m og breidde 3 m. I tilknyting til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med lengde inntil 4 m og breidde inntil 1 m. (tbl § 11-11 nr. 2)
- 3.9.3 Oppføring av nye naust eller gjennomføring av tiltak på eksisterande naust skal ikkje kome nærmare sjøen enn eksisterande bygg. Tiltak skal ikkje gjere ålmenta si ferdslé i strandsona vanskelegare. Det er ikkje tillat å føra opp terrassar, plattingar, utegolv, leveggjar, gjerde, utepeisar eller liknande. (tbl § 11-11 nr. 2)
- 3.9.4 Antall nye naust tillat oppført på dei ulike områda

| Område | Antall nye naust |
|--------|------------------|
| UNB 3  | 2                |
| UNB 4  | 3                |
| UNB 5  | 1, gnr/bnr 24/67 |
| UNB 6  | 3                |
| UNB 8  | 1                |
| UNB 10 | 2                |

- 3.9.5 Ved oppføring av naust innanfor naustområda UNB 3 og UNB 4 må anleggsarbeidet gå føre seg i tidsperioden mellom 01. oktober til 01. mars av omsyn til fugleaktiviteten i området.

### **3.10 Andre særskilte angitte bygningar og anlegg, ASB1 – ASB3**

Område ASB1 – ASB3 skal nyttast til område for trafostasjonar.

### **3.11 Leikeplass, L1 – L15**

- 3.11.1 Områda f\_L1 – f\_L15 skal vera felles for bustadane i nærleiken.

- 3.11.2 Område L1-L11 er eksisterande leikeplassar. Leikeplassane kan opparbeidast med leikeapparat, sandkasse, bord og benkar og skal så langt råd er vera utforma universelt.

- 3.11.3 Område L12 – L14 er eksisterande ballplassar.

- 3.11.4 Område L15 er eksisterande leikeplass. Leikeplassen kan opparbeidast med leikeapparat, ballbinge, sandkasse, bord og benkar og skal så langt råd er vera utforma universelt.

## **§ 4 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **4.1 Veg, V1-V46**

- 4.1.1 o\_V1 - o\_V12 skal vera offentlege vegar.  
f\_V13- f\_V46 skal vera fellesvegar.
- 4.1.2 f\_V38 er tilkomst til naustområda UNB3 – UNB5.
- 4.2. **Fortau, F1-F7**  
Fortau o\_F1 – o\_F7 skal vera offentleg fortau.
- 4.3. **Gangvegar/gangareal, GV1-GV3**  
Gangveg o\_GV1 – o\_GV3 skal vera offentlege gangvegar.  
O\_GV3 skal vera køyrbar tilkomst til område for vatn og avlaupsanlegg o\_VA3.
- 4.4. **Anna veggrunn- teknisk anlegg, AVT1 - AVT6**
- 4.4.1 f\_AVT1 skal vera felles anna veggrunn.  
Arealet kan nyttas til biloppstilling for tilgrensande eigedomar og naust i området.
- 4.4.2 o\_AVT3 - o\_AVT6 skal vera offentlege anna veggrunn.  
Innan formålet er det høve til å setja opp murar og anlegg for andre tekniske innretningar som høyrer vegen til. Desse skal ikkje vera i strid med krava som er sett til frisiktsoner.  
Terrenginngrep som følge av veganlegg skal utførast skånsamt. Vegskjeringar og fyllingar skal handsamast på ein tiltalande måte.
- 4.4.3 Ved utviding av eksisterande veg kan vegtrase leggast i areal avsett til anna veggrunn. Fram til trase for ein ev utvida veg er klar skal arealet forvaltast som del av tilliggande arealføremål. Areal som ikkje vert nyttta som vegareal skal etter utviding gå tilbake til å fungere som del av tilgrensande føremål.
- 4.5. **Anna veggrunn- grøntareal, AVG1- AVG18**
- 4.5.1 Ved ei evt. utviding av eksisterande veg kan vegtrase leggast i areal avsett til anna veggrunn.  
Fram til trase for evt. utvida veg er klar skal arealet forvaltast som del av tilgrensande arealføremål.
- 4.5.2 o\_AVG16 - o\_AVG18 skal vera offentleg anna veggrunn.
- 4.6. **Parkering, P1 – P15**
- 4.6.1 o\_P1 – o\_P7 skal vera offentlege parkeringsplassar.
- 4.6.2 P8 og P9 har anna eigarform.
- 4.6.2 f\_P10 – f\_P15 skal vera felles parkeringsplassar for kringliggjande bustadeigedomar.
- § 5 GRØNTSTRUKTUR**
- 5.1. **Turveg, TV1-TV11**
- 5.1.1 I område o\_TV1 – o\_TV9 kan det opparbeidast turveg. Turvegen skal ha ein breidde på 2m og ha fast grusdekke. Turvegen skal i størst mogleg grad tilpassast landskapstrekk, vegetasjon og evt. steingardar. Turvegen skal detaljprosjekeertast.
- 5.1.2 o\_TV1 og o\_TV2 skal så langt råd er vera universelt utforma.
- 5.1.3 Ved opparbeiding av turveg i område o\_TV1 og o\_TV2 må anleggsarbeidet gå føre seg i tidspersonen mellom 01. oktober til 01. mars av omsyn til fugleaktiviteten i Sævarhagsvikjo.

- 5.1.4 Turvegen i område o\_TV2 kan nyttast som køyrbar tilkomst til naustområde UNB3 og UNB4 for av- og pålressing.
- 5.1.5 o\_TV1- o\_TV10 skal vera offentlege turvegar.
- 5.1.6 o\_TV10 kan opparbeidast i ein breidd på 1m og ha fast grusdekke. Turvegen skal detaljprosjekterast.
- 5.1.7 I område a\_TV11 kan det opparbeidast turveg i ein breidd på 2m. Turvegen skal ha fast grusdekke.

## 5.2 **Friområde, FRI1 – FRI31**

- 5.2.1 Områda innafor føremålet skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Det kan tilretteleggjast for ferdslle, opphald og leik med benkar, grillplassar o.l. etter nærmere søknad.

- 5.2.2 o\_FRI14 – o\_FRI31 skal vera offentlege friområde.

## 5.3 **Vegetasjonsskjerm, VS1 – VS6**

- 5.3.1 I områda VS1 – VS6 skal det ikkje førast opp bygg eller anlegg.

- 5.3.2 Område for vegetasjonsskjerm VS1, VS3, VS4 og VS5 skal fungera som ein skjerm mellom landbruksareal og tilgrensande busetnad. Områda kan tilplantast med buskar og tre.

- 5.3.3 Område for vegetasjonsskjerm VS2 skal fungera som ein skjerm mot tilgrensande busetnad. Områda kan tilplantast med buskar og tre.

- 5.3.4 Vegetasjonsskjerm o\_VS6 har offentleg eigarform. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast. Område kan tilplantast med buskar og tre.

## § 6 **LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL**

### 6.1 **LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksem basert på gardens ressursgrunnlag, LNF1- LNF3**

Området kan nyttast til landbruksverksem. Området kan etter søknad tilretteleggjast for ferdslle og for framsyning av kulturminne og kulturmiljø. Ved tiltak innafor området skal det takast omsyn til kulturmark og naturtypen beitemark. Det skal ikkje setjast i verk tiltak som reduserer verdien av naturtypen. Tilrettelegging skal skje i samarbeid med kulturmynde samt vurderast av fagkyndig innan kulturlandskap.

### 6.2 **Landbruk, LL1 – LL16**

- 6.2.1 Areala skal nyttast til landbruksaktivitet.

- 6.2.2 Eksisterande eigedomar som på plankartet er vist som LNF-område, men som er bebygd med bustadhús og dermed har fått ei arealavklaring, skal ha status som LNF-spreidd der tilbygg, påbygg, ombygging og oppføring av garasjar og bodar er tillat utan krav om reguleringsplan eller dispensasjonar. For eigedomane gjeld § 6.3.2.

### 6.3 **Spreidd bustad, LSB1 – LSB6**

- 6.3.1 Tiltak på eller knytt til eksisterande busetnad skal vurderast i kvart enkelt høve.

- 6.3.2 På eigedom som er utbygd med bustadhús kan det i LNF-område for spreidd bustadbygging etter enkeltvis søknad gjevast løyve til mindre tiltak (jf. PBL 2008 §§ 20-2 bokstav a og 20-3) i tunet. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet. Område lenger vekk enn 25 meter frå bustaden er ikkje å rekne

som del av tunet. Føresegna gjeld ikkje innanfor område avgrensa som funksjonell strandsone. Heimel: PBL § 11-11 nr. 2.

- 6.3.3 Ubygde tomter, gnr/bnr 23/52 og 23/53, kan byggast ut innanfor rammene av gjeldande kommuneplan.

#### 6.4 **Spreidd fritidsbusetnad, LSF1 – LSF3**

Tiltak på eksisterande bygningar kan vurderast etter søknad, innafor rammene av gjeldande kommuneplan.

#### 6.5 **Jordvern, LJ1 – LJ8**

- 6.5.1. Innafor område avset til jordvern kan det ikkje setjast i verk tiltak som gjer landbruksarealet mindre eigna for matproduksjon, eller har negativ påverknad på landbruksdrifta. Det er likevel tillat med jordforbetringstiltak etter søknad i samsvar med eksisterande regelverk. Tiltak på eksisterande bygningar og anlegg innafor føremålet kan vurderast etter søknad.
- 6.5.2. Tiltak som ikkje fell inn under 6.5.1 kan likevel tillatast dersom det etter ei landbruksfagleg vurdering kan godtgjera at arealet ikkje er eller kan bli fulldyrka, og det aktuelle tiltaket ikkje reduserer landbruksarealet sin produksjonsverdi.

### § 7 **FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG**

#### 7.1 **Friluftsområde i sjø og vassdrag, FL1 – FL2**

Områda skal vere ålment tilgjengeleg og kan nyttast til friluftsaktivitetar knytt til vatn.

### § 8 **OMSYNNSONER**

#### 8.1 **Frisiktsoner, H140\_1 – H140\_6**

Innanfor siktsona skal det ikkje vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars plan.

#### 8.2 **Omsynssone – bevaring naturmiljø, H560\_1 – H560\_3**

Innafor omsynssoner for bevaring naturmiljø skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan skade naturtypen eller naturmangfaldet. Det skal ved alle tiltak og all aktivitet takast omsyn til dei registrerte naturverdiane. Før ev tiltak vert sett i verk skal det gjerast ei vurdering i samsvar med naturmangfaldlova.

| Nr i plankart | Naturbaseobjekt | Naturtype  |
|---------------|-----------------|--|
| H560_1        | BA00033740      | Yngleområde for tjeld, rasteområde for måke- alke- og vadefugl |
|               | BA00033739      | Raste- og yngleområde for andefugl, vade-, måke- og alkefugl   |
|               | BN00032907      | Ålegrassamfunn   |
|               | BN00072795      | Ålegrassamfunn   |
|               | BN00072796      | Ålegrassamfunn   |
|               | BN00041875      | Naturbeitemark   |
|               | BN00058173      | Blautbotnsområde i strandsona                                  |
|               |                 |  |
| H560_2        | BN00058172      | Blautbotnsområde i strandsona                                  |
| H560_3        | BN00058174      | Blautbotnsområde i strandsona                                  |
|               | BN00072793      | Ålegrassamfunn   |

### **8.3 Omsynssone – bevaring kulturmiljø, H570\_1 – H570\_4**

8.3.1. Områda H570\_1 og 2 inneholder objekt omtala i kommunen sin kulturminneplan. Før det vert sett i verk tiltak på eller i tilknyting til desse objekta skal søknad leggast fram for kulturminnemynde for uttale.

8.3.2. Områda H570\_3 og H570\_4 inneholder eksisterande steingard som skal vernast.

| Nr i plankart | Gnr/bnr                     | Objekt  |
|---------------|-----------------------------|---|
| H570_1        | 23/149                      | Bustad/tidlegare bakeri/landhandel og bustad/skomakarverkstad |
| H570_2        | 23/7                        | Bustad/tidlegare post/ bakeri                                 |
| H570_3        | 23/1, 23/88, 23/84 og 23/69 | Steingard   |
| H570_4        | 23/1                        | Steingard   |

### **8.4 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730\_1 – H730\_7**

Områda er bandlagd etter kulturminnelova § 4.

Innanfor omsynssonene kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma dei automatisk freda kulturminna eller framkalla fare for at det skjer. Jf. Kulturminnelova § 3.

| Nr i plankart | Kulturminne ID | Objekt                             |
|---------------|----------------|------------------------------------|
| H730_1        | 55290          | Gravminne, jernalder               |
| H730_2        | 55289          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H730_3        | 60600          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H730_4        | 15869          | Gravminne, bronsealder - jernalder |
| H730_5        | 25604          | Gravminne, jernalder               |
| H730_6        | 35512          | Båtstø-anlegg, middelalder         |
| H730_7        | 45541          | Gravminne, bronsealder - jernalder |

## **§ 9 BESTEMMELSEOMRÅDER**

### **9.1 Anlegg- og riggområde, # 1**

Innafor bestemmelseområde #1 kan det etablerast turveg. Turvegen skal detaljprosjekterast og så langt råd er vere universelt utforma. Turvegen skal opparbeidast med breidde 2 meter og ha fast grusdekke.

## **§ 10 REKKEFØLGJEKRAV**

Før turvegen kan takast i bruk skal det gjerdast mot landbruksareala og beiteområda langs turvegen. Det skal også setjast opp skilt som informerer om kva type areal ein oppheld seg i. Dette skal utførast i samråd med gardbrukarane i området.